

Kulturrådets årsrapport

2019

Innhold:

1.	Direktørens fråsegn	6
2.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	10
3.	Aktivitetar og resultat	24
	Kunst og kultur over heile landet	28
	Norsk kulturfond	31
	Melding frå leiaren	34
	Norsk kulturfond i 2019	36
	Organisering	40
	Musikk	46
	Litteratur	52
	Scenekunst	60
	Visuell kunst	66
	Kulturvern	72
	Driftsstøtte	78
	Forsking og utgreiing	80
	Allmenne kulturføremål	82
	Rom for kunst	84
	Gjesteopphaldsstøtte for arenaer	86
	Aspirantordninga	87
	Tverrfaglege tiltak	88
	Kulturrådet sin ærespris	92
	Årskonferansen	93
	Framtidsutsiktene til Kulturfondet	94
	Statens kunstnerstipend	96
	Fond for lyd og bilde	114
	Amatørteater	128

Kunnskap og formidling	136
Forskning og utgreiing	138
Formidling og merksemd	146
Høyringar og innspel	150

Utvikle kunst- og kulturfeltet	152
Museumsutvikling	156
Prosjekt kulturøkonomi	162

Profesjonelt kunstnerisk virke	166
Kulturell og kreativ næring	168
Kompetanse- og entreprenørskap- programmet Ovasjon	174

Internasjonalt samarbeid og auka mangfald	176
Internasjonalt samarbeid	178
Auka mangfald	181

4. Styring og kontroll i verksemda	184
Effektiv drift, digitaliserings- og forbetningsarbeid	187
Testing av automatisering og robotisering	187
Digitalisering av tilskotsforvaltinga	189
Organisering	190
Arbeidsmiljø	190
Sjukefråvær	191
Turnover	191
Bemanning og personalforvalting	192
Likestilling og mangfald	192
Offentlege innkjøp – arbeidslivskriminalitet	193
Miljø	194
Personvern og beredskap	194

5.	Framtidsutsikter for Kulturrådet	196
6.	Rekneskap	200
	Årsregnskap Norsk kulturråd	202
	Årsregnskap Norsk kulturfond	216
	Årsregnskap Statens kunstnerstipend	224
	Årsregnskap Fond for lyd og bilde	238
	Spelemidler	244
	Tilskot frå speleoverskotet til Norsk tipping.	245
	Revisors beretning til prosjektrekneskap	246



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway

Mølleparken 2 / Postboks 8052 Dep / N-0031 Oslo / Tlf: +47 21 04 58 00
post@kulturradet.no / www.kulturradet.no
Utgitt av Kulturrådet 2020.

ISBN-nummer papir: 978-82-8105-147-8. ISBN-nummer pdf: 978-82-8105-148-5.

Redaksjon: Thomas Hansen, Torill Sørum, Mari Johansen
Produksjon: Bleed
Trykk: Maske

1

Dir

ektørens
fråsegn

Kampklar kultursektor



2019 blei eit år fylt av aktivisme og demonstrasjonar i ytringsfridomens og demokratiets teikn. Denne kampen kjem til å fortsetje i åra som kjem.

Kampen for grunnleggjande rettar har vore eit kjenneteikn i 2019. Det er ein kamp som har gått føre seg blant både demokratiforkjemparar i Hongkong og undertrykte kunstnarar i Europa. I fjor ga Freemuse ut rapporten *The State of Artistic Freedom 2019*, og han viste ein klar auke i talet på angrep på den kunstnariske fridomen. Me er vane med å tenkje på Europa som ei demokratisk leiestjerne, men rapporten viste at land som England, Tyskland og Spania skil seg negativt ut.

Det er eit press me merkar også her heime. Dei første månadene av 2019 var prega av debatten rundt teaterstykket «Ways of Seeing», som førte til sterke reaksjonar frå det politiske miljøet, og som til slutt førte til at ein justisminister måtte gå av. Likevel truga det ikkje sjølve *fridomen* til å ytre seg. Kunstnarane bak «Ways of Seeing» har fått både prosjektstøtte og kunstnarstipend frå Kulturrådet. Langt på veg kan me seie at systemet vårt fungerer. Då er eg langt meir uroleg for viljen til å ytre seg. Eg trur me krev for mykje av kunstnarane våre dersom prisen for den kontroversielle kunsten er eit vedvarande press frå både myndigheiter og media.

Også dei siste månadene av året var prega av ein debatt om kunstnarisk fridom. Seint på hausten fann ei anonym Facebook-side eit gammalt videoklipp frå ei framsyning som har fått tilskot frå Kulturrådet. Karakteren kunstnaren spelar i filmklippet, bruker verke-middel som dei fleste av oss vil vere einig i at er provoserande, men i kunsten er nettopp breidda i uttrykket og eksperiment med form noko me strevar etter. Og responsen har nok overgått det dei fleste nett-troll kan drøyme om.

Det vitnar om eit snevert syn på breidda og mangfaldet i norsk kunst- og kulturliv. Og det vitnar om låg innsikt i breidda i dei rundt fem tusen prosjekta, kunstnarane og institusjonane som får tilskot frå Kulturrådet. Det er lett å tenka på verda slik me ønskjer at ho skal vere. Kunsten er ein langt ærlegare spegel, som viser oss verda slik ho er. Det krev nokre gonger forstøringsglas som framhevar også dei sidene av verda me skulle ønskje ikkje var der.

Det finst krefter som ønskjer å temje kunsten, og me må kjempe mot både sensur og sjølvensur. Me kan ane konturane av ein ny kulturkrig, som i alle fall minner meg om tider eg håpte var forbi. Kulturrådet kjempar for *Kulturens kraft*, som er tittelen på regjeringa sin eigen strategi på kulturfeltet. Og det er ein kamp me rustar oss for å gå seirande ut av.

Parallelt med ytringsfridomen lever mangfaldet. Hausten 2019 fekk me formelt eit oppdrag frå Kulturdepartementet om å ta rolla som nasjonal mangfaldskordinator for kultursektoren – men engasjementet vårt strekkjer seg lenger tilbake enn det. I fjor haust avslutta me det treårige prosjektet «Inkluderande kulturliv i Norden», som Kulturrådet har leia på oppdrag frå Nordisk ministerråd.

Funna frå prosjektet er langt frå oppløftande. Mange minoritetskunstnarar opplever at det finst utestengingsmekanismer på kulturfeltet som spesielt rammar synlege minoritetar, og fleire peikar på maktstrukturar som påverkar både jobbtryggleik og bruk av mellom- belse stillingar. Heldigvis ber rapporten om både ein gjennomgang av korleis me betre kan ta lovverket mot diskriminering i bruk i kultursektoren, og ei kartlegging av kor stort omfanget av diskriminering i kultursektoren faktisk er. Men rapporten gir oss likevel eit nådeløst nullpunkt for mangfaldsarbeidet i norsk og nordisk kultursektor, og eit mål om at me saman skal utvikle verktøya for å styrkje dette arbeidet.

I dette perspektivet er det berre rimeleg at årskonferansen til Kulturrådet i 2019 hadde nettopp *utanforskap* som tema, der me forsøkte å kaste lys over mangfaldet i all sin annleisheit. Og i den samanhengen må eg også takke Tone Hansen, som har vore rådsleiar dei siste fire åra, for eit godt samarbeid. Tone har løfta nettopp ytringsfridomen og ytringsmangfaldet som si kampsak, ikkje minst gjennom den nye satsinga på tidsskrift og kunstkritikk. Det er ei satsing me er stolte av, og som kjem til å bli ståande igjen lenge etter hennar tid – ikkje minst i den kampen me no står overfor.

Kunst og kultur er ein avgjerande del av demokratiet. I 2019 gav Kulturrådet tilskot til meir enn fem tusen kunstnarar, prosjekt, arrangement, institusjonar, forretningsideer og internasjonale samarbeid. Samtidig har vi prioritert å bygga opp ei ny avdeling for kulturanalyse, som skal styrka Kulturrådets rolle som kunnskaps- og premissleverandør for kultursektoren i Noreg. I denne årsrapporten har vi lagt vekt på å formidla den kunnskapen Kulturrådet sit på om det norske kulturlivet, og den aktiviteten vi utfører for å sikra framleis levande kunst- og kulturaktivitetar over heile landet.

Kristin Danielsen
direktør i Kulturrådet

2

Intro
til ve
og

roduksjon
rksemda
hovudtal

Norsk kulturråd har som mål å stimulere det mangfaldige kunst- og kulturuttrykket i samtida og bidra til at kunst og kultur blir skapt, tatt vare på, dokumentert og gjort tilgjengeleg for flest mogleg.


Kulturrådet skal bidra til eit demokratisk samfunn der ulike kunst- og kulturuttrykk har ein sentral plass. Gjennom tilskotsforvaltning, rådgiving og utviklingsarbeid får Kulturrådet eit heilskapleg blikk på kunst- og kulturfeltet i heile landet.

Kulturrådet har fleire ulike forvaltingsoppgåver i samband med verksemda. Fagadministrasjonen er sekretariat for dei tre styrande organa Rådet for Norsk kulturfond, Utvalet for Statens kunstnarstipend og Styret for Fond for lyd og bilete. Gjennom tilskot og stipend får kunstnarar og kulturaktørar som produserer og formidlar kunst- og kulturuttrykk, betre vilkår.

Vidare har Kulturrådet eit ansvar for å bidra til at norske kunstnarar og kulturaktørar får auka inntektene sine gjennom kunstnarisk verksemd. Me skal leggje til rette for auka bruk, investering i og omsetning av kunst og kultur og synleggjere samanhengane mellom dei ulike ledda i verdikjeda.

Kulturrådet har i tillegg ansvar for ei rekkje utviklings- og forvaltingsoppgåver i og for museumssektoren, er kontaktpunkt for kulturprogrammet Kreativt Europa i regi av EU og partner i EØS-kulturutvekslingsprogram. Gjennom ulike ordningar og fagfelt har Kulturrådet også eit ansvar for å styrkje mangfaldet i kunst- og kulturlivet.




Kulturrådet 2019



* Prosjektmidlar til museumsprogram pluss sikringsmidlar.

Kulturrådet sin del av det totale kulturbudsjettet på totalt **14,8 milliardar**.

10,9 %



SØKNADER
20 427



TILDELINGAR
5 453

SØKNADER

20 427

TILDELINGAR

5 453

Utvalde nøkkeltal

Formål	Søknader	Tildelingar	Tildelingsprosent	Søknadssum	Bevilgning
Norsk kulturfond	8770	3675	42	2 371 033 000	982 180 000
Statens kunstnarstipend	8522	861	10,1	–	337 379 000
Fond for lyd og bilete	2634	613	23,3	232 624 000	42 810 000
Norsk-islandsk kultursamarbeid	48	20	41,7	5 675 000	1 675 000
Kreativ næring	206	54	26,2	105 869 272	19 785 000
Kulturøkonomi	36	12	33,3	18 268 000	5 000 000
Museumsmidlar	57	21	36,8	44 118 000	15 366 000
Sikringsmidlar museum	72	43	59,7	18 370 000	9 000 000
Amatørteater og frivillige teaterføremål	82	78	95,1	12 621 265	20 638 000
Driftsutgifter					184 916 000
Totalt	20 427	5453	26,7	2 808 578 570	1 618 749 000

Viktige hendingar i 2019

Jan

Kulturrådet tok over ansvaret for forvaltninga av drifts-og prosjektilskot til nasjonale minoritetar på til saman sju millionar kroner. Midlane skal vere med på å styrkje kulturen og språka til dei nasjonale minoritetane, og sørge for at dei kan skape møteplassar og drive eigne organisasjonar.

«Kultur over grenser» – konferanse om internasjonalt kultursamarbeid i Bærum kulturhus. Konferansen blei arrangert i samarbeid med ei rekkje offentlege verksemder som jobbar med internasjonalt kultursamarbeid.

Frukostmøte: Bør me av avkolonialisere kulturlivet? I 2018 tok debatten om avkolonialisering av akademia fyr i det norske samfunnet. Med #metoo og innsatsen for å bryte ned maktstruktur har det også blitt rom for å diskutere kulturelt mangfald og makt. I samarbeid med Nationaltheatret.

Feb

Camara Joof blei utnemnd som nytt rådsmedlem for Norsk kulturfond etter at Deeyah Khan sa frå seg vervet sitt.

Kulturrådet og Kulturdepartementet lanserte tre nye analysar om visuell kunst i Bærum kulturhus: Å samla kunst, Visuell kunst i norsk forvaltning og Statistikk om visuell kunst i Norge. I tillegg blei det presentert resultat frå forskingsprosjektet «Kunst som deling».

Rådet og fagadministrasjonen i Kulturrådet sendte inn felles høyringsvar til den nye stortingsmeldinga om kulturminnepolitikken frå Klima- og miljødepartementet.



[Bilete 1]



[Bilete 2]

Apr

Den nye tilskotsordninga for tidsskrift og kritikk ble lansert med debatt og frukostmøte på Litteraturhuset i Oslo.

Høyringsfrist til stortingsmeldinga om kunstnarpolitikken frå Kulturdepartementet. Styret for FLB, utvalet for SKS, Rådet og fagadministrasjonen i Kulturrådet sende inn kvart sitt høyringsinnspel.

Sep

Oppstartskonferanse om «Digital kultur, estetiske praksisar» i Trondheim. Konferansen tok opp og diskuterte rammene for produksjon, formidling og oppleving av kunst og kultur i ei digital tid og konkrete kunstnariske og kulturelle praksisar i samtida.

Oppstart av «Ovasjon» – kompetanseprogram for kreativ næring. Kulturrådet skal bidra til at norske kunstnarar og kulturaktørar får auka inntekter gjennom kunstnarisk verksemd. Kompetanseprogrammet «Ovasjon» er skreddarsydd for å bygge ei berekraftig bedrift av små kreative verksemder.

[Bilete 1] Camara Joof blei utnemnd som nytt rådsmedlem

[Bilete 2] Frukostmøte om kritikken si rolle i samfunnet på Litteraturhuset i Oslo.

[Bilete 3] Setesdalstradisjonen blei skriven inn i den representative UNESCO-lista. Foto: Knut Utler



[Bilete 3]

Mai

Kan me tene pengar på mangfald? Frukostmøte i Bodø. Er det ein motsetnad mellom å selje billetter og ta samfunnsansvar? Klarer kunstinstitusjonar og kulturhus å gjere begge delar? Statistikk viser at det å satse på mangfald kan vere svært lønnsamt for dei som har gode strategiar for å utnytte det.

Oppstart av dialogmøta om ny museumsmedling. Turneen starta i Bodø og Tromsø og heldt fram rundt i landet etter sommaren, mellom anna i Skien, Kristiansand, Trondheim og Oslo.

Jun

Lanseringsseminar for boka Engasjement og arrangement på Cosmopolite Scene i Oslo. Boka ser på omfanget av konsertar i Noreg og undersøker publikum og dei ulike aktørane i konsertbransjen.

Møte med kulturminister Trine Skei Grande på rådmøtet 18. og 19. juni.

Aug

Frukostmøte under Arendalsuka. Viss kultur er så viktig, kvifor gir det så få klikk?

Og kva skjer med den offentlege samtalen om kunst og kultur når meldingar og kritikk hamnar i dei spesialiserte tidsskrifta med små opplag og liten lesarskare?

Okt

Kulturrådet sin årskonferanse i Trondheim med temaet utanforskap, demokrati, ytringskultur og deltaking. 370 deltakarar fekk med seg diskusjon og debatt og sterke historier om utanforskap. Iman Meskini var konferansier.

Superstar Economy? Seminar under bokmessa i Frankfurt med temaet kulturøkonomi og digitalisering. Er det berre dei største som når fram når kunst og kultur blir digitalisert, eller aukar det berre den totale omsetninga, slik at musikk, film og bøker når ut til fleire?

Felles innspel og tekstleg bidrag til barne- og ungdomskulturmeldinga frå Rådet og fagadministrasjonen.

Nov

Frukostmøte: Korleis kan me engasjere og involvere eit ungt publikum? Kva er det eigentleg det framtidige kulturpublikumet vil ha? Med mellom andre Kathryn Peterson, leiar av Young Patrons-programmet ved Lincoln Center i New York og representantar frå Øya Ung og Parkteateret Scene.

Workshop i Karasjok om samisk immateriell kulturarv, arrangert i samarbeid med Sametinget.

Des


Setesdalstradisjonen blei skriven inn i UNESCO si representative liste over den immaterielle kulturarven til menneska på UNESCO-møtet i Bogotá i Colombia.

Kulturrådet sin ærespris gjekk til teaterkritikar Therese Bjørneboe for hennar uvurderlege innsats for utviklinga av norsk kunst og kultur.


Nordic Dialogues – politikarar, leiarar, kunstnarar og kulturarbeidarar var samla i tre dagar i Oslo for å utveksle erfaringar. Korleis skal me realisere potensialet i eit mangfaldig Norden? Kultur- og likestillingsminister Trine Skei Grande deltok på konferansen.

Kulturrådets oppgaver

Tildelinger og tilskotsordninger



Forskning, rådgivning og innstillinger



Organisasjonskart



Kommunikasjon
Avdeling

Stab
Direktørens assistent

Kultur
Avdeling

Kulturanalyse
Avdeling

Kunst
Avdeling

Virksomhetsstyring
Avdeling

Museum
Seksjon

**Internasjonale og
andre tverrgående
oppdrag**
Seksjon

Musikk
Seksjon

**Litteratur, allmenne
kulturformål og
kulturvern**
Seksjon

Scenekunst
Seksjon

Visuell kunst
Seksjon

Kunstnerøkonomi
Seksjon

Forvaltning
Seksjon

HR
Seksjon

Økonomi
Seksjon

IT
Seksjon

Auken i driftsutgiftene i 2019 kjem av auka utgifter til lønn og honorar, husleige og kjøp av framande tenester.

Dei auka lønnsutgiftene kan knytast til kulturøkonomiprojektet som blei fullt bemanna frå 2019, bruk av vikarar i samband med gjennomføringa av analysen av forvaltingspraksis, auka saksbehandlarkapasitet for nye oppdrag og styrking av kapasiteten i kommunikasjonsavdelinga.

Auken i husleigeutgiftene kjem av ein heilårseffekt frå etablering av nye kontor i Bodø og Trondheim. Når det gjeld kjøp av framande tenester, knyter meir enn 70 prosent av auken seg til prosjekta om statistikk og analyse i Norsk kulturråd (SANK), analysen av forvaltingspraksisen vår, kulturøkonomiprojektet og kulturlivets og frivilligheitas rolle i integrering og inkludering. Auken elles gjeld vidareutvikling av saksbehandlings-systemet vårt, nytt intranett, evaluering av litteraturstøtteordningane, utgreingar og kunnskapsutvikling og arbeidet me har starta med utvikling av internkontroll og verksemdsstyring.

	2018	2019
Driftsutgifter ¹⁾	184 693 760	212 275 187
Samla tildeling Post 01	190 446 000	193 955 000
Tal på årsverk ²⁾	109	120
Tal på utnemnde medlemmer i råd/styre/utval og komitear	305	297
Lønnskostnader	96 002 772	107 618 018
Lønnsdelen av driftsutgiftene ³⁾	52,0 %	50,7 %
Honorarkostnader	14 332 886	15 921 050
Honorardelen av driftsutgiftene ⁴⁾	7,8 %	7,5 %
Kjøp av konsulenttenester og framande tenester	34 548 659	46 961 941
Konsulentdelen av driftsutgiftene ⁵⁾	18,7 %	22,1 %

1) Driftsutgifter er definert som «utbetalingar til lønn» pluss «andre utbetalingar til drift», jf. oppstilling av artskontorrapportering i årsrekneskapen. Verksemda fører rekneskap i tråd med kontantprinsippet.

2) Nøkkeltalet tal på årsverk går fram av årsrekneskapen, jf. oppstilling av artskontorrapportering og noteopplysing om utbetalingar til lønn (note 2). Eit årsverk er definert som éin person i 100 % stilling i eit heilt år. Årsverkutrekninga er henta frå lønnsystemet. Utrekninga blir ikkje redusert av ferieuttak eller avspasering av fleksi- og reisetid, men blir redusert for alt anna fråvær utover éin dag.

3) Lønnsdelen av driftsutgiftene er definert som «utbetalingar til lønn» minus «andre ytingar» delt på driftsutgifter, jf. opplysingane i note 2. Utbetalingar til lønn og nøkkeltalet driftsutgifter er omtalte i rekneskapskapittelet. Lønnsutgiftene omfattar lønn og sosiale utgifter mv. for tilsette i Kulturrådet.

4) Honorardelen av driftsutgiftene er definert som «honorar», jf. noteopplysingar i eigen kommentar i note 2 delt på nøkkeltalet driftsutgifter, som omtalt over. Honorara går i hovudsak til medlemmer i styre, råd og utval.

5) Konsulentdelen av driftsutgiftene er definert som utbetalingar til «kjøp av framande tenester og kjøp av konsulenttenester delt på driftsutgifter, jf. oppstilling av artskontorrapportering i årsrekneskapen og utrekning av nøkkeltalet driftsutgifter, som omtalt ovanfor.

3

Aktiv

vitestar og resultat

Pådrivar for kunst og kultur

Kulturrådet gir tilskot til kunst og kultur over heile landet, er ein pådrivar for nye kunst- og kulturprosjekt, driv utviklingsarbeid og er rådgivar for staten i kulturspørsmål.

Kulturrådet har som mål å stimulere det mangfaldige kunst- og kulturuttrykket i samtida og bidra til at kunst og kultur blir skapt, tatt vare på, dokumentert og gjort tilgjengeleg for flest mogleg. Kapittel 3 i årsrapporten skildrar måla som Kulturrådet arbeider etter, og kva me gjer for å nå desse måla.

Eitt av måla til Kulturrådet er å **fremje produksjon og formidling av ulike kunst- og kulturuttrykk**. I 2019 fekk meir enn 5 000 prosjekt, kunstnarar og verksemder tilskot gjennom dei tre kollegiale organa Norsk kulturfond, Statens kunstnarstipend og Fond for lyd og bilete, og gjennom dei nye tilskotsordningane for amatørteaterverksemd.

Norsk kulturfond har som mål å stimulere det mangfaldige kunst- og kulturlivet i samtida og bidra til at kunst og kultur blir skapt, tatt vare på, dokumentert og gjort tilgjengeleg for flest mogleg. Fondet rettar seg i hovudsak mot den frie eller prosjektbaserede delen av kunst- og kulturlivet, men dei seinare åra har fondet også fått ansvar for ei rekkje organisasjonar og verksemder. I 2019 har fondet hatt særskilde strategiske satsingar på kunst og kultur for barn og unge, kunst- og kulturkritikk og klima og miljø.

Statens kunstnarstipend gir enkeltkunstnarar høve til å fordjupe seg i det kunstnariske arbeidet sitt. I tillegg sikrar desse stipenda kunstnarar rom til å bidra med frie ytringar som igjen er med på å styrkje og vitalisere demokratiet. Stipenda gjer det mogleg for kunstnarar å skape kunst utan primært å leggje etterspurnaden i marknaden til grunn.

Fond for lyd og bilete skal leggje til rette for produksjon og formidling av innspelningar av lyd- og filmopptak. Midlane i fondet skal fordelast til beste for rettshavarane innanfor musikk, scenekunst, film og biletkunst, og fondet er i tillegg ein kollektiv kompensasjon til rettshavarane for lovleg kopiering av verka deira til privat bruk.

I 2019 fekk Kulturrådet også ansvaret for forvaltning av tilskot til amatørteater og frivillige teaterføremål, noko som mellom anna inneber tilskot til historiske spel og driftstilskot til nasjonale aktørar innanfor amatørteater.

Eit anna av måla til Kulturrådet er å **utvikle rolla som kunnskapsprodusent**. Kulturrådet har som mål å auke kunnskapen samfunnet har om kunst og kultur, og me tar initiativ til og legg til rette for produksjon av kunnskap om kunst- og kulturfeltet.

Kulturmeldinga frå 2018 gav sterke og tydelege argument for ei nødvendig og ambisiøs satsing på produksjon og formidling av kunnskap, og i 2019 har Kulturrådet jobba for ei ytterlegare styrking av det systematiske kunnskapsarbeidet, mellom anna gjennom å opprette ei eiga avdeling for kulturanalyse.

Eit tredje mål er å **utvikle kunst- og kulturfeltet**. To av dei viktigaste oppgåvene til Kulturrådet er å sikre verkemiddel som er tilpassa behova til kunst- og kulturfeltet, og å sørge for at kunst og kultur blir tatt vare på og sett pris på i eit samfunn i endring.

I 2019 har Kulturrådet halde fram med arbeidet med å evaluere, gå gjennom og justere retningslinjene for fleire av tilskotsordningane. I tillegg prioriterer Kulturrådet å ha god dialog og godt samarbeid med andre delar av sektoren og andre forvaltingsnivå. Kulturrådet har også eit særskilt utviklingsoppdrag for museumssektoren, i tillegg til at me i 2019 starta opp eit treårig prosjekt som skal styrkje verdikjedene i kultursektoren.

Eit fjerde mål for Kulturrådet er å **stimulere til profesjonelt kunstnarisk virke**. Gjennom å styrkje strukturane rundt kunstnarar og institusjonar som jobbar med distribusjon, sal og formidling, skal Kulturrådet leggje til rette for auka bruk, investering i og omsetning av kunst og kultur. Dette arbeidet er med på å sikre norske kunstnarar og kulturaktørar auka inntekter gjennom dei kunstnariske aktivitetane deira. I 2019 har Kulturrådet prioritert auka formidling av desse tilskotsordningane, og me har sett resultat i form av fleire innkomne søknader.

Eit siste mål for Kulturrådet er å **styrkje internasjonalt samarbeid**. Kultursamarbeid på tvers av grenser handlar i aukande grad om samfunnsaktuelle tema som demokrati, inkludering og involvering, og Kulturrådet arbeider internasjonalt både med eit nordisk, europeisk og globalt perspektiv. Også det nyoppstarta arbeidet med auka mangfald i kultursektoren står i samanheng med dette oppdraget.

Kunst og kultur over landet



TRICIA MIDDLETON, installasjon for Lofoten International Art Festival (LIAF) 2019
Foto: Kjell Ove Storvik / LIAF. Nordnorsk kunstnersenter som driv festivalen får tilskot til drift frå støtteordninga for driftstilskot.

er heile

Kulturrådet har som mål å leggja til rette for produksjon og formidling av kunst og kultur over heile landet. Dei viktigaste verkemidla er Norsk kulturfond, Statens kunstnarstipend og Fond for lyd og bilete.

Kulturrådets arbeid bygger på ein kunnskapsbasert og treffsikker tilskotsforvaltning, der tilskota bidrar til å gi betra vilkår for kunstnarar og kulturaktørar som produserer og formidlar ulike kunst- og kulturuttrykk.




HOW THE UNIVERSE WORKS


Oslo Kunsthall har fått tilskot til prosjektet How the Universe Works, eit utstillingsprosjekt der barn er hovedmålgruppe for programmeringa til Kunsthallen i eit heilt år. Her frå Are Mokkelbost sin produksjon av skulpturmultiplær. Foto: Kunsthall Oslo


Norsk kulturfond

Norsk kulturfond blir forvalta av eit råd på ti personar som er utnemnde av Kulturdepartementet. Løyvingane frå fondet har som mål å stimulere det mangfaldige kunst- og kulturuttrykket i samtida og bidra til at kunst og kultur blir skapt, tatt vare på, dokumentert og gjort tilgjengeleg for flest mogleg. Rådet er og rådgivande organ for staten i kulturspørsmål.

Område




 Tal på søknader

 Tal på tildelingar

42 %

Innvilga



SØKNADSSUM

2,4 mrd

AVSETJING

982,2 mill

Område

Allmenne kulturføremål	64,5 mill kr
Visuell kunst	127,7 mill kr
Musikk	387,6 mill kr
Scenekunst	164,9 mill kr
Litteratur	202,2 mill kr
Kulturvern	35,1 mill kr
Sum	982,2 mill kr
Søknadssum	2,4 mrd kr
Avsetjing	982,2 mill kr
Tal på søknader*	8 770
Tal på tildelingar*	3 675
Innvilga	42 %

* Medrekna innkjøpsordningane for litteratur.

Melding frå leiaren



Det har vore eit stort privilegium å få leie arbeidet i rådet som rådsleiar for Norsk kulturråd frå 2016 til 2019. I tillegg til å fordele Norsk kulturfond, som er regulert av Kulturrådslova, er rådet også rådgivande organ for staten i kulturspørsmål.

Hovudmåla har vore å sikre at den frie kunsten har gode vilkår i heile landet, og at kunsten når så mange som mogleg. Men me skal også sikre at fagutvala som gjer hovudjobben med å fordele midlane, representerer kulturlivet i heile landet. Ei auka satsing på urfolksperspektiv har stått sentralt, mellom anna i samarbeid med Sametinget.

Sjølv om Kulturrådet i mange år har jobba for at minoritetar i større grad skal få ta del i kulturlivet, står det att mykje arbeid før norsk kunst- og kulturliv er representativt for befolkninga. Her kan rådet spele ei sentral rolle gjennom løyvingstrukturar og auka press på det institusjonelle feltet.

I fireårsperioden har Kulturfondet vakse, mellom anna grunna overføringa av dei tidlegare knutepunktinstitusjonane. Med overføringa blei ansvaret rådet har for institusjonar i kunst- og kulturfeltet, utvida. Mange av diskusjonane i rådet har handla om korleis ein skal sikre god og dynamisk forvaltning av midlane i fondet. Mandatet til fondet er utvida, men økonomien har ikkje blitt styrkt tilsvarande.

Ei stor utfordring som vil følgje arbeidet til rådet framover, er å sikre at tilskota til enkelt-kunstnarar ikkje blir reduserte i konkurranse med verksemder og organisasjonar som har eit profesjonelt apparat i ryggen. Det er eit særleg ansvar for Kulturrådet å sikre at den frie kunsten kan verke og skape i heile landet. For å sikre dette har rådet sett i stand kontaktmøte med Kunstnarnettverket, som samlar store delar av det norske kunst- og kulturlivet.

Som følgje av regionreforma har rådet brukt tid på å vurdere den framtidige ansvarsfordelinga mellom dei ulike forvaltningsnivåa og Kulturrådet sentralt. Rådet har vore tydeleg på at det er viktig å sjå eit auka regionalt ansvar i samanheng med eit sterkt og representativt Kulturråd som kan sikre eit nasjonalt, heilskapleg blick med det beste for kunsten som hovudperspektiv.

Gjennom omfordeling av midlar har rådet gjennomført ei rekkje satsingar i tråd med strategien. Særleg viktig har kunst- og kulturkritikk stått, med seminar, forsøksordning og etablering av tilskotsordninga for tidsskrift og kritikk. Den kritiske diskusjonen om kunst og kultur mistar posisjon i ei klikkbasert tid, og det er særleg viktig å minne om at kritikken ikkje blir gløymd i det komande arbeidet til yringskommisjonen, slik han blei i mediemangfaldsmeldinga.

Andre viktige saker har vore tilrettelegging for eit berekraftig kunst- og kulturliv i eit klimaperspektiv, og blick på barne- og ungdomskulturen. Den årlege konferansen til rådet har vore ei særleg viktig plattform for diskusjon om og vidareutvikling av rådet sitt blick på samtida.

Arbeidet og utviklinga som skjer i rådet, kjem til syne for publikum gjennom forskingsrapportar og forskingsprosjekt som blir formidla og diskuterte. Særleg har eit utvida kvalitetsomgrep stått sentralt. For å sikre ei dynamisk og fagleg forsvarleg forvaltning må rådet ha kunnskap om korleis tilskotsordningane treffer behova i kunst- og kulturlivet. Rådet har i perioden tatt kontinuerleg initiativ til å setje i gang forskingsprogram, utgreiingar og evalueringar. Resultata frå kunnskapsprosjekta har vore brukte aktivt i utviklinga av arbeidet i rådet og måten rådet kommuniserer med feltet på.

I 2019 valde rådet utanforskap som tema for årskonferansen, som blei halden på Byscenen i Trondheim. Utfordringar med korleis ein skal sikre nye stemmer og ei representativ breidde i uttrykk og estetiske praksisar i kunst- og kulturlivet, vil vere noko av det viktigaste rådet og Kulturfondet kan bidra til å løyse i neste rådsperiode. Det er også viktig å sikre representativiteten i rådet og den viktige rolla det har som kritisk og diskuterande organ – med evne til både å gi råd til og utfordre det politiske landskapet som rår til kvar tid.



Tone Hansen
rådsleiar 2016-2019

Norsk kulturfond i 2019

Norsk kulturfond blir forvalta av eit råd på ti personar som er utnemnde av Kulturdepartementet. Løyvingane frå fondet har som mål å stimulere det mangfaldige kunst og kulturuttrykket i samtida og bidra til at kunst og kultur blir skapt, tatt vare på, dokumentert og gjort tilgjengeleg for flest mogleg. Rådet er og rådgivande organ for staten i kulturspørsmål.

Kulturfondet rettar seg i hovudsak mot den frie eller prosjektbaserte delen av kunst- og kulturlivet, men dei seinare åra har fondet også fått ansvar for ei rekkje organisasjonar og verksemder. Det dreier seg i hovudsak om organisasjonar og verksemder som har nær tilknytning til den prosjektbaserte delane av kunst- og kulturlivet. Med desse overføringane ser rådet samanheng mellom utviklinga i kunst- og kulturlivet når det gjeld frie produksjonsmidlar, formidling og infrastruktur, og den økonomiske situasjonen til kunstnarane.

Frå dei mange ordningane i fondet løyver rådet både eittårige, fleirårige og meir varige tilskot til kunstnarar og verksemder over heile landet. Dette sikrar enkeltkunstnarar og kunstnargrupper utviklingsmoglegheiter og kunstnarisk fridom, og verksemder blir sikra rimeleg føreseielege vilkår for dei oppgåvene dei skal gjere. Tilskotsordningane sørgjer for at ny produksjon og eit mangfald av uttrykk blir skapte på alle fagområde, men også for at desse uttrykka når ut til ein større del av befolkninga gjennom brei geografisk distribusjon og formidling.

Rådet har eit heilskapleg blikk på kunst- og kulturfeltet på tvers fagområde og tilskotsordningar. Det gjer oss godt rusta til å gjere kontinuerlege justeringar av eksisterande ordningar og vurdere behovet for nye satsingar i Kulturfondet. Slik sørgjer rådet for at fondsmidlane blir forvalta på ein dynamisk måte.

Rådet får mandatet sitt realisert gjennom

- fordeling av tilskot til kunst- og kulturtiltak det blir søkt om støtte til
- forsøksprosjekt på bakgrunn av særlege utfordringar i feltet
- ein årleg konferanse som set eit aktuelt tema på dagsordenen

Rådet vedtok i 2019 ein justert strategi med fire satsingsområde: kunst- og kulturkritikk og kunst som ytring; nye stemmer, kulturuttrykk og estetiske praksisar; barn og unge og kunnskap og utvikling. Satsingsområda utgjer ein viktig bakgrunn for korleis rådet prioriterer når det skal fordele midlane i fondet på dei ulike fagområda og tilskotsordningane.

Strategiske satsingar og forsøksverksemd i 2019

Det er eit viktig mål for rådet å sikre ei dynamisk forvaltning av Kulturfondet gjennom å vurdere tilskotsordningane kontinuerleg i og på tvers av fagområda. I 2019 har rådet halde fram med arbeidet med å evaluere, gå gjennom og justere retningslinjene for fleire av ordningane. Arbeidet bidrar til ei meir transparent og føreseieleg forvaltning for søkerane. Det sikrar også at ordningane i fondet er best mogleg tilpassa eit kunst- og kulturfelt i stadig utvikling.

Som ledd i ei slik dynamisk forvaltning tar rådet også initiativ til øyremerkte utlysingar og forsøksordningar på område der det er identifisert eit behov. Ofte vil det handle om behov

og problemstillingar som er felles for alle fagområda i fondet. I 2019 har dei strategiske satsingane til rådet vore retta mot kunst og kultur for barn og unge, kunst- og kulturkritikk og korleis me kan bidra til ei klimavenleg og berekraftig utvikling av kunst- og kulturlivet. På årskonferansen til rådet drøfta me korleis me kan motverke utanforskap. I 2020 vil rådet vurdere korleis me framover kan følgje opp dette temaet best mogleg.

Kunst og kultur for barn og unge

Arbeidet Kulturrådet gjer for barn og ungdom, byggjer på eit mål om at alle skal bli sett og møtte av kunst som er relevant for dei, og som utfordrar dei til sjølve å bli kreative og kritiske borgarar. Kulturrådet skal leggje til rette for at barn og unge over heile landet får ta del i kunst- og kulturopplevingar av høg kvalitet, både som publikum og medaktørar i skapande prosessar. Alle fagområde i Kulturfondet har eit ansvar for å stimulere til kunstnarisk produksjon, formidling og utvikling som bidrar til å nå dette målet. Dei skal også bidra til auka merksemd, kritisk refleksjon og samtale på felta sine.

Ei viktig erfaring frå rådet sitt arbeid med kunst og kultur for barn og unge er at det er viktig å vere proaktiv. I 2019, som i tidlegare år, har det variert mellom fagområda i Kulturfondet om det har kome inn gode nok søknader om støtte til barne- og ungdomsprosjekt utan spesielle satsingar og utlysingar. Når me ser alle fagområda under eitt, har likevel den totale tildelinga til barne- og ungdomsprosjekt auka frå 136 millionar kroner i 2018 til xxx millionar kroner i 2019. Barne- og ungdomstildelingane er nærare omtalte under dei ulike fagområda på dei neste sidene i denne årsrapporten.

Tendensen frå 2019 viser at det framleis er mange av dei same aktørane og søkjarane som er merksame på å nå ut til dei unge. Samtidig viser erfaringane at spesialutlysingar for prosjekt som rettar seg spesifikt mot barn og unge, også fører til fleire søknader på dette feltet. Det blir dermed viktig å tenkje strategisk om korleis nye kunstnarar og kulturaktørar kan kome til på dette området.

I statsbudsjettet for 2019 blei det løyvd 6,5 millionar kroner i friske midlar til barn og unge på avsetjinga til litteratur. I fordelingsbudsjettet for 2019 fordelte Kulturrådet desse midlane slik: 500 000 kroner til å auke tilskotsordninga for litteraturformidling, 500 000 kroner til å auke tilskotsordninga for produksjonsstøtte og 5,5 millionar kroner til eit forsøksprosjekt med innkjøp og distribusjon av bøker til utvalde skulebibliotek.

I 2019 har rådet gjennomført desse strategiske satsingane på kunst og kultur for barn og unge:

- Øyremerking av to millionar til kunstprosjekt for barn og ungdom for kvar søknadsfrist på fagområdet visuell kunst.
- Øyremerking av ein million kroner til satsing på programoppsett og formidling til barn og ungdom gjennom tilskotsordninga for gjesteopphaldsstøtte til arenaer.
- Utlysing av siste søknadsrunde på forsøksordninga for litteraturskaping med barn og unge. Satsinga blei starta opp i 2017 og har hatt ei samla budsjetttramme på til saman 4,4 millionar kroner.
- Oppstart av satsinga Uhørt! på musikkområdet. Første utlysing vil skje i 2020. Målet med satsinga er å stimulere kunstnarar og produksjonsmiljø til å vende seg til eit yngre publikum, slik at barn og ungdom får eit større og meir variert tilfang av gode musikkproduksjonar.

Klima og miljø

Kunsten og kulturen si rolle i den globale klima- og miljøkrise blei sett på dagsordenen med årskonferansen til Kulturrådet i 2018. Målet var å bidra med kunnskap og debatt. Dette blei følgt opp med ei utlysning av prosjektmidlar som hadde som mål å støtte kunstproduksjon, prosjekt og praksis som tematiserer og gir innsikt i miljø- og klimaspørsmål, og som skaper debatt og engasjement i ulike fagmiljø og i ein større offentlegheit.

Utlýsinga fekk mykje respons frå mange ulike aktørar. Store og små prosjekt frå ulike fagområde mønstra tematikk som kjenneteiknar krisa: berekraft, artsmangfald, omstillingskrav og mentalitetsendringar, nytteperspektiv, samspel med naturen osv. Tiltaket synleggjorde et stort engasjement og anerkjente viktig tenking og praksis.

Andre halvår 2019 følgde rådet opp med å løyve 2,1 millionar kroner til miljøinsentiv i tilskotsordningane til Kulturfondet. Søkjarar til alle ordningar blei oppfordra til å skildre og reflektere over korleis dei arbeider med berekraft i si eiga verksemd. Ein kunne søkje om ekstra midlar viss miljøtiltak i prosjekta var fordyrande. Dei innkomne søknadene stadfestar eit klart engasjement og ei klar interesse for klima- og miljøsaaka. Det viser at kunst- og kulturaktørar ønskjer å bidra til ei berekraftig utvikling. Kunstnarar og arenaer innanfor alle sjangrar er opptekne av tematikken, men det er musikkfeltet som har kome lengst i å ta konkrete og praktiske grep i sjølve innretninga av arrangement og formidling. Band og grupper satsar på meir klimavenlege og saktegåande turnear med fleire konserter i same område, og arrangørar tar grep for å auke berekrafta når det gjeld reiser, transport, avfall og servering. Det viser seg elles at mange miljøtiltak ikkje treng å koste pengar, og mange av søkjarane skildra eigne klimagrep utan å søkje om ekstra midlar.

Erfaringane frå ordninga med miljøinsentiv viser at klima- og miljøomsyn må få langt større plass i tilskotsforvaltninga til Kulturrådet. Frå 2020 blir derfor klima- og miljøomsyn ein del av områdeplanane for dei enkelte fagområda og teke med som ein del av vurderingskriteria for alle tilskotsordningar.

Kunst- og kulturkritikk

Kulturrådet har i fleire år hatt eit sterkt engasjement for den uavhengige kunst- og kulturkritikken. Engasjementet blei revitalisert med årskonferansen Den store samtalen i 2016. Konferansen førte både til ei forsøksordning med prosjektstøtte til kunst- og kulturkritikk og til utgreiinga Kulturtidsskriftene, som kom i 2018. På bakgrunn av dette oppsettet oppretta rådet ei ny, fast tilskotsordning for tidskrift og kritikk i 2019. Ho erstatta forsøksordninga og dei andre tilskotsordningane i Norsk kulturfond som retta seg mot tidsskriftfeltet. Ordninga gjeld både digitale og papirbaserte tidsskrift. Dei første tildelingane gjennom den nye ordninga blei vedtatte av rådet i desember 2019. Det overordna målet for satsinga har vore å styrkje og utvikle den uavhengige kunst- og kulturkritikken i norsk offentlegheit, og å svare på eit gjennomgåande ønskje og behov for utvikling og utviding av rolla og funksjonen kritikken har i samfunnet og i kulturpolitikken. Den nye tilskotsordninga skal styrkje den offentlege ytrings- og refleksjonskulturen gjennom dei uavhengige tidsskrifta og kritikken som blir skapt og utøvd i ulike sjangrar, format og formidlingsformer. I tillegg skal ho stimulere til tenking og fremje debatt om fagforståingar, kunst og kultur i eit demokratiperspektiv.

Kulturfondet si ramme og fordeling i 2019

Rådet løyvde i 2019 tilskot gjennom over 30 faste tilskotsordningar, fordelt på fagområda musikk, litteratur, scenekunst, visuell kunst, kulturvern og allmenne kulturføremål (som igjen omfattar tverrgåande og tverrfaglege satsingar, forskning og utvikling og tidsskrift og kritikk). I tillegg løyvde rådet tilskot gjennom forsøksordningar og øyremerkte utlysingar på område der ein har identifisert eit særleg behov.

I 2019 var ramma i statsbudsjettet for Norsk kulturfond 982,18 millionar kroner. Fondet auka med dette med 38,18 millionar kroner samanlikna med 2018. Av desse midlane hadde Stortinget øyremerkt 17,5 millionar kroner til ulike ordningar eller satsingar: 2 millionar kroner var øyremerkte til styrking av aspirantordninga, 7 millionar kroner var sette av til styrking og vidareføring av etablerte scenekunstkompani, 2 millionar kroner var øyremerkte til omsetjing av samisk litteratur til norsk, og 6,5 millionar kroner var øyremerkte til styrking av produksjon og formidling av barne- og ungdomslitteratur.

Resten av auken i fondet, 21,3 millionar kroner, brukte rådet til å auke alle fagområde med 2,18 prosent. Rådet sette også av nokre midlar til å styrkje ordningar som var prioriterte i budsjettøknaden for 2019, og forsøksverksemd som rådet har sett i gang for å innfri satsingar i strategien. I 2019 hadde rådet 8,842 millionar kroner til slik disposisjon. Midlane blei brukte til å styrkje avsetjinga til produksjonsstøtta til kulturtidsskrift og månadsaviser, aspirantordninga og etableringa av gjesteopphaldsstøtte for arenaer som ei permanent tilskotsordning. Rådet løyvde i tillegg midlar til ei miljøinsentivordning for alle tilskotsordningane i fondet.

Søknadsbehandling

Søknadene som kjem inn til Kulturfondet, blir behandla i ein tostegsprosess. I første steg gjer tilsette i administrasjonen eller eit utnemnt underutval ei vurdering og lagar ei fagleg tilråding til fagutvala. I andre steg vurderer fagutvala kvar enkelt søknad, og vedtar løyvingar og avslag. Tildelingane skal skje på grunnlag av kunst- og kulturfaglege vurderingar, me omsyn til skilnader i geografi, publikum og rammevilkår. Dei fleste tildelingane blir vedtatte på utvalsmøta, men for enkelte ordningar og saker lagar fagutvala ei tilråding for endeleg behandling i rådet. For saker der vedtak er gjorde av eit fagutval, kan rådet gjere om vedtaket i favør av søkjaren. De fleste utvala blir leia av ein rådsmedlem eller har ein person frå rådet som medlem. Slik sikrar me kontinuerleg kontakt mellom råd og fagutval.

Til innkjøpsordningane for litteratur er det forlaga som melder på bøker. Administrasjonen kontrollerer at dei påmelde bøkene oppfyller formelle krav, mens vurderingsutval utnemnde av rådet les påmelde bøker og vurderer innkjøp eller avslag. Rådet får lister over innkjøpte og avslåtte titlar til orientering.

Organisering

Råd og utval

Dei ti medlemene i rådet er utnemnde av Kulturdepartementet. Under rådet var det i 2019 tretten faste fagutval, ti vurderingsutval, eitt utval for utlysning av midlar til forsøksordninga for kunst- og kulturkritikk og eitt for utlysning av midlar til klima- og miljøprosjekt. Utvala hadde til saman 135 medlemmer (inkludert 8 varamedlemer) som var utnemnde av rådet på bakgrunn av kunst- og kulturfagleg kompetanse. I samansetjinga av utvala har rådet også tatt omsyn til kjønn, alder og geografisk spreing. Eit viktig prinsipp i forvaltninga av Kulturfondet er armlengdes avstand. Rådet og fagutvala er fagleg uavhengige i arbeidet sitt og kan ikkje instruerast når det gjeld enkeltvedtak om fordeling av tilskot.

Varamedlemmar

SVEN ÅGE BIRKELAND

Bergen (f. 1960)
Leiar av BIT Teatergarasjen, dansebiennalen, Oktoberdans og teaterbiennalen METEOR.

MAJA SOLVEIG KJELSTRUP RATKJE

Oppegård (f. 1973)
Komponist og musiker innan fleire genre. Har komponert musikk til orkestre, teater, dans, installasjonar, film mm.

HELENA HOLMBERG

Trondheim (f. 1959)
Direktør i Kunsthall Trondheim og vara i styret for Office for Contemporary Art Norway (OCA).



Fra venstre til høyre

THORBJØRN GABRIELSEN

Stamsund/Lofoten (f. 1959)
Kunstnerisk leiar for Teater NOR og Stamsund Internasjonale Teaterfestival.

JAN OLE OTNÆS

Oslo (f. 1951)
Dagleg leiar i Nasjonal jazzscene.

MARTIN EIA-REVHEIM

Oslo (f. 1973)
Hussjef for Sentralen, Sparebankstiftelsen DNBs bygg i Kvadraturen i Oslo.

Ikkje tilstades

CAMARA LUNDESTAD JOOF

Oslo (f. 1988). Dokumentarisk scenekunstnar og forfattar.



Foto: Ilja Hendel

MARIA UTSI

Harstad (f. 1981). Direktør for
Festspilla i Nord-Noreg

ANNE OTERHOLM

Oslo (f. 1964).
Forfattar og utdanna cand.philol.
ved Universitetet i Oslo.

SIGURD SANDMO

Bergen (f. 1971)
Sjef for Dei kongelege samlingar.

FORAN: Frå venstre mot høyre

JORUNN VEITEBERG

Bergen / København (f. 1955)
Dr.philos. i kunsthistorie frå
Universitetet i Bergen.

TONE HANSEN / rådsleiar

Oslo (f. 1970)
Direktør ved Henie Onstad
Kunstsenter, kurator og
kunstsribent.

LUBA KUZOVNIKOVA

Kirkenes (f. 1976)
Kunstnerisk leiar for Pikene
på Broen og leiar av festivalen
Barents Spetakkel.

Året i tal

Område	Avsetjing (i 1000)	Tal på søknader	Tal på tildelingar	Samla søknadssum (i 1000)
Allmenne kulturføremål	64 544	548	183	207 097
Rom for kunst	23 800	117	47	72 565
Aspirantordninga	6 200	47	15	17 600
Tverrfaglege tiltak	9 000	130	44	43 375
Gjesteopphaldsstøtte for arenaer	3 500	32	16	9 920
Driftsstøtte	14 615	20	8	63 637
Prosjektstøtte – miljø og klimakrise		202	53	
Barne- og ungdomskultur ¹	2 200			
Forskning og utgreiing	3 100	0	0	0
Norsk kulturråds ærespris	600	0	0	0
* Til disposisjon for rådet.	1 529		0	0
Visuell kunst	127 739	1 422	498	395 735
Musikk	387 640	3 204	1 409	737 833
Scenekunst	164 933	1 280	370	853 919
Litteratur	202 235	976	484	94 100
Litteratur ekskl. innkjøp og tidsskrift	40 100	353	214	71 608
Innkjøpsordningane ²	148 805	1 055	597	
Forsøksordning skulebibliotek		509	202	
Tidsskrift og månadsaviser	13 330	114	68	22 492
Kulturvern	35 089	285	134	82 349
Sum inkl. innkjøpte bøker	982 180	8 770	3 675	2 371 033
Sum ekskl. innkjøpte bøker	845 480	7 715	3 078	2 371 033

¹ Barne- og ungdomskultur. Avsetjinga er fordelt på alle fagområde frå 2018. Dei resterande midlane er tilsegn frå tidlegare år.

² Innkjøpte titlar gjennom innkjøpsordninga per 01.03.2020.

Barne- og ungdomskultur

	2018	2019
Tal på søknader	1 203	1 257
Tal på tildelingar	459	567
Prosent tildelingar	38,2 %	45 %
Tildelingssum	136 208	160 226

Utvikling av Norsk kulturfond 2010–2019

Heile fondet, ekskl. innkjøpsordninga for litteratur

År	Samla søknadssum i kr	Samla avsetjing i kr	Forholdet mellom tildelingar og søknadssum
2010	1 280 766	318888	25 %
2011	1 279 464	396417	31 %
2012	1 615 644	420454	26 %
2013	1 622 717	456993	28 %
2014	1 571 849	461544	29 %
2015	1 992 942	640860	32 %
2016	2 162 045	760711	35 %
2017	2 585 934	740 810	29 %
2018	2 751 934	816 227	30 %
2019	2 371 033	845 480	35 %

Fordeling av Norsk kulturfond 2019 på dei enkelte budsjettkapitla

(tal i tusen)

Avsetjing	Fordeling frå rådet 2018	Prop. 1 S 2019–2020	Fordeling frå rådet 2019	Plantal 2020
Kap. 320, post 55, Allmenne kulturføremål	63 288	64 670	64 544	88 067
Kap. 320, post 55, Visuell kunst	130 626	129 970	127 739	128 552
Kap. 320, post 55, Musikk	380 040	388 320	387 640	394 668
Kap. 320, post 55, Scenekunst	154 150	164 500	164 933	167 765
Kap. 320, post 55, Litteratur	186 995	199 570	202 235	193 439
Kap. 320, post 55, Kulturvern	34 401	35 150	35 089	35 069
Sum	949 500	982 180	982 180	1 007 560


Tilskudd over heile landet

Rådet har som mål å sikre at midlane frå Norsk kulturfond kjem heile landet til gode, og dei mange fagutvala under Norsk kulturfond består av medlemer som er busette over heile Noreg. Ei geografisk oversikt over bustad-/kontoradressa til søkerane viser at alle fylka i landet er representerte, og at Aust-Agder og Finnmark er dei einaste fylka der meir enn femti prosent av søknadene blir godkjende.


Dei fleste søknadene kjem likevel frå kunstnarar, organisasjonar og institusjonar som held til i fylke med storbyområde. Det gjer også at hovudstaden blir ståande med meir enn 40 prosent av dei totale tildelingane frå Norsk kulturfond i 2019. Det er samtidig slik at svært mange av desse prosjekta har aktivitetar i langt fleire fylke enn der søkeren har adresse. I tida framover vil Kulturrådet prioritere å nå ut til fylke der søkjartalet er lågt.

Geografisk fordeling for Norsk kulturfond

Bostedsfylke	Tildelingar	Andel nasjonale tildelingar	Tidelingsprosent i fylke
Akershus	171	6,0 %	36,0 %
Aust-Agder	34	1,2 %	55,7 %
Buskerud	68	2,4 %	41,0 %
Finnmark	46	1,6 %	51,1 %
Hedmark	40	1,4 %	34,5 %
Hordaland	297	10,4 %	39,0 %
Møre og Romsdal	50	1,7 %	46,7 %
Nordland	75	2,6 %	40,1 %
Oppland	76	2,7 %	46,3 %
Oslo	1 271	44,5 %	44,8 %
Rogaland	111	3,9 %	40,2 %
Sogn og Fjordane	31	1,1 %	45,6 %
Svalbard	3	0,1 %	50,0 %
Telemark	73	2,6 %	42,7 %
Troms	97	3,4 %	45,3 %
Trøndelag	205	7,2 %	43,1 %
Vest-Agder	53	1,9 %	41,4 %
Vestfold	49	1,7 %	33,6 %
Østfold	69	2,4 %	43,1 %
Utlandet	40	1,4 %	37,4 %



TILDELINGSPROSENT





LOVE AND THE OCEAN.

Lost and Found Productions Nikoline Spjelkavik og Victoria
Røysing under Festspilla i Nord Noreg i Harstad i juni 2019.
Foto: Roger Hennem.



Musikk

Tilskotsordningane for musikk i Norsk kulturfond skal stimulere til utvikling i det frie profesjonelle musikklivet ved sida av dei store institusjonane. Kulturrådet skal bidra til at musikk av høg kvalitet innanfor eit mangfald av uttrykk blir skapt, produsert og formidla til flest mogleg.

Musikkordningane dekkjer heile kretsløpet

Musikkordningane i Kulturrådet dekkjer heile det økonomiske kretsløpet for kunstnarane sitt virke i musikklivet. Ordningane er bygde opp for å sikre uttrykksmoglegheit og profesjonelle produksjonsforhold i ulike stadium av eit kunstnarskap. Fleire av tilskotsordningane sikrar kontinuitet gjennom fleirårige løyvingar. Samtidig stimulerer Kulturrådet til utprøving og etablering av nye formidlings- og distribusjonsformer, ny kunstnarisk praksis, nye medium og debattarenaer og nye bransjevilkår.

Det frie feltet i musikklivet har vakse over ein lang periode, og samspelet mellom verke-middel, støtteapparat og infrastruktur stimulerer til stadig nyskaping og nyetablering. Med aukande mangfald, kvalitet, musikk- og bransjeutdanning og spesialiseringar i det frie musikklivet følgjer behov for meir profesjonelle produksjonsforhold og arbeidsvilkår. Ei rask bransjeutvikling, til dømes når det gjeld digitalisering av musikkdistribusjon, nye pengestraumar og marknadstilpassingar, stiller nye krav til aktiv forvaltning og verke-midla til Kulturrådet.

Tendensar til samarbeid, meirbruk og profesjonell økonomi

Kulturrådet ser ei utvikling i retning av at komponistar og utøvarar i større grad samarbeider om verk og det å skape musikk. Meir musikk blir til gjennom samspelsprosessar med låtskrivarar, produsentar og studioproduksjon. I tillegg blir det i aukande grad samarbeidd på tvers av kunstfag. Tilskot til komposisjon og konsertproduksjon gjer ny musikk og nye produksjonar tilgjengelege, og tildelingar til musikarar og musikkensemble gjorde at det kunne gjennomførast mange turnear til publikum i heile Noreg i 2019. Tildelingane har også bidratt til å utvikle utøvarmiljøa og til meir profesjonelle produksjonsforhold. 60 prosent av søkjarane budsjetterer no med konserthonorar tett opp mot minstesatsen til Creo, noko som er ein auke frå 2018 og frå tidlegare år. Auka merksemd om gjenbruk og vidareutvikling av produksjonar og konsertprogram er ein tendens også i utøvarfeltet.

Kulturrådet ser ein stadig større variasjon i profesjonaliteten hos festivalar og heilårsarrangørar. Stadig fleire blir profesjonelle, samtidig som det er tilvekst av frivillig organiserte festivalar. Det har blitt fleire likearta populærmusikkfestivalar, noko som bidrar til ein viss grad av einsretting og dreining mot næringsaspektet. Samtidig har me også fleire typar nisjefestivalar i søknadsbunken. Samla sett ser me derfor eit stort og aukande kunstnarisk mangfald. Kulturrådet legg vekt på infrastruktur og formidlingsledd, og dette har lagt til rette for konsertframføringar og stimulert til auka etterspurnad og omsetning av musikk.

Det er betre kjønnsbalanse på nokre område av musikkfeltet. I 2019 var det kvinnelege komponistar i 30–40 prosent av søknadene som fekk tildeling. På utøvar- og platefeltet er det likevel framleis ei overvekt av menn, både når det gjeld utgivingar, musikarar og repertoarval. Skeiv kjønnsbalanse er stadig ei utfordring i arrangørfeltet, særleg i konsertprogramma.

Ny utlysning for barn og unge

For musikkprodusentane såg me i 2019 ein svak auke i omfanget av solide prosjekt der profesjonelle komponistar og utøvarar jobbar saman med barn. Om lag 13 prosent av søknadene i 2019 gjaldt prosjekt som spesifikt retta seg mot barn og unge. Utlysinga UHørt! startar opp i 2020 og vil kunne bidra til å få fram kor viktig det er med høg kunstnarisk kvalitet på kunst for og med barn og unge. Når det gjeld innspelings- og utgivarfeltet, er det få av søknadene som reflekterer særleg over målgruppa, og fleire av utgivingane er reine kommersielle produkt som ikkje alltid har kunstnariske intensjonar.

For utøvarane er talet noko lågare. Om lag 9 prosent av dei behandla søknadene om musikal- og ensemblestøtte hadde i 2019 heilt eller delvis som mål å vende seg til barn og unge eller hadde barn og unge som medverkande, men det var få tildelingar til søkjarar som eine og aleine vende seg mot denne målgruppa. Fleirtalet av søkjarane hadde éin eller to konsertar der dei vende seg mot barn og unge, til dømes i form av barnekonsertar, familieconcertar, rusfrie arrangement for dei under 18 eller konsertar der barn og unge er med.

Blant arrangørane skreiv rundt ein femdel av søkjarane til arrangørstøtta i 2019 at dei hadde konsertar retta mot barn og unge. Desse inngår anten som arrangement i ein konsertserie eller er konsertseriar som berre er retta mot denne aldersgruppa. Det er ikkje uvanleg at ein arrangør kvart semester har éin til to konsertar retta mot barn og unge. Inntrykket generelt er at behovet for nye produksjonar er relativt stort, og at det er ein del gjengangarar på programma. Dei fleste festivalar har eit program for barn og unge, fleire har eit meir spesifikt program, og nokre ganske få er festivalar som er retta spesifikt mot denne målgruppa. Generelt er det innanfor dette segmentet rom for kvalitetsheving og ei tydeleggjering av skilnaden mellom å setje barn og unge på scena og å presentere eit program av høg kvalitet for barn og unge som publikum.

Prioriterer breidde, utvikling, spreiding og produksjon

For komponistar og utøvarar er tilskot til prosjekt blitt prioriterte med utgangspunkt i kunstnarisk utvikling, formidlingsvolum, den geografiske profilen til turnérutene, sjangermessig mangfald og god turnéplanlegging i eit kostnads- og klimaperspektiv. Det at Kulturrådet har prioritert prosjekt med god formidling, har vore med på å sikre meir gjenbruk av produksjonar og konsertprogram.

I prioriteringane på festivalstøtta har me lagt vekt på profesjonalitet, kunstnarisk utvikling og gjennomføringsevne. Etter at knutepunktfestivalane blei innlemma, har Kulturrådet gradvis redusert skilnadene i tilskotsnivå mellom samanliknbare festivalar, slik at me på sikt kan prioritere festivalane på same vurderingsgrunnlag. Det er rådet si oppfatning at eit mål om heilt rett avpassa utmåling av tilskot på grunnlag av skjønnsvurderinga ikkje er mogleg før ordninga får tilført friske midlar. Å skape utjamning ved å redusere tilskotet til enkeltfestivalar meir enn me har gjort, kan gi mange festivalinstitusjonar mindre føreseielege vilkår. Føreseielege vilkår og god utvikling i feltet har vore viktige punkt i rådet si fordeling av midlar.

Fleire evalueringar

I 2019 laga Telemarksforsking ei utgreiing om arrangørfeltet på oppdrag frå Kulturrådet. Utgreiinga Engasjement og arrangement gav innsikt i kva for utfordringar og moglegheitarrangørane har, og i kva for vilkår musikken har på dei offentlege arenaene. Utgreiinga peikar mellom anna på dei økonomiske konsekvensane av bransjeutviklinga med auka krav til kostbare sikringstiltak, forventning om profesjonell betaling i alle produksjonsledd, underskot, auka konkurranse og nedleggingar. Samtidig viser ho til ei positiv utvikling for kunstnarøkonomien i form av profesjonell honorering av utøvarar og eit meir profesjonelt produksjons- og støtteapparat. Kulturrådet følgjer opp utgreiinga med dialog med feltet og justering av retningslinjene for arrangørordninga i 2020.

Kulturrådet følgde opp rapporten frå Telemarksforsking frå 2016 om kyrkjemusikkfeltet, og siste tildeling frå kyrkjemusikkordninga var hausten 2019. Midlane frå kyrkjemusikkordninga blir integrerte i dei andre tilskotsordningane frå og med 2020, og det er gjennom året lagt til rette for at aktørane i kyrkjemusikken skal søkje og få utviklingsmoglegheiter innanfor fleire avsetjingar på musikk. Omlegginga blir følgd opp av statistikk.


Det blei gjort ei justering av retningslinjene for tilskotsordninga for muskarar og musikkensemble i 2019. Endringa har gitt auka fleksibilitet og meir føreseielege vilkår for søkjarane, og har tydeleggjort grensesnittet til tilskotsordninga for bestillingsverk og musikkproduksjon. Rådet vedtok i 2019 også å setje i gang ei ekstern evaluering av tilskotsordninga for musikkfestivalar, med utgangspunkt i forvaltinga Kulturrådet har hatt av ordninga i perioden 2016–2020.

Avsetjing 2018–2019 – Musikk

(tal i heile tusen)

	2 018	2 019	Plantal 2020
Tilskotsordning for musikkfestivalar	149 684	152 677	157 689
Tilskotsordning for musikkarrangørar	34 513	34 513	38 925
Tilskotsordning for kyrkjemusikk	8 436	8 436	0
Tilskotsordning for muskarar og musikkensemble	68 487	70 727	74 340
Tilskotsordning for musikkinnspelningar	23 247	23 247	23 805
Ymse tiltak musikk*	36 044	37 783	39 355
Driftsstøtte musikkføremål	59 629	60 257	60 554
Sum avsetjing	380 040	387 640	394 668

* Tre ordningar blir forvalta under Ymse tiltak: Tilskotsordning for bestillingsverk og musikkproduksjon, fonograminnspelning og andre musikktiltak – prosjektstøtte




SØKNADER
3 204



TILDELINGAR
1 409

44%

Innvilga



AVSETJING

387,6 mill

SAMLA SØKNADSSUM

737,8 mill

SØKNADER

3 204

TILDELINGAR

1 409

Søknader og tildelingar 2018–2019

	2 018	2 019
Tal på søknader	3 091	3 204
Tal på tildelingar	1 340	1 409
Søknadssum (i 1000 kr)	1 188 845*	737 833
Søknader med tildeling (i prosent)	43 %	44 %

* Årsaka til at søknadssummen er så høg i 2020 er truleg at det er talt med søknadssummar for fleirårlege tilskot til mellom anna musikkfestivalar. Det var vesentleg færre som søkte om fleirårig festivaltilskot i 2019 enn i 2018.

**KRISTIANSAND BIBLIOTEK**

Innkjøpsordningane for litteratur er svært viktig for norske bibliotek. I 2019 blei det vedteke at det også skal delast ut bøker frå innkjøpsordningane til utvalde skulebibliotek. Foto: Marta Anna Løvberg.

Litteratur

Kulturrådet skal bidra til at litteratur på norsk får rammevilkår som sørger for å sikre grunnleggjande ytringsfridom. Dette inneber mellom anna å stimulere til at ein mangfaldig litteratur av høg kvalitet framleis blir skriven på og omsett til norsk, og å leggje til rette for at denne litteraturen når ut til publikum over heile landet.

Formidling og innkjøp

Kulturrådet sine innkjøpsordningar for litteratur er ein av berebjelkane i den offentlege litteraturpolitikken. Dei legg til rette for at det blir skrive og gitt ut ein mangfaldig litteratur av høg kvalitet på begge målformer, og for at denne litteraturen blir gjort tilgjengeleg for publikum gjennom folke- og skulebiblioteka. Kulturrådet gir i tillegg tilskot til litteraturprosjekt og litteraturproduksjon. Dette skal bidra til at forlaga satsar på utgivingar og prosjekt som elles ville hatt svært vanskelege rammevilkår. Kulturrådet gir tilskot til ei stor breidde av formidlingstiltak, frå enkeltarrangement og arrangementsrekker og ulike sjanger-, nisse- og breiddefestivalar til litteraturverkstader og -turnear, digital formidling, filmportrett av forfattarar og faglitterære publikasjonar om litteratur.

I 2019 har me også satsa spesielt på å inkludere samisk litteratur i tilskotsordningane og utvide innkjøpsordningane til å gjelde innkjøp og distribusjon til skulebibliotek. Dialog og samarbeid med aktuelle organisasjonar og med felte har lege til grunn for tiltaka som er sette i verk. Dette første året kom det ikkje søknader til oversettelse frå samisk til norsk, men Kulturrådet ser på dette som eit langsiktig arbeid og har sett i verk tiltak for å få inn søknader i 2020.

Fleire påmelde til innkjøpsordningane

Det skjer stadig endringar i korleis litteratur blir produsert og publisert, og i kva for format og plattformer som blir brukte til å gjere litteratur tilgjengeleg. Dette gir nye utfordringar i vidareutviklinga av ordningane i Kulturrådet.

Det er ein stor auke i talet på påmelde titlar til innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur. De siste fem åra har talet på påmelde titlar for vaksne auka med 22 prosent, frå 284 titlar i 2015 til 349 i 2019, mens talet på påmelde titlar for barn og unge har halde seg stabilt. Auken i talet på påmelde titlar i kategorien skjønnlitteratur for vaksne kjem mellom anna av at fleire forfattarar gir ut sine eigne bøker. I tillegg har det spelt ei rolle at gebyret for forlag som ønskjer førehandsvurdering av bøker gjennom den automatiske ordninga, har falle bort. Det er no ingen terskel for å melde på bøker til slik førehandsvurdering.

Kulturrådet har sett ein generell auke i kvaliteten på påmeld sakprosa i 2019. Det er også ein auke i talet på påmelde titlar til denne ordninga. Av ulike grunnar er det altså eit stort press på mange av innkjøpsordningane, og Kulturrådet vil i 2020 sjå nærare på innretninga av og retningslinjene for fleire av dei.

Satsing på skulebibliotek

I strategien til rådet blir det understreka at barn sin tilgang til kunst og kultur i større grad enn for vaksne blir styrt av bakgrunn og sosioøkonomiske forhold, og at kunst og kultur for barn og unge treng særskild merksemd. Skulebiblioteket er ein arena som potensielt kan møte alle barn, uansett bakgrunn, og gi dei eit tilbod om varierte former for litteratur. I 2019 blei det gjennom skulebiblioteka tatt initiativ til ei særskild satsing på barn og unge i form av eit treårig forsøksprosjekt med mål om å skaffe barn tilgang til eit langt breiare utval titlar enn dei i dag har gjennom skulebiblioteket. Prosjektet omfattar eit utval skulebibliotek i forsøksperioden. Det byggjer på eksisterande infrastruktur, som innkjøpsordningar, vurderingsutval og distribusjonsløyser.

I tillegg til forsøksprosjektet som er retta mot skulebibliotek, blei det i perioden 2017–2019 gjennomført ei forsøksordning for litteraturskaping med barn og unge. Ordninga har gitt oss erfaring med bruk av elevjury og ulik type metodikk for å involvere barn og unge i skrive- og skaparverkstader. Forsøksordninga har mellom anna resultert i tverrkunstnariske verkstader der litteratur og skrivning er éin av fleire skapande aktivitetar, tekstproduksjon i ulike sjangrar, illustrasjonar, improvisasjonsbaserte forteljningar, utstillingsproduksjon og sceniske produksjonar som framføring av eigne tekstar, teater og slampoesi. Få prosjekt har utforska heilt nye format, bruk av ny teknologi eller digitale plattformer på nye måtar.

Kulturrådet vurderer satsinga som eit interessant pilotprosjekt og ser at dei prosjekta som har fått tilskot, har ført til gode prosessar og læring for dei involverte.

Fører til fleire satsingar

Norske bokillustratørar og teiknarar har ei rolle i utviklinga av litteratur på norsk, men har i dag lite utvikla normalkontraktar og øyremerkte stipend. Kulturrådet øyremerkjer derfor produksjonsstøtta slik at tilskota blir fordelte mellom illustratør/serieskapar og utgivar. Sjølv om utgivarane er lokaliserte i relativt få fylke, har bøkene i all hovudsak nasjonal distribusjon.

Tilskotsordninga for litteraturprosjekt er med på å sikre at norske forlag og utgivarar kan initiere og utvikle prosjekt som held høg kvalitet, og som gir ei større breidde i norsk litteratur og offentlegheit. Ordninga fører mellom anna til fleire redaksjonelle satsingar på utgivingar av omsett litteratur frå bestemte språkområde eller med samanfallande tematikk og tilgjengeleggjering av lettlesne litteratur.

Vurderingane og avgjerdene frå dei ulike vurderingsutvala er av offentleg interesse, og det har også i 2019 vore diskusjonar i media om avslåtte sakprosatitlar, kvalitetsforståingar i barnelitteraturen og tida det tar før aktuelle bøker når bibliotekhyllene. Slike diskusjonar er viktige for legitimiteten og utviklinga av ordningane. Kulturrådet har i 2019 gjort enkle grep for å sørge for at den nye sakprosaen kjem raskare ut til bibliotek og lesarar.




SØKNADER
467



TILDELINGAR
282

60%

Innvilga



AVSETJING

53,4 mill

SAMLA SØKNADSSUM

187,7 mill

SØKNADER

467

TILDELINGAR

282

Søknader og tildelingar 2018–2019

	2018	2019	2019 ekskl. innkjøp og tidsskrift
Tal på søknader	477	467	353
Tal på tildelingar	286	282	214
Søknadssum (i 1000 kr)	110 674	94 100	71 608
Søknader med tildeling (i prosent)	60 %	60 %	61 %

Avsetjing 2018–2019 – Litteratur

(tal i heile tusen)

	2018	2019	Plantal 2020
Tidsskrift og månadsaviser*	10 330	13 330	0
Litteraturprosjekt	4 323	6 900	4 900
Litteraturproduksjon	5 325	5 900	5 900
Litteraturformidling	13 159	14 300	14 300
Evaluering	1 000	0	0
Driftsstøtte	13 085	13 000	13 270
Sum avsetjing	53 722	53 430	46 370
Sum ekskl. tidsskrift og månadsaviser	43 392	40 100	


* Blir overført til allmenne kulturføremål frå 2020.

	Tal på søknader		Tal på tildelingar		Søknadssum (i 1000)		Søknader med tildeling (i prosent)	
	2018	2019	2018	2019	2018	2019	2018	2019
Tidsskrift og månadsaviser	103	114	65	68	25 821	22 492	63 %	60 %
Litteraturprosjekt	36	20	15	11	9 386	8 154	42 %	55 %
Litteraturproduksjon	120	148	81	99	11 594	14 586	68 %	67 %
Litteraturformidling	181	161	103	89	39 775	32 486	57 %	55 %
Driftsstøtte	11	10	8	6	18 081	13 000	73 %	60 %
Litteraturskaping for barn og unge	26	14	14	9	6 017	3 382	54 %	64 %
SUM	477	467*	286	282	110 674	94 100	60 %	60 %

* I tillegg er det behandla 509 søknader og gitt 202 tildelingar til ei forsøksordning for skulebibliotek.

Innkjøpsordningane for litteratur

Innkjøpsordning	Antall behandlede titler	Antall titler som gjenstår til behandling	Antall innkjøpte titler	Prosent- andel innkjøpte	Antall e-bøker (av innkjøpte)	Prosentandel e-bøker av innkjøpte titler
Ny norsk skjønnlitteratur voksne	270	70	228	84 %	215	94 %
Ny norsk skjønnlitteratur barn og unge	143	0	103	72 %	74	85 %
Ny norsk sakprosa voksne	315	0	96	30 %	79	82 %
Ny norsk sakprosa barn og unge	55	0	27	49 %	27	48 %
Nye norske tegneserier	40	0	19	48 %	0	0 %
Oversatt litteratur	232	0	124	53 %	103	83 %
Totalt	1055	70	597		498	



Navn	Fordeling 2019	Forslag til fordeling 2020	Til disposisjon 2020	Note
Innkjøpsordningen for oversatt litteratur	14 900	14 900	14 900	
Innkjøpsordningen for ny norsk sakprosa for barn og unge	6 200	6 200	6 200	
Innkjøpsordningen for nye norske tegneserier	3 800	3 800	3 800	
Innkjøpsordningen for ny norsk skjønnlitteratur – voksne	54 500	59 369	59 369	¹
Innkjøpsordningen for ny norske skjønnlitteratur – barn og unge	33 800	33 800	33 800	
Innkjøpsordningen for sakprosa for voksne	23 500	23 500	23 500	
Forsøksordning med distribusjon av kulturfondbøker til skulebibliotek	5 500	5 500	5 500	²
Frakt/distribusjon innkjøpsordningene for litteratur	6 605	8 000	8 000	⁶

¹ Økningen i budsjett 2020 på litteraturområdet er hovedsaklig lagt på innkjøpsordningen for skjønnlitteratur for voksne grunnet stort press på ordningen.

Avsetningen inkluderer videreføring av 500 000 kr øremerket inkludering av samisk litteratur oversatt til norsk, jf Statsbudsjettet 2019

² Prøveprosjekt for innkjøp av kulturfondsbøker til skulebibliotek varer i tre år (2019-2021) og ble satt i gang i 2019.

⁶ Utgifter til distribusjon av bøker kjøpt inn på innkjøpsordningen justeres i tråd med tidligere forbruk og ny kontraktsinngåelse



INGELEIV BERSTAD & PERNILLE HOLDEN, SOMATØS SAMLING.

Somatøs samling er ein midlertidig forsamlingsstad for kroppslege fantasiar.

Prosjektet spring ut av ein nysgjerrigheit på menneskekroppens materie og evne til transformasjon.

Prosjektet har fått tilskot frå støtteordninga for fri scenekunst dans og til formidling gjestespel.

Scenekunst

På scenekunstormrådet har Kulturrådet som mål leggje til rette for eksperimentering, utforsking, nytolking og samarbeid på tvers av uttrykksformer og sjangrar som speglar samfunnet me lever i. Kulturrådet forvaltar tilskotsordningar som gjennom løyvingar til prosjekt og verksemder er med på å styrkje dei kunstnariske aktivitetane i det profesjonelle scenekunstfeltet.

[Bilete 1]



[Bilete 2]



[Bilete 1] ISBJØRNPAPPAEN er ei framsyning av Katja Brita Lindberg der kompaniet utforskar eksistensielle spørsmål knytt til einsemd og å høre til. Forestillinga har fått tilskot frå støtteordninga for fri scenekunst teater og prosjektstøtte frå Fond for lyd og bilete.
Foto: Alex Hinchcliffe

[Bilete 2] WE COME IN PEACE – Eit utenomjordisk gjestespill. Konsept: Kristin Helgebostad, Heida Karine Johannesdottir, Anja Lauvdal, Fredrik Floen, Irene Theisen. Danseforestillinga er mellom anna spilt på Kilden i Kristiansand og Dansens hus i Oslo. Prosjektet har fått tilskot frå Fri scenekunst dans, Bestillingsverk musikk og prosjektstøtte frå Fond for lyd og bilete.
Foto: Simen Dieserud Thornquist.

Justering av ordningar

Ein viktig del av arbeidet i 2019 har vore å justere eksisterande tilskotsordningar på bakgrunn av grundige evalueringar. Ordninga som tidlegare heitte «Basisfinansiering av frie scenekunstgrupper», har no skifta namn til «Fri scenekunst – kunstnarskap» og fått justerte retningslinjer, noko som resulterte i til dels sterke reaksjonar frå scenekunsthellet i media i løpet av året.

Rådet har med denne endringa ønskt å leggje sterkare vekt på vidare kunstnarisk utvikling som det sentrale kriteriet. Det vil seie at me legg mindre vekt på fartstid, internasjonalt nedslagsfelt og etablert drift. I tillegg er tidshorizonten for tilskotet endra. Langsiktig og føreseieleg støtte var ein viktig del av ordninga for basisfinansiering, men over tid blei midlane bundne opp i store tilskot til eit fåtal aktørar. Det har også blitt gjort endringar på enkelte andre ordningar.

Stadig mangfald

Kulturrådet opplever framleis eit mangfald av scenekunstnariske uttrykk. Mange scenekunstnarar viser ei tydeleg interesse for å sjå nærare på kjønn og kjønnsidentitet, også i eit maktperspektiv. Dette er ein tematikk som går igjen i ulike sceniske uttrykk. Fleire scenekunstnarar bringar med seg perspektiv frå ulike kulturelle bakgrunnar som er med på å gjere scenekunsten rikare. Ein del scenekunstnarar skaper også kunst frå eit migrasjonsperspektiv.

Det er aukande interesse for korleis ein kan bruke tekst i dansekunsten, både på scena og som ein koreografisk metode for å organisere rørsle og andre element i ei framsyning. Mens dansarar bruker mykje tekst, opplever ein i mange teaterproduksjonar at det er musikken som representerer motoren i det sceniske uttrykket, og ein opplever tydelege teaterprosjekt med dans og rørsle som sentralt verkemiddel.

Samspill med barn og unge

Det er framleis eit godt tilfang av søknader om produksjonsstøtte til prosjekt som er retta mot målgruppa barn og unge, og ikkje minst viser gjestespelordninga at norske produksjonar for eit ungt publikum er etterspurde av internasjonale arenaer.

Mange kunstnarar er interesserte i kva barn og unge tenkjer om framtida, og ønskjer å presentere dette i samspel med barn eller basert på barn sine egne tankar. Dette kjem spesielt til syne i ordninga for fri scenekunst (teater), der over halvparten av søknadene gjaldt prosjekt retta mot barn og unge. Dette viser seg også i talet på løyvingar. Me har mellom anna gitt ei større, fleirårig løyving til kompaniet dybwikdans, som særleg arbeider med scenekunst for babyar.

På arrangørordninga hadde alle arrangørane som fekk støtte, program retta mot barn og unge i større eller mindre grad. I porteføljen kan me spesielt trekkje fram SPKRBOX, som er eit tiltak som bevisst arbeider med ei mangfaldig publikumsgruppe, uavhengig av fagfelt, alder, sosial bakgrunn, språk og etnisitet. Denne festivalen blei etablert i 2014, med ambisjonar om å fremje urban scenekunst og utforske kulturelle klasseforskjellar mellom institusjonsteatera og hiphopmiljøet.

Utgreiing av scenekunstformidling


Hausten 2018 og våren 2019 gjennomførte me ein intern gjennomgang av tilskotsordninga «Kompetansehevande tiltak – scenekunst». Gjennomgangen har hatt som mål å undersøkje korleis ordninga fungerer for søkerane. I tillegg ville me kartleggje moglege endra behov på fagområdet. Få søknader og relativt låg kvalitet på prosjektsøknadene har vore indikasjonar på dette. Basert på innspela frå ulike aktørar på scenekunstfeltet har rådet justert ordninga og endra namnet til «Scenekunstfaglege tiltak og publikasjonar». Endringa får tydeleg fram at ordninga rettar seg mot tiltak som bidrar til fagleg utvikling av scenekunst, og at me legg vekt på publikasjonar.

I 2019 løyvde rådet midlar til ei utgreiing om formidling av scenekunst. Målet var å skaffe kunnskap om kva for erfaringar scenekunstnarar og arrangørar gjer seg i samband med vising av produksjonar. For betre å kunne bidra til at flest mogleg skal få tilgang til det mangfaldige scenekunstuttrykket i samtida, vil eit overordna spørsmål vere korleis aktørane opplever balansen mellom produksjon av nye framsyningar og vising av framsyningar som allereie er produserte. Utgreiinga skal undersøkje korleis bidrag frå ulike tilskotsordningar både i og utanfor Norsk kulturråd, og bidrag frå arrangørane sjølve, spelar saman i planlegginga og realiseringa av speleperiodar. I denne samanhengen er det også ein ambisjon å få nærare innsikt i korleis Kulturrådet si ordning for formidling/gjestespel fungerer. Eventuelle forslag til endringar er også velkomne.

Avsetjing 2018–2019 – Scenekunst

(tal i heile tusen)

	2018	2019	Plantal 2020
Forprosjekt scenekunst	6 577	7 791	7 791
Fri scenekunst – dans	25 500	26 000	26 689
Fri scenekunst – teater	30 338	33 000	33 847
Fri scenekunst – kunstnarskap (tidl. Basisfinansiering)	47 043	52 678	53 350
Formidling av scenekunst/gjestespel	9 000	7 800	8 000
Arrangørstøtte scenekunst	15 600	16 812	16 812
Regionale kompetansesenter for dans	5 300	5 900	6 700
Scenekunstfaglege tiltak og publikasjonar (tidl. Kompetansehevande tiltak – scenekunst)	4 184	4 500	5 000
Driftsstøtte	10 608	10 452	9 576
Sum avsetjing	154 150	164 933	167 765




SØKNADER
1 280



TILDELINGAR
370

29 %

Innvilga



AVSETJING

164,9 mill

SAMLA SØKNADSSUM

853,9 mill

SØKNADER

1 280

TILDELINGAR

370

Søknader og tildelingar 2018–2019

	2018	2019
Tal på søknader	1 400	1 280
Tal på tildelingar	352	370
Søknadssum (i 1000 kr)	905 366	853 919
Søknader med tildeling (i prosent)	25 %	29 %



[Bilete 1]

[Bilete 2]



[Bilete 1] MAREN DAGNY JUELL, TUTORIAL#13 JOY (2019)
 Videoinstallasjon vist mellom anna på Haustutstillinga og
 The Australian Video Biennial. Juell fekk i 2019 tilskot til FLEX,
 ein VR og videoinstallasjon. Foto: Maren Dagny Juell

[Bilete 2] NORTHERN LIGHT FESTIVAL
 i Kristiansund får tilskot frå Driftstilskotordninga.
 Foto: Marta Anna Løvberg.

Visuell kunst

På det visuelle kunstområdet har Kulturrådet som mål å auke kvaliteten og mangfaldet i samtidskunsten, å styrkje formidlinga slik at den profesjonelle kunsten får ein tydelegare plass i samfunnet, og å utvikle og styrkje infrastrukturen av utstillingsstader. Støtteordningane på det visuelle kunstfeltet rettar seg derfor mot både enkeltkunstnarar og arrangørar. Me gir tilskot til utstillingar og andre formidlingstiltak, kunstnardrivne visingsstader og kunstfestivalar, kunstfaglege publikasjonar og manusutvikling, kunstnarassistentordning, utstyrsstøtte til fellesverkstader og driftsstøtte.



[Bilete 3]

[Bilete 4]



[Bilete 5]

[Bilete 3] SANDRA NORRBIN, SLOTTET
separatutstilling på Akershus Kunstsenter.
Installasjonsfoto: Istvan Virag

[Bilete 4] CAMILLA STEINUM, ELBOW
på Hordaland Kunstsenter. Utstillinga har
fått tilskot frå Prosjektsøtte visuell kunst.
Foto Hordaland Kunstsenter.

[Bilete 5] MARI SLÅTTELID, KYSTVERKET
Festspillutstillinga i Bergen 2019. Festspilla i
Bergen får tilskot frå driftstilskotordninga
Foto: Thor Brødreskift.

Kulturrådet har i 2019 prioritert tilskot til enkeltkunstnarar og prosjekta og utstillingane deira. Sjølv om ei overvekt av kunstnarane i Noreg bur i og omkring dei større byane, er aktivitetane spreidde utover heile landet, og det er viktig å støtte opp under denne spreinga. Det er også eit sentralt mål å sørge for eit tilfang av nye stemmer, uttrykk og møteplassar. Prosjektstøtteordningane for visuell kunst bidrar dermed til formidling av profesjonell samtidskunst og sørger for at kunsten får ein større og tydelegare plass i samfunnet.

Ei sentral prioritering har også vore å styrkje dei grunnleggjande økonomiske vilkåra for kunstnarane gjennom å best mogleg sikre at utstillingsvederlaget til visingsstadene følgjer dei avtalte satsane og rammene, og at honorara til utstillande kunstnarar får eit heilt nødvendig løft.

Heilskapleg perspektiv

Kulturrådet sine støtteordningar på området ser omsynet til institusjonar, individuelle kunstnarar og publikum i eit heilskapleg perspektiv. Kunstfeltet er i utvikling, og infrastrukturen av visingsstader og produksjonsmiljø blir stadig meir profesjonalisert. Samtidig er desse institusjonane ofte underfinansierte sett i lys av kvaliteten, ambisjonane og nedslagsfeltet deira.

Ordninga for driftstilskot blir rekna som det øvste nivået i eit hierarki som er understøtta av ordningane for prosjekt- og arrangørstøtte. Kulturrådet sette i 2017 i gang eit arbeid med å omprioritere midlar innanfor denne porteføljen. Dette blei følgt opp for 2019 ved at fem tiltak fekk varsel om reduksjon eller tilbakebetaling av tilskotet, og at tre tiltak blei sette på utfasing frå ordninga. Fire tiltak fekk auka støtta si for 2019 som følgje av godt skildra behov og prioriteringar.

Ordninga for arrangørstøtte til kunstnar drivne visingsstader og kunstfestivalar er i større grad ei tidsavgrensa verksemdsstøtte, og ho er dermed ikkje meint å verke institusjonsbyggjande på same måte som ordninga for driftstilskot. Kulturrådet ønskjer at denne ordninga skal ha låg terskel for å fange opp nye og utforskande tiltak med høg kunstnarisk kvalitet. Søknadsrunden for 2019 omfatta mange sterke søkjarar, der Hordaland og Bergen hadde det største talet på søknader og tildelingar. Seks nye tiltak fekk tilskot gjennom ordninga.

Bidra til offentleg debatt

Tilskotsordningane til Kulturrådet bidrar til visuell kunstnarisk produksjon og formidling for eit mangearta publikum over heile landet. At kunstnarane får produsert, bidrar også til auka omsetning av kunstverk. Mangfaldet av tematiske problemstillingar inkluderer både subjektive erfaringar frå vår tid og allmenngyldige erfaringar ein kan oppleve og debattere i offentlegheita. Slik bidrar den visuelle kunsten til ytringsmangfald, kritisk refleksjon, ny kunnskap og nye perspektiv som har stor innverknad på og verdi for samfunnet.

Ordningane er fleksible og romslege. Det er viktig for å styrkje mangfaldet, representativiteten og tilfanget av nye kunstnarskap og stemmer. Spennet i støtteordningane for visuell kunst gjer at Kulturrådet kan sjå omsynet til institusjonar, individuelle kunstnarar

og publikum i eit heilskapleg perspektiv. Feltet er i utvikling, og gjennom å styrkje og profesjonalisere infrastrukturen av visingsstader og produksjonsmiljø legg me til rette for betre vilkår for kunstnarar og kuratorar. Tildelingar til produksjonsmidlar er med på å styrkje dei grunnleggjande økonomiske vilkåra for både nyetablerte og erfarne kunstnarar.


Avsetjing 2018–2019 – Visuell kunst

(tal i heile tusen)

	2018	2019	Plantal 2020
Ymse tiltak	21 670	23 372	23 625
Kunstfaglege publikasjonar og manusutvikling	4 000	4 000	4 000
Utstyrsstøtte til fellesverkstader	1 500	1 500	1 500
Utstillingsstøtte – kunstnarar i etableringsfasen	2 500	2 500	2 500
Arrangørstøtte til kunstnar drivne visingsstader og kunstfestivalar	16 000	16 000	16 050
Kunstnarassistentordninga	4 108	4 116	4 200
Videokunstarkiv*			1 000
Driftsstøtte	75 648	76 251	75 677
Statens utstillingsstipend**	5 200	0	0
Sum avsetjing	130 626	127 739	128 552

* Midlar til vidare finansiering i 2020, i påvente av ei permanent løysing for vidare organisering og finansiering.

** Overført til Kunstsentrene i Norge.




SØKNADER
1 422



TILDELINGAR
498

35 %

Innvilga



AVSETJING

127,7 mill

SAMLA SØKNADSSUM

395,7 mill

SØKNADER

1 422

TILDELINGAR

498

Søknader og tildelingar 2018–2019

	2018	2019
Tal på søknader	1 346	1 422
Tal på tildelingar	422	498
Søknadssum (i 1000 kr)	322 421	395 735
Søknader med tildeling (i prosent)	31 %	35 %

**DEN VESLE MOLDVARPEN**

Den vesle moldvarpen som ville vite kven som hadde bæsja på hovudet hans, er ein av figurane som har fått plass i det landsomfattande digitale arkivet over teaterfigurar. Prosjektet går over tre år og har fått tilskot frå Prosjektstøtte kulturvern. Foto: Oslo Nye Trikkehallen.

Kulturvern

Målet med avsetjinga til kulturvern er å stimulere til prosjektbasert arbeid med innsamling, dokumentasjon, bevaring og formidling av materiale som utgjør grunnlaget for auka kunnskap om historie, kunst, kulturar og samfunnsliv i Noreg. I tillegg til frie prosjektmidlar gir Kulturrådet driftsstøtte til landsdekkjande organisasjonar med viktige funksjonar for lokalt, regionalt og nasjonalt forankra arbeid med kulturvern.



NORGES TALERSTOLER

Kva fortel Noregs talarstolar om Det store vi? Fotograf Erlend Berge har skrive bok der han presenterar talarstolar frå heile landet. Prosjektet har fått tilskot frå Prosjektstøtte kulturvern.

Foto: Erlend Berge.

Innretta mot frivillige

Med det frivillige kulturvernet som primær målgruppe ser Kulturrådet at det blir gjort ein omfattande innsats utanfor etablerte institusjonar som museum, arkiv og bibliotek, der både profesjonelle og frivillige aktørar arbeider med innsamling, dokumentasjon, bevaring og formidling av kulturarv. Ei viktig oppgåve for å gi heile feltet eit fagleg løft er å styrkje samhandlinga mellom institusjonane og det frivillige kulturvernet.

I 2019 ser vi fleire tiltak der nye stemmer får kome til orde på historie- og samtidskartet. Mange av prosjekta som har fått støtte, inneber konkret arbeid med dokumentasjon og formidling av ulike minoritetar og kulturelt mangfald i Noreg, inkludert uttrykk og erfaringar som er knytte til samisk kulturarv og historie, nasjonale minoritetar og nyare innvandrarar.

Kulturrådet er opptatt av at kulturvernet representerer breidda av kulturuttrykk i samfunnet, og at det har låg terskel for deltaking. Nye aktørar og stemmer er med på å styrkje heile feltet og gjer det meir relevant i ein fleirkulturell samfunnskontekst. Alle må få høve til å definere både tidlegare og dagsaktuelle kulturuttrykk, og mangfaldet av erfaringar må nå ut til så mange som mogleg.

Fleire samarbeidsprosjekt

Målgruppa for dei frie prosjektmidlane speglar ei stor aktørbreidde, der både frivillige lag og organisasjonar, museum, arkiv, kommunar, fylkeskommunar, dokumentarfilmskaparar og forlag er representerte. Prosjekta som har fått støtte i 2019, viser stor variasjon i spennet mellom bevaring og fysisk sikring av kulturarv, via dokumentasjon og innsamling, til formidling i form av til dømes utstillingar, faglitteratur og dokumentarfilm.

Driftsmidlane er eit verkemiddel som sikrar organisasjonane føreseielege og langsiktige rammer. Dei som får driftsstøtte, har eit nasjonalt nedslagsfelt. Dei arbeider målretta med mellom anna kompetanseheving, kursing og seminar for fagleg utvikling i ein stor, frivillig medlemsmasse i lokalsamfunn og regionar i heile landet.

Ei rekkje prosjekt som fekk støtte i 2019, omfattar samarbeid mellom frivillige krefter og etablerte institusjonar. I nokre tilfelle kan det vere frivillige som har tatt initiativ til tiltaka ved å søkje samarbeid med musea eller arkiva, mens det i andre kan vere institusjonane som drar nytte av kunnskapen og innsatsen til dei frivillige aktørane. Kulturrådet er spesielt opptatt av å stimulere til samhandling som er til gjensidig fagleg nytte, og som i neste omgang kjem eit allment publikum i regionen eller lokalsamfunnet til gode.

Oppfordrar til prosjekt for barn og unge

Kulturrådet verdset at aktørar i kulturvernet prøver ut nye idear, deltakargrep og formidlingsmåtar knytte til barn og unge. Stadig fleire barn og unge har bakgrunn frå land og kulturarv utanfor Noreg. Uavhengig av den kulturelle bakgrunnen deira vil barn og unge som lærer å kjenne og setje pris på historia og kulturarven til seg sjølv og andre, vere betre rusta til å forstå seg sjølv og samfunnet, og til å møte ulike kulturuttrykk med openheit og respekt.

I 2019 har det derfor vore eit mål å oppfordre til prosjekt der barn og unge er tydeleg målgruppe, og til tiltak som er tematisk orienterte mot dokumentasjon og formidling av barn og unge i ein samfunns- og kulturhistorisk kontekst. Prosjekt der barn og unge blir aktivt involverte i arbeid med bevaring, dokumentasjon og formidling, har fått høg prioritert. Det er gledeleg å sjå stadig fleire prosjekt der barn og unge tar vare på og vidarefører kulturarv gjennom deltaking, utforsking og bruk.

Effektar og vurderingar

Kulturvernet er primært orientert mot fortida, men det er også eit mål for Kulturrådet å stimulere til dokumentasjon, formidling og refleksjon når det gjeld ulike fenomen i vår eiga samtid. Samtidsorientering er eit fruktbart supplement til den tradisjonelle vektinga kulturvernet har hatt av fortida, og det gir oss høve til å byggje bruer til fortida og skape eit grunnlag for formidling og forskning i framtida.


I praksis kan samtidsorienterte aktivitetar gi eit utvida kunnskapsgrunnlag som styrkjer kulturvernet sin relevans og aktualitet i ein stadig skiftande samfunnskontekst. Det er derfor oppløftande at søknadene i 2019 viser at fleire aktørar på feltet arbeider med å dokumentere og formidle ulike fenomen både i samtida og den nære fortida. Slike prosjekt er spesielt relevante i lys av kompleksiteten i samfunnet og dei raske endringane i kultur, levesett og mentalitet som kjenneteiknar vår tid.

Kulturrådet merkar seg behovet for forskingsbasert kunnskap om korleis aktuelle endringsprosessar i samfunnet verkar inn på aktivitet og praksis både i institusjonane og i det frie kulturvernet. I 2019 har me derfor sett i gang eit FoU-prosjekt som skal kartleggje aktivitetar, aktørar og sjølvforståingar innanfor det frivillige kulturvernet i Noreg. Prosjektet skal også gi ei oversikt over aktuell forskning på feltet. I tillegg skal det vurdere kunnskapsbehov og bidra med innspel til perspektiv og problemstillingar for framtidig forskning.

Avsetjing 2018–2019 – Kulturvern

(tal i heile tusen)

	2018	2019	Plantal 2020
Prosjektstøtte	13 089	13 274	13 593
Driftsstøtte	21 387	21 815	21 476
Sum avsetjing	34 476	35 089	35 069



SØKNADER
285




TILDELINGAR
134

47 %

Innvilga

Prosjektstøtte
13,3 mill



Driftsstøtte
21,8 mill

AVSETJING

35,1 mill

SAMLA SØKNADSSUM

82,3 mill

SØKNADER

285

TILDELINGAR

134

Søknader og tildelingar 2018–2019

	2018	2019
Tal på søknader	249	285
Tal på tildelingar	119	134
Søknadssum (i 1000 kr)	84 678	82 349
Søknader med tildeling (i prosent)	48 %	47 %

Driftsstøtte

Driftsstøtta blei etablert som eiga støtteordning i 2015, med utgangspunkt i at tiltaka på tidlegare post 74 blei overførte frå Kulturdepartementet til Kulturrådet i 2011. Målet med ordninga er å sikre at aktørar med høg kunst-og kulturfagleg kvalitet, langsiktige mål og nasjonal innverknad, får føreseielege rammer til verksemda si. Ordninga skal sørge for brei formidling av profesjonell kunst over heile landet og fagleg utvikling innanfor visuell kunst, musikk, scenekunst, litteratur, kulturvern og tverrfaglege tiltak.

Driftsstøtta blei etablert som eiga støtteordning i 2015, med utgangspunkt i at tiltaka på tidlegare post 74 blei overførte frå Kulturdepartementet til Kulturrådet i 2011. Målet med ordninga er å sikre at aktørar med høg kunst-og kulturfagleg kvalitet, langsiktige mål og nasjonal innverknad, får føreseielege rammer til verksemda si. Ordninga skal sørge for brei formidling av profesjonell kunst over heile landet og fagleg utvikling innanfor visuell kunst, musikk, scenekunst, litteratur, kulturvern og tverrfaglege tiltak.

Driftsstøtteordninga i Kulturfondet har i 2019 vore med på å sikre stabilitet og utvikling for viktige visings- og formidlingsarenaer for kunst og kultur rundt om i landet. Ordninga har også sikra føreseieleg drift for nasjonale og regionale kompetansmiljø og organisasjonar for ulike sjangrar, uttrykksformer og kunnskapsfelt.

Rådet fann ikkje rom for vesentlege aukar av rammene til driftsstøtta i 2019, og dei fleste verksemdene fekk dermed vidareført støtta si med ei viss prisjustering. Nokre få aktørar som er vurderte å ha mykje å seie for den faglege utviklinga, breidda og mangfaldet på kunst- og kulturfeltet, fekk i tillegg nokre ekstra påplussingar: Periskop.no, Kunsthall

Stavanger, Norsk Billedhoggerforening, Kunstkritikk.no, JM Norway og Scenekunst.no. JM Norway gir unge menneske høve til å delta i relevante musikkaktivitetar eit med internasjonalt perspektiv. Dei tre nettplattformene bidrar til kritikk, fagdebatt og formidling over heile landet. Og innanfor visuell kunst fekk to gode formidlingsarenaer i Stavanger og Oslo eit løft. Prioriteringane byggjer opp under satsingane rådet har på barn og unge, tidsskrift og kritikk og på styrking av infrastrukturen på det visuelle kunstfeltet.

Nokre aktørar fekk også varsel om utfasing eller mogleg endring av tilskotet sitt i framtida, basert på rådet si vurdering av rolla og aktivitetsnivået deira over tid. Ei eventuell utfasing frå driftsstøtta inneber ikkje at ein ikkje kan få støtte frå Kulturrådet, men at ein blir vist til andre, meir prosjektbaserte støtteordningar.

Balanse mellom langsiktig støtte og prosjektmidlar

Rådet arbeider med aktiv forvaltning av driftsstøtta og ser kontinuerleg på forholdet mellom den og andre ordningar i Kulturfondet. Rådet er opptatt av at det skal vere ein god balanse mellom langsiktig finansiering og prosjektmidlar i Kulturfondet. Det er framleis eit etterslep og behov for å styrkje verksemder og infrastruktur på fleire av fagområda, særleg innanfor tverrfagleg verksemd, visuell kunst og kulturvern. Slik det er nemnt i mange budsjettsøknader sidan Kulturrådet tok over forvaltninga av dei tidlegare post 74-tiltaka, har dei tilgjengelege rammene gitt avgrensa rom for utvikling.

På tampen av 2019 blei det levert ei intern evaluering av driftsstøtteordninga. Evalueringa drøftar ulike perspektiv ved porteføljen og forvaltninga av ordninga frå 2011 og framover. Rådet vil arbeide vidare med dei spørsmåla evalueringa tar opp. Som ei følgje av både evalueringa og regionreforma kan det kome endringar i forvaltninga av porteføljen og ordninga fram mot søknadsfristen for 2021.

Driftsstøtte i tal

(beløp i heile tusen)

Fagområde	Søknader		Søknadssum		Tildelingar		Tilskot	
	2019	2018	2019	2018	2019	2018	2019	2018
Allmenne kulturføremål	20	10	63 637	19 945	8	8	14 615	14 742
Visuell kunst	50	51	114 268	107 798	34	34	76 251	74 648
Musikk	39	37	88 400	83 000	29	30	60 257	59 628
Scenekunst	8	13	12 480	20 822	5	7	10 452	10 608
Litteratur	10	11	21 333	18 081	6	8	13 000	13 085
Kulturvern	14	16	28 344	27 738	10	10	21 805	21 387
Totalt	141	138	328 462	277 384	92	97	196 380	194 098

Forsking og utgreiing

FoU-avsetjinga i Norsk kulturfond blir brukt til forsking som gir kunnskap om tendensar og saksforhold i samtidskunst og -kultur, og som bidrar til omgrepsutvikling og kritisk refleksjon. Midlar frå Kulturfondet blir også brukte til evalueringar og utgreiingar som bidrar til å kvalitetssikre ordningane i fondet.

Fellesskap og digitalisering

Hovudprioriteringane i 2019 var forskingsprogramma «Kunst og sosiale fellesskap» og «Digital kultur, estetiske praksisar». «Kunst og sosiale fellesskap» er eit samarbeid med Statens Kunstfond i Danmark. Det undersøker danning av fellesskap og gir kunnskap om kva for innverknad kunst og kultur har på samfunnet. «Digital kultur, estetiske praksisar» er samfinansiert med Kulturdepartementet og gir innsikt i innverknaden digitaliseringa har på produksjon, formidling og bruk av kunst og kultur.

Kvalitetssikrar og fornyar

Evalueringane og utgreiingane til Kulturrådet er med på å kvalitetssikre og fornye forvaltinga av våre eigne tilskotsordningar. I 2019 blei utgreiinga Engasjement og arrangement. Ei bok om konsertar og konsertarrangering publisert. Funna i boka viser eit konsertfelt som har endra seg mykje det siste tiåret. Også fleire andre prosjekt var under arbeid eller blei sette i gang i 2019, mellom anna ein gjennomgang av Kulturrådet sine tilskotsordningar for litteratur og eit prosjekt som skal kartleggje aktivitetar, aktørar og sjølvforståingar innanfor det frivillige kulturvernet.

Kulturrådet formidlar kunnskapsprosjekta sine gjennom rapportar, bokutgivingar, nettpubliseringar, seminar, konferansar og anna utovervend verksemd. FoU-verksemda gir grunnlag for avgjerder og set preg på den offentlege samtalen om kunst og kultur. Mellom anna har forskingssatsinga «Kunst, kultur og kvalitet», som blei avslutta i 2018, også hatt ein meir langsiktig effekt på diskusjonar om skjønnsvurderingar og forståingar av kunstnarisk og kulturell kvalitet. I 2019 trakk oppstartskonferansen for «Digital kultur, estetiske praksisar» i Trondheim eit breitt publikum. Videoopptak av konferansen er tilgjengeleg på nett.

Produksjon og formidling av kunnskap

Kulturrådet har lenge hatt ei sentral rolle i opparbeiding, produksjon og formidling av kunnskap om kunst- og kultursektoren. Me arbeider med å styrkje denne rolla og knyte kontaktar med fleire miljø som kan bidra til kunnskap på området. Også fleire av programma til Forskningsrådet har dei seinare åra vore med på å byggje relevante forskingsmiljø og styrkje forskinga på kulturpolitikk. Kulturrådet ser positive tendensar i utviklinga av feltet.

Aktuelle FoU-prosjekt

- Forskingsprogrammet «Kunst og sosiale fellesskap». Samarbeid med Statens kunstfond og Nordisk kulturfond. Elleve forskingsprosjekt fekk støtte i 2019. Blir avslutta hausten 2021.
- Forskingsprogrammet «Digital kultur, estetiske praksisar». Finansiert av Norsk kulturfond og Kulturdepartementet. Ni prosjekt fekk støtte i 2019. Oppstartskonferanse i Trondheim i september 2019. Blir avslutta hausten 2021.
- Forskingsprogrammet «Barn og unge og kunst og kultur». To forskingsprosjekt fekk støtte i 2017. Blir avslutta våren 2020.
- Utgreiinga «Kulturvern og frivilligheit». Blir gjennomført av Telemarksforskning. Skal stå ferdig våren 2021.
- Gjennomgang av Kulturrådet sine tilskotsordningar for litteratur. Arbeidet blir utført av Høgskulen i Volda. Skal stå ferdig hausten 2020.

FoU-prosjekt som blei avslutta i 2019

- Utgreiinga Engasjement og arrangement. Ei bok om konsertar og konsertarrangering av Bård Kleppe, Ola K. Berge og Sigbjørn Hjelmbrække (Telemarksforskning) blei lansert i juni 2019 med eit seminar Cosmopolite Scene i Oslo.



TIGERBUSSEN

Tigerbussen er ein blackbox på hjul som kan køyre ut dit barn oppheld seg og invitere dei inn i teaterets verd. Prosjektet som drivast av Tigerstadteatret har fått tilskot til å byggje tigerbussen frå Rom for kunst. Foto: Morten Hammersand

Allmenne kulturføremål

Norsk kulturfonds avsetning til allmenne kulturformål blir nytta til tverrgående tilskotsordningar, forsøksordningar og særskilde satsingar. I 2019 er midla brukte til tilskotsordningane Rom for kunst (kunst- og kulturbygg), Aspirantordninga, Gjesteopphaldsstøtte for arenaer og Tverrfaglege tiltak.

Rom for kunst

Rom for kunst skal vere med på å sikre at det profesjonelle kunst- og kulturfeltet har tilrettelagd og føremålstenleg infrastruktur for utvikling, produksjon og formidling. Målet er å skape framtidsretta og levande arenaer innanfor eit mangfald av uttrykk over heile landet.

Gjennom ordninga gir ein tilskot til bygg, oppgradering, utvikling og tilpassing av arenaer og infrastruktur for produksjon og formidling på kunstområda.

Store og inkluderande prosjekt

I 2019 har Kulturrådet vore med på å realisere arenaprojekt på ei rekkje stader i landet. Dei fleste prosjekta som har fått tilskot, omhandlar oppgradering av eksisterande lokale og bygningsmasse. Dette kan vere bygg der den opphavlege verksemda er lagd ned, som tidlegare nærings- eller industrilokale, eller bygg som i utgangspunktet er bygde som visingsarenaer for kunst og kultur, til dømes eldre galleri- eller kinobygg. Me har også gitt tilskot til fleire prosjekt som handlar om mobil infrastruktur og uteromprosjekt, og til forprosjekt og utprøvingssprosjekt. Nybygg er i liten grad prioritert. Søkjarane er i hovudsak profesjonelle produksjons- og visingsarenaer, kunstnarar, arrangørar og andre aktørar og organisasjonar på kunstfeltet. Kulturrådet har prioritert store og inkluderande prosjekt som rettar seg mot eit breitt kunstfelt.

Ser eit tydeleg behov

Søknadene vitnar om eit tydeleg behov for eigna produksjonslokale innanfor fleire kunstområde, særleg for scenekunst og visuell kunst. Fleire søknader i 2019 omfattar også produksjonsrom på musikkfeltet. Ein annan tendens er at det kjem inn fleire søknader om tilskot til etablering eller vidareutvikling av arenaer som prøver ut nye modellar for sambruk, samlokalisering og samarbeid.

Fleire søknader er knytte til mobil infrastruktur og/eller prosjekt i uterom. Enkelte er reindyrka mobile og oppsøkjande arenaer. Andre prosjekt omhandlar mobil infrastruktur, som sceneelement eller teknisk utstyr, gjerne til bruk utandørs. I dei tilfella Kulturrådet har prioritert slike prosjekt, har det vore ein føresetnad at infrastrukturen det blir investert i, skal vere tilgjengeleg for fleire aktørar i regionen.

Fleire satsar på barn og unge

Kulturrådet skal bidra til utvikling av nye og eksisterande arenaer for profesjonell, relevant kunstformidling for barn og ungdom. Om lag 32 prosent av søknadene i 2019 hadde ei klar satsing retta mot barn og unge. Dette er ein auke frå 2018 (om lag 20 prosent), og det kan vitne om at fleire aktørar er meir merksame på den unge publikumsgruppa enn for berre få år sidan.

Den største tildelinga frå Rom for kunst i 2019 gjekk til Tigerbussen, ein blackbox på hjul som køyrer dit barn er i kvardagen, og inviterer dei inn i teaterverda. Bak initiativet står det Oslo-baserte prosjektteateret Tigerstadsteateret. Bussen skal brukast som arena for Tigerstadsteateret sine framsyningar, i samarbeidsproduksjonar med andre aktørar og leigast ut til institusjonar og arenaer som ønskjer å bruke han til å ta eigne framsyningar for barn og unge ut på turné.

Ordninga endrar namn

Søknadstalet til Rom for kunst var stabilt også i 2019. Søknadene kjem frå store delar av landet, og ordninga treffer nokså breitt geografisk. Samtidig er nokre kunstområde svært høgt representerte i søknadsbunkane, og hovudvekta av søknadene kjem frå arenaer innanfor det visuelle kunstfeltet og arenaer med ein tverrfagleg/tverrkunstnarisk profil. Musikk- og litteraturarenaer er derimot lågt representerte i ordninga. Mange søkjarar er i tillegg aktørar som kjenner Kulturrådet godt, og som i fleire tilfelle har søkt om tilskot frå ordninga tidlegare. Det er få heilt nye søkjarar, og Kulturrådet saknar gode søknader frå til dømes kulturhus, digitale arenaer og arenaer for debatt og offentleg ordskifte.

Ei årsak til desse tendensane i søknadstilfanget kan liggje i namnet på ordninga, fordi mange forstår «kunst»-omgrepet som synonymt med visuell kunst. Namnet kan dermed verke ekskluderande for fleire potensielle søkjarar. For å bidra til å auke kjennskapen til ordninga for eit breiare utsnitt av kunst- og kulturfeltet har Kulturrådet derfor vedtatt å endre namnet på ordninga frå og med 2020 til ARENA – tilskotsordning for bygg og infrastruktur.

Rom for kunst er ei av få støtteordningar med eit nasjonalt ansvar og overblikk der det frie kunst- og kulturfeltet kan søkje om tilskot til bygg og infrastruktur. Ordninga bidrar til realisering av både store og små prosjekt over heile landet. Ho blir rekna for å vere ei svært viktig finansieringskjelde for bygg og infrastruktur for profesjonelle aktørar på kunstfeltet, men også for kommunar, kulturhus, bibliotek, frivillige organisasjonar og så vidare. I 2019 har me også gitt tilskot til ei rekkje forprosjekt som sikrar at sjølve hovudprosjektet blir godt forankra og planlagt.

Gjesteopphaldsstøtte for arenaer

Gjennom gjesteopphaldsstøtta kan kunst- og kulturarenaer over heile landet søkje om tilskot til å invitere kuratorar, programskaparar, kunstnarar, frittstående arrangørar og fagpersonar til opphald og samarbeid om programutvikling og kunstproduksjon. Målet er å styrkje moglegheitene arenaene har til utvikling av innhald og kompetanse på programarbeid og programutvikling. Ordninga er frå 2019 ei fast tilskotsordning under Norsk kulturfond.

Samarbeid mellom lokalt og internasjonalt

I prosjekta som er prioriterte, skal dei inviterte kunstnarane og kuratorane bidra til mellom anna programarbeid og kuratering, kompetanseheving og profesjonalisering, til å auke kvaliteten på programinnhaldet eller utvikle nye strategiar for formidling og/eller produksjon ved arenaene. I enkelte tilfelle skal gjesteopphaldsprojekta også bidra til utvikling for eit større fagmiljø eller felt.

Fleire arenaer hentar internasjonale gjestekunstnarar og/eller -kuratorar til Noreg for samarbeid og utveksling, der dei gjerne blir involverte i samarbeid med lokale kunstnarar, ulike publikumsgrupper eller andre aktørar.

Eiga satsing på barn og unge

Delar av avsetjinga til ordninga var i 2019 øyremerkte ei eiga satsing på prosjekt som tilfører arenaene kompetanse og innhald i det arbeidet dei gjer for eit ungt publikum. Me vurderer satsinga som vellykka, både når det gjeld talet på søknader og støtta prosjekt. Tilskot frå ordninga er med på å bygge opp gode miljø sentrert rundt kunstnarisk tenking overfor barn og unge innanfor fleire kunstfelt, og verkar på ein god måte med andre ordningar i Norsk kulturfond. I 2019 blei det behandla 15 søknader om tilskot til slike prosjekt, og nærare 2,8 millionar kroner blei delte ut til 9 gjesteopphaldsprosjekt som bidrar til å skape programinnhald og utvikle profesjonelle kunstprosjekt for barn og unge i Noreg.

Gjesteopphaldsordninga er med på å gjere det mogleg for arenaer og aktørar på kunstfeltet å utvikle seg over tid, og me ser at fleire av prosjekta som har fått tilskot over fleire år, har ringverknader. Eit døme på dette er programmet Mobilizing Citizenship i regi av Kunsthall Stavanger, som har fått tilskot over fleire år (2018, 2019 og no også 2020). Prosjektet legg vekt på å få stemmene til barn og unge ut i det offentlege og å tilby dei kunstnariske fellesskap gjennom samarbeid mellom gjestekunstnarar og barn/unge.

Ordning med ringverknader

Gjesteopphaldsstøtta legg til rette for utviklinga til kvar enkelt arena eller aktør. Fleire av prosjekta som har fått tilskot over fleire år, har gitt ringverknader. Kulturrådet vurderer gjesteopphaldsstøtta som ei fruktbar ordning, og reknar ho som eit sentralt verkemiddel og insentiv i arbeidet med å utvikle vitale kunst- og kulturarenaer i Noreg. Samtidig har søknadstalet i 2019 gått ned. Søkjarane er i stor grad aktørar som kjenner Kulturrådet godt, og det er få heilt nye søkjarar til ordninga. Ordninga har derfor stort potensial til å nå endå breiare ut. Me ønskjer til dømes å involvere fleire arenaer på musikk- og litteraturfeltet og fleire offentleg drifta kulturhus. I tillegg er det lågt søknadstal frå

enkelte område i landet. Den særskilde utlysinga av midlar retta mot prosjekt for barn og unge viser at ein slik metode kan fungere for å stimulere til fleire søknader frå bestemte kunstområde eller målgrupper.

Gjennom å gi tilskot til kuratering og programmering ved arenaer for produksjon og formidling i kunstområda verkar ordninga i tett samspel med andre støtteordningar i Kulturrådet, til dømes langsiktige tilskot til infrastruktur, drift og formidling. I dei komande åra vil det vere viktig å følgje med på korleis ordninga fungerer i samanheng med anna finansiering av arenaene, for å sikre at tilskotsordningane er tilpassa behova til arenaene.

Aspirantordninga

Målet med aspirantordninga er å motverke strukturell diskriminering på basis av etnisitet gjennom å sikre auka tilgang til arbeid i kunst- og kultursektoren for alle kvalifiserte søkjarar. Kunst- og kulturverksemder kan derfor etter søknad få tilskot til å tilsetje unge kunst- og kulturarbeidarar med minoritetsbakgrunn i ei aspirantstilling i eitt år. Ein meir mangfaldig personalprofil i kunst- og kulturverksemdene vil bidra til å fremje nye impulsar og stimulere til nytenking og utvikling i alle delar av sektoren. I tillegg vil ordninga gi unge kunst- og kulturarbeidarar med minoritetsbakgrunn høve til å utvikle og kultivere talenta sine, lære korleis institusjonane arbeider, og få tilgang til viktige kontaktar og nettverk. Me delte ut 15 stipend i 2019, ein auke på 50 prosent frå året før.

Vellykka ordning

Kulturrådet har vore spesielt opptatt av at aspirantordninga skal gi resultat som kan målast opp mot føremålet. Derfor sette me av midlar i 2017 til ei evaluering som skulle ta stilling til om aspirantordninga, sett under eitt, hadde vore med på å auke rekrutteringa av personar med ulik kulturell og sosial bakgrunn til kulturinstitusjonar i Noreg. Evalueringa konkluderte med at aspirantordninga er vellykka, både for aspirantane og for kunst- og kulturverksemdene. Dei fleste aspirantane har hatt godt fagleg og/eller nettverksrelatert utbytte, og i kraft av dette har dei høgst sannsynleg styrkt sjansane sine og posisjonen sin i kultursektoren. Evalueringa anbefalte ei vidareføring og ei styrking av ordninga med fleire stipend. Ordninga har vore ei forsøksordning sidan oppstarten i 2012, men med bakgrunn i evalueringa bestemte me at aspirantordninga skulle vere ein del av dei faste tilskotsordningane til Norsk kulturråd frå 2019.

Tverrfaglege tiltak

Tverrfaglege tiltak er ei tilskotsordning med mål om å stimulere til nytenking, innovasjon og utforsking gjennom tverrfagleg samarbeid på tvers av kunst- og kulturfelta, og gjennom sektoren si samhandling med samfunnet elles. Tilskotsordninga vernar om aktørar som bidrar til tilgjengeleggjering og formidling av profesjonelt fleirkunstnarisk innhald. Ho vernar også om høgt tverrfaglege prosjekt som involverer profesjonell kunst- eller kulturfagleg kompetanse.

Tar del i samfunnsprosessar

I 2019 har Kulturrådet gitt tilskot til ei rekkje tverrfaglege og tverrkunstnariske prosjekt, festivalar, arrangørar og arenaer. Dei prioriterte tiltaka spenner frå digitale plattformer og kulturpolitiske konferansar til mønstringar, samtidskunstfestivalar, fleirkunstnariske arenaer, metodeutvikling, workshopar og utviklingsprosjekt, over heile landet. Ein tydeleg tendens er at fleire prosjekt ikkje berre tematiserer, men også bidrar aktivt i vesentlege prosessar og problemstillingar i samfunnet. Teknologi, utanforskap, ytringsfridom, stadsutvikling og politikk peikar seg ut som sentrale emne i den samla søknadsmassen. Samarbeid på tvers av kunstfelt og samfunnssektorar bidrar til innovasjon, nye perspektiv og ny kunnskap i handsaminga av slike emne.

Omfanget av vidfernande, solide og interessante fleirkunstnariske arenaer som er spreidde over heile landet, har auka mykje dei siste åra. Tendensen gjer seg også gjeldande i 2019. Desse arenaene dannar grobott for kunstpraksis der grensene mellom sjangrar, fag- og samfunnsområde, verk og publikum, kunst og stad stadig blir kryssa og flytta. Arenaene er ein sentral infrastruktur for både kunstproduksjon, nye samarbeidskonstellasjonar, formidling og auka kunnskap om og tilgang til kunstopplevingar for folket. Den markante framveksten av fleirkunstnariske arenaer tyder på at tilskotsordninga har vore viktig for å byggje opp miljø og arenaer for formidling og produksjon av fleirkunstnarisk og tverrfagleg innhald.

Retta mot barn og unge

Tverrfaglege tiltak er spesielt retta mot å treffe randsonene både på kunstfeltet og i samfunnslivet, gjennom å støtte ikkje-institusjonaliserte uttrykksformer og å stimulere til meningsmangfald, ytringsfridom og inkludering. Når det gjeld kunst for barn og unge, legg Kulturrådet vekt på at kvalitet og status, i tillegg til representasjon og breidde, er svært viktig for at ein større del av folket skal ha reell tilgang til og oppleve eigarskap til kunstfeltet. Kulturrådet har i 2019 prioritert fleire aktørar som jobbar aktivt med publikumsutvikling, medverknadsprosessar og mangfald, og som i forlenginga av dette satsar særskilt på barn og unge. Organisasjonen TekstLab Ung har utmerkt seg som eit veletablert, velfungerande og vidtrekkande tiltak. Organisasjonen rekrutterer systematisk ei større breidde av barn og unge til kunst- og kulturfeltet, og han utforskar samtidig interkulturelle og ikkje-institusjonaliserte sceneuttrykk.

Kulturrådet har også støtta ei rekkje andre tiltak som er spissa mot ei ung målgruppe, frå tverrfaglege samtidskunstfestivalar til medskapande kunstverkstader der barn og ungdom tar del i profesjonelt fasiliterte kunstnariske prosessar. I tillegg har me støtta ulike prosjekt som kombinerer forskning, kunstproduksjon og metodeutvikling. Ein stor del av barne- og ungdomsprojekta er fleirkunstnariske barnefestivalar, og her blei veletablerte og solide festivalar som Stoppested Verden i Hamar og Barnekunstfestivalen i Arendal prioritert støtta.

Treffer mange ulike miljø

Tverrfaglege tiltak er særreigne i måten dei vernar om og utløyser den plassen og dei påverknadsmoglegheitene kunsten har i ein større samfunnsmessig kontekst. Mange skapande kunstnarar, utøvarar, produksjonar og verk står i skjeringspunkta mellom ulike kunstartar, fagfelt og målgrupper, noko som har bidratt til eit stort behov for arenaer som er tilrettelagde for tverrfagleg og tverrkunstnarisk praksis. Tverrfaglege prosjekt der aktørane på kunst- og kulturfeltet med sin særskilde kompetanse samarbeider med sektorar og samfunnsområde utanfor kunstfeltet, er med på å utvikle ny kunnskap og nye perspektiv på både kunstfeltet og resten av samfunnet. Tilskotsordninga treffer mange ulike miljø, men hovudvekta er arrangørar og arenaer. Ordninga har potensial til å stimulere til fleire tverrfaglege kunstnarinitiativ. Det geografiske nedslagsfeltet er relativt breitt, samtidig som det er prega av sentralisering; dei fleste tiltaka finn stad i større byar. Derfor kan me med fordel formidle ordninga meir aktivt i geografiske område som i liten grad er synlege i søkjarmassen.

Ordning	Antall søknader		Antall tildelingar		Søknadssum (i 1000 kr)	
	2018	2019	2018	2019	2018	2019
Rom for kunst	99	117	46	47	53 044	72 565
Aspirantordninga	33	47	10	15	13 200	17 600
Tverrfaglege tiltak	139	130	29	44	33 671	43 375
Gjesteopphaldsstøtte for arenaer	40	32	24	16	11 353	9 920
Prosjektstøtte Miljø- og klimakrise – Kunst og kultur*	0	202	0	53	0	0
Driftstøtte	10	20	8	8	19 945	63 637
Sum	364	548	138	183	139 950	207 097

* Midlane til desse tilskota blei overførde fra budsjettet for 2018.

Avsetjing 2018–2019 – Allmenne kulturføremål


(tal i heile tusen)

	2018	2019	Plantal 2020
Rom for kunst	20 190	23 800	24 371
Aspirantordninga	4 000	6 200	6 000
Tverrfaglege tiltak	9 399	9 000	9 185
Gjesteopphaldsstøtte for arenaer	1 600	3 500	3 584
Tidsskrift og månadsaviser*	0	0	0
Tidsskrift og kritikk*	0	0	25 721
Prosjektstøtte miljø og klimakrise – kunst og kultur***	3 000	0	0
Driftsstøtte	14 742	14 615	13 779
Barne- og ungdomskultur**	3 100	2 200	0
Forsking og utgreiing	3 036	3 100	3 174
Norsk kulturråds ærespris	600	600	600
Til disposisjon for rådet***	5 652	1 529	1 653
Sum avsetjing	65 319	64 544	88 067

* Tidsskrift og månadsaviser blir overført frå litteratur til allmenne kulturføremål i 2020 under namnet Tidsskrift og kritikk.

** Prosjekta blir gjennomførte i perioden 2019–2020. Det står igjen ubrukte midlar frå 2019, og me har ikkje sett av nye midlar til barn og unge i 2020.

*** 2,2 millionar er sette av som insentivmidlar til miljø- og klimatilak på ordningane. 878 000 kroner fordelte av utvala, 1,3 millionar kroner overførte til same formål i 2020.




SØKNADER
548



TILDELINGAR
183

34 %

Innvilga



AVSETJING

64,5 mill

SAMLA SØKNADSSUM

207,1 mill

SØKNADER

548

TILDELINGAR

183

Søknader og tildelingar alle ordningar 2018-2019

	2018	2019
Tal på søknader	364	548
Tal på tildelingar	138	183
Søknadssum (i 1000 kr)	139 950	207 097
Søknader med tildeling (i prosent)	38 %	34 %

Kulturrådet sin ærespris

Kulturrådet valde å tildele æresprisen 2019 til Therese Bjørneboe, som er redaktør i Norsk Shakespeare- og teatertidsskrift. Bjørneboe har over tid bygd opp dette uvurderlege fagtidsskriftet ikkje berre for norsk, men også nordisk og internasjonal scenekunst.

Ho har på imponerande og uthaldande vis drive tidsskriftet sidan 1998, og ho har stått for ei utvikling som har gitt stadig større grad av profesjonalisering av verksemda. Ho viser kor viktig det er med langsiktig tenking og kontinuitet, og gjennom valet av skribentar har ho auka breidda i det norske kritikarfeltet. På denne måten har ho tatt samfunnet inn i scenekunsten og scenekunsten ut i samfunnet.

Kulturrådet sin ærespris blir kvart år delt ut til nokon som har gjort ein innsats som har hatt mykje å seie for norsk kunst- og kulturliv. Æresprisen er på 600 000 kroner og ein statuett av bilethoggaren Elena Engelsen. Sidan 2015 har det vore ope nominering til prisen. I 2019 kom det inn til saman 64 forslag på 29 ulike kandidatar før fristen 1. september. Alt frå enkeltpersonar, ensemble og grupper til prosjekt og organisasjonar blei nominerte.



THERESE BJØRNEBOE mottok Kulturrådet sin ærespris på 600 000 kroner i 2019. Her saman med rådsleiar Tone Hansen. Foto: Marta Anna Løvberg

Årskonferansen

Kulturrådet arrangerer kvart år ein konferanse som tar for seg eit aktuelt tema i kulturfeltet. Årskonferansen i 2019 hadde tittelen *Utanforskap – om demokrati, ytringskultur og deltakelse* og fann stad 22. oktober på Byscenen i Trondheim. Kulturminister Trine Skei Grande heldt innlegg på konferansen.


Rådet ønskte med konferansen å setje på dagsordenen at det finst mekanismar og veremåtar i kulturlivet som bidrar til ekskludering og skaper ulike former for utanforskap. Samtidig kan kunst og kultur vere med på å motverke utanforskap og polarisering i samfunnet gjennom å skape felles plattformer og felles opplevingar. Kunsten kan også spegle og uttrykkje verkelegheita for ulike delar av befolkninga og gi stemme til grupper som ikkje opplever å bli høyrde.

På årskonferansen blei utanforskap tatt opp frå ulike synsvinklar. Det blei kasta lys over dei sosiologiske og psykologiske sidene ved utanforskap og stilt spørsmål både ved kva for rolle kunsten og kulturen kan ha i kampen mot utanforskap og polarisering – og om kultursektoren tar den rolla.

Det var 370 deltakarar frå heile landet på årets konferanse. 130 personar hadde Oslo som bustad, mens 110 kom frå Trøndelag. 10 prosent av deltakarane var kunstnarar.

Eit breitt spekter av kunstnarar og fagpersonar med ulike kulturelle og sosiale bakgrunnar var inviterte til konferansen for å tematisere erfaringar med utanforskap gjennom føredrag, panelsamtalar og debatt. Nokre av bidragsytarane var Bjørn Hatterud, Deise Nunes, Danby Choi, Daniel Mariblanca, Kaveh Rashidi, Anki Gerhardsen, Emma Wolukau-Wanambwa og Tonje Hessen Schei.

Kulturrådet har dei seinare åra vore opptatt av at årskonferansane ikkje skal vere lausrivne enkelthendingar, men inngå i ein større strategisk samanheng med innverknad på det vidare arbeidet til rådet. Rådet vil vurdere vidare oppfølging av temaet for konferansen i 2020.



DANIEL MARIBLANCA var ein av kunstnarane som opptådde under Kulturrådet sin årskonferanse om utanforskap på Byscenen i Trondheim i oktober. Foto: Marta Anna Løvberg

Framtidsutsiktene til Kulturfondet

Kunst og kultur står sterkt i Noreg. Eit av dei viktigaste verkemidla er Kulturfondet, som finansierer ei lang rekkje kunstnarar og verksemder rundt om i landet. Kunsten vil bli påverka av dei store endringsprosessane som kjem med region- og kommunereforma. Kulturrådet har tru på regionalt ansvar, saman med eit endå meir representativt Kulturråd i tråd med anbefalingane i kulturmeldinga. Dersom Kulturrådet skal klare å gjennomføre mandatet sitt for framtida, må Kulturfondet styrkjast, slik at eit breitt og mangfaldig utval av kunstuttrykk også framover kan få publikum over heile landet.

Vilkåra for dei uavhengige ytringane og prosjekta er i dag for svake. I media ser me døme på kunstnarar som blir hengde ut for dei kunstnariske ytringane sine, og debattstemmer som stilnar fordi presset blir for stort. Ekkokammera i sosiale medium blir diskuterte, og den politiske samtalen er til dels prega av forenkla sanningar og polarisering. Rammene for den frie kunsten må i stor grad styrkjast for å leggje til rette for meir offentleg utprøving, fordjuping, kritikk og refleksjon. Tidsskrifta, kritikken, kunnskapsutviklinga og kunst- og kulturproduksjonen utanfor dei store institusjonane må løftast for å auke breidda i idear og uttrykk, og for å hindre at me går glipp av ytringar som krev mot, tid og konsentrasjon for å kome til uttrykk.

Rådet ser særleg at det framover er nødvendig å styrkje rammene til dei frie prosjekta og produksjonane. Styrking av produksjonsrammene er avgjerande for å sikre framleis høg kvalitet, rimeleg utvikling i kunstnarøkonomien, realisering av komplekse produksjonar og at nye stemmer kan sleppe til.

Kunsten som blir skapt, fortener samtidig lengre levetid og å møte eit større publikum enn det han gjerne får. Ofte blir bestillingsverk og kunstproduksjonar viste eller framførte éin gong eller på éin stad. Råde vil auke merksemda om meirbruk og gjenbruk ved å stimulere til at kunstverk og produksjonar blir framførte og viste fleire gonger, på fleire arenaer og for fleire menneske.

Rådet har overfor Kulturdepartementet peikt på at det er stor motivasjon på kulturfeltet for å vere med på ein dugnad for å gjere samfunnet meir berekraftig, og rådet ser mange måtar kunst og kultur kan bidra med nytenking og gode løysingar på, som kjem heile samfunnet til gode. Rådet håper at berekraftsmåla til FN vil prege politikktutforminga og forvaltinga på kulturområdet framover. Samtidig understrekar rådet at ei satsing på berekraft i kulturforvaltinga ikkje skal redusere eller endre moglegheita kunstnarane har til å ytre seg fritt og kritisk.

I den nye strategien sin legg Kulturrådet til grunn at tilskotsordningar i fondet skal vere berekraftige i eit klimaperspektiv. Kulturrådet vil følgje dette opp i åra framover gjennom den kontinuerlege forvaltinga av alle støtteordningane innanfor dei eksisterande rammene.

Ein av dei store utfordringane i dei komande åra er å sikre at kunst og kultur blir diskutert i ei felles offentlegheit. Kulturrådet har dei seinare åra lagt vekt på rolla til kunstkritikken og tidsskrifta, gjennom årskonferansar og ei treårig forsøksordning. I 2019 oppretta me ei ny tidsskrifts- og kritikkordning. Kulturrådet ser at det framover er behov for eit stort økonomisk løft for denne ordninga for å sikre vilkåra for dei etablerte tidsskrifta og for å sikre breidde og nyskaping innanfor både tidsskrift og kritikk.

Trass positiv utvikling i kunnskapsarbeidet som blir gjort, er ei vidare styrking av den kulturpolitisk relevante forskinga viktig og nødvendig. Endringsprosessane på kunst- og kulturfelta er store. Forskinga må reflektere dette. Mellom anna manglar det framleis kunnskap om samanhengen mellom dei teknologiske og økonomiske rammene og nye uttryksformene for kunst og kultur, om innverknaden kunst og kultur har på samfunnet, om inklusjons- og eksklusjonsmekanismer i kunst og kultur, om barn og unge si deltaking i og bruk av kunst og kultur, og om kunst og kultur, klima og miljø.

Kunstnarane i Noreg har ein langt meir samansett bakgrunn enn for berre nokre få år sidan. Å møte utviklinga som finn stad, krev ein klok kulturpolitikk som kjenner igjen kvalitet i eit breitt perspektiv, aldri heilt det same, alltid relativt. Noko av det viktigaste for Kulturrådet i det komande tiåret vil derfor vere å bidra til at personar med bakgrunn i samfunnsgrupper som er underrepresenterte i kunst- og kulturlivet, får like stor moglegheit til å ta del i det som alle andre.




BORGHILD RUDJORD UNNELAND

På avstand (Sørlandsstillinga 2019). Rudjord Unneland har motteke
10-årig arbeidsstipend for etablerte kunstnarar
Foto: Anders Rubing

Statens kunstnarstipend

Statens kunstnarstipend skal letta etablering og stimulera til utvikling av profesjonelt kunstnarisk aktivitet. Stipendet skal bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv.

Statistikk for Statens kunstnarstipend 2019



10,1 %

Søknader med tildeling



TILDELINGAR

861

SØKNADER

8 522

Avsetjing 2018–2019 og plantal 2020:

Ordning	2018	2019	Plantal 2020
Arbeidsstipend og arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar	149 208 000	153 020 000	168 024 000
Diversestipend	15 102 000	15 202 000	15 995 000
Diversestipend for nyutdanna kunstnarar	15 919 000	16 887 000	16 887 000
Stipend for eldre fortente kunstnarar	4 020 000	3 840 000	3 500 000
Kunstnarstipend totalt post 73	184 249 000	188 949 000	204 406 000
Garantiinntekter			
Stipend for etablerte kunstnarar og stipend for seniorkunstnarar			
Stipend og garantiinntekt, post 74**	139 100 000	148 430 000	154 780 000
Stipend og garantiinntekt totalt	323 349 000	337 379 000	359 186 000

* Avsetjinga omfattar både nytildelingar og vidareføringar. Ho omfattar også arbeidsgivaravgift for ordningane med månedleg utbetaling.

Utvalde volumtal	2018	2019
Tal på søknader	8482	8522
Tal på tildelingar	882	861
Avsetjing til stipend og garantiinntekt (i 1000 kr)	323 349	337 379
Søknader med tildeling (i prosent)	10,40 %	10,10 %
Tal på utvalsmøte	8	6

* Avsetjinga omfattar både nytildelingar og vidareføringar. Ho omfattar også arbeidsgivaravgift for ordningane med månedleg utbetaling.

Melding frå utvalet



Målet med kunstnarstipenda er at enkeltkunstnarar skal få høve til å fordjupe seg i det kunstnariske arbeidet sitt, med utgangspunkt i prosjekt dei sjølve definerer. Slik utgjer stipenda grunnforskningsmidlane i kunstnarpolitikken.

Stipenda sikrar kunstnarar frå mange kunstfelt ein arbeidssituasjon der dei har rom til å utforske og utvikle eit breitt spekter av kunstnariske uttrykksformer. Den kunstnariske forskinga er mogleg fordi kunstnarane får ei viss inntekt i ein kortare eller lengre periode. Det gir dei økonomisk fridom til å vie seg til kunstnarvirket sitt. Dei ulike stipendordningane er utforma for å bidra til utvikling i ulike fasar av kunstnarlivet og omfattar dermed alt frå nyutdanna kunstnarar til seniorkunstnarar.

Det har vore eit år med mykje aktivitet og gode diskusjonar i utvalet. Mykje merksemd har vore viggd til dei innspela utvalet gav til den komande kunstnarmeldinga. Det har også vore viktig for utvalet å drøfte overordna spørsmål, til dømes kva for prinsipp ein skal leggje til grunn for kvotefordelingane til Statens kunstnarstipend, og kva utvalet skal prioritere i arbeidet sitt framover.


Ved årets tildelingar gav me stipend til i alt 861 kunstnarar. Totalt kom det inn 8521 søknader. Det er langt fleire søkjarar enn tilgjengelege stipendmidlar, og utvalet ser at det er mange godt kvalifiserte kunstnarar som ikkje når opp i konkurransen. På den eine sida viser dette at det er høgt nivå og mange dyktige profesjonelle kunstnarar i Noreg, men på den andre sida viser det også at me treng auka midlar til fleire stipend. Me ser også ein auke i talet på søknader frå år til år, samtidig som det har blitt fleire kunstnarar i Noreg dei siste tiåra. Stipenda er eit knapt gode, og det blir stadig større konkurranse om å nå opp. Stipendet er ikkje meint å skulle utgjere ei full lønn, men å gi ein økonomisk botnplanke å stå på, slik at ein kan jobbe som kunstnar ein stor del av arbeidstida.

For å få stipend må ein vere rekna som ein av dei beste innanfor kunstfeltet sitt. Ein må sjå behovet for fleire kunstnarstipend i samanheng med endra arbeidsvilkår på dei ulike kunstfelta. Utøvande kunstnarar, til dømes skodespelarar, har gått frå eit tilvære med høg grad av faste tilsetjingar til eit arbeidsliv prega av frilansoppdrag. Det same kan ein sjå hos musikarar. Kva er kåra til norsk kunstfilm i dag? Korleis verkar nye digitale sals- og formidlingskanalar inn på dei økonomiske kåra og moglegheitene til langsiktig fordjuping for ulike kunstnargrupper? Statens kunstnarstipend kan ikkje vege opp for alle desse endringane, men desse utviklingstrekk er heilt klart noko me må ta med i vurderinga av stipenda.

Derfor er det viktig å kunne sjå verkemiddelapparatet i ein heilskapleg samanheng. I ei tid der effektivisering og kostnadskutt ofte står på dagsordenen, er det desto viktigare å verdsetje at skaping, produksjon og framføring av kunst er arbeidsintensive og tidkrevjande prosessar. Økonomiske modellar om effektivisering og kostnadskutt er dermed ikkje alltid direkte overførbare til kunst- og kulturfeltet. I kulturmeldinga er samfunns målet Eit levande demokrati der alle er frie til å ytre seg, og der mangfald, skaparkraft og kreativitet er høgt verdsett. Eit inkluderande samfunn der kunst og kultur av ypparste kvalitet inspirerer, samlar og lærer oss om oss sjølv og omverda. Vidare set staten eit overordna kulturpolitisk mål om eit fritt og uavhengig kulturliv som skaper og formidlar eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer befolkninga. Stipenda som blir tildelte gjennom Statens kunstnarstipend, har stor innverknad på utviklinga av kunstnarskap. Derfor spelar dei også ei stor rolle i å sikre eit nyskapande og mangfaldig kunstliv.

Me delte ut 861 stipend i 2019, men sidan fleire av stipendordningane kan gå over fleire år, var det totalt 1563 kunstnarar som gjennom å få stipend i 2019 fekk høve til å utvikle kunstnarskapen sin. Kunstnarane som får stipend, representerer ei lang rekkje kunstfelt. Dei ulike ordningane innanfor Statens kunstnarstipend bidrar dermed til eit mangfald av kunstnariske ytringar. Prinsippet om armlengdes avstand er også viktig for å sikre eit fritt og uavhengig kunst- og kulturliv. Utvalet har full tillit til den fagfellevurderinga som blir gjort i stipendkomiteane som innstiller kunstnarar til stipend. Kunstnarstipenda er med på å sikre publikum tilgang til kunstopplevingar som kanskje ikkje ville ha vore tilgjengelege elles. Det er gjennom publikumsopplevingane av mangfaldig kunst at kunsten realiserer det bidraget han gir til ytringskultur og demokrati.

Det er viktig å vurdere dagens ordningar under Statens kunstnarstipend for å sjå på korleis me kan administrere desse på ein mest mogleg effektiv måte innanfor dei rammevilkåra som ligg til grunn i dag. Utvalet vil fortsetje å jobbe for auka løyvingar til stipend for enkeltkunstnarar. Me vil også gjere folk merksame på den viktige rolla enkeltkunstnarane har i samfunnet. Dette handlar ikkje berre om betring av levevilkåra til enkeltkunstnarar, men om Noreg som kulturnasjon, kva for ytringsmangfald me ønskjer oss, og kva for kunst- og kulturtilbod me ønskjer at publikum skal ha tilgang til i heile landet.



Trude Gonnæs Ugelstad
utvalsleiar

Legg til rette for enkeltkunstnarar

Stipend- og garantiinntektsordninga skal leggje til rette for at enkeltkunstnarar, gjennom å få direkte tilskot frå staten, skal kunne bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv. Tildelingane skal berre leggje vekt på kunstnarisk kvalitet og aktivitet. Det er i alt 23 ulike stipendkomitear som innstiller kunstnarar til Statens kunstnarstipend. Komiteane innstiller søkjarar på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av kunstnarisk kvalitet og aktivitet, i samsvar med dei andre reglane i forskrifta. Det har blitt utarbeidd ei eiga rettleiing for arbeidet til stipendkomiteane, mellom anna for å sikre at arbeidet følgjer reglane om habilitet, teieplikt og rettleiingsplikt i forvaltingslova. Utvalet gjer tildelingar basert på innstillingane frå stipendkomiteen. I 2019 tildelte utvalet 861 stipend.

Utvalet vurderer og behandlar også saker av overordna karakter. Utvalet sender ein eigen budsjettsøknad til Kulturdepartementet. Overordna sett er føremålet med budsjettsøknaden at utvalet legg fram sine vurderingar av behovet for det komande budsjettåret. Søknaden er grunnlagt i ei samla vurdering av strategiske føringar, prioriteringar og satsingar innanfor måla for løyvinga. Utvalet står altså fritt til å formidle både ei generell vurdering av behova og prioriteringane framover, og ein meir konkret plan for spesifikke satsingsområde. Det er også naturleg at utvalet i eit slikt dokument omtaler eventuelle behov for strukturelle endringar og tilpassingar. Utvalet meiner at det å sikre gode økonomiske rammevilkår for kunstproduksjon må vere eit avgjerande mål i ein statleg kunstpolitikk. Det trengst ei satsing som bidrar til ei reell styrking av dei økonomiske kårane til kunstnarane, mellom anna gjennom ein auke i talet på stipend.

Utvalet har også eit mål om å ha god dialog med stipendkomiteane. Me ønskjer å hente inn kunnskapen dei har om feltet, og finne ut kva for trendar dei ser når dei vurderer søknadene til Statens kunstnarstipend.

Auke i talet på heimlar

I budsjettsøknaden for 2019 kom utvalet med forslag om at dei årlege summene for alle stipenda med månadlege utbetalingar burde liggje på same nivå. Me bad også om at forskjellane skulle jamnast ut i budsjettet for 2019, gjennom ei vidare auking av den årlege summen for stipend til etablerte kunstnarar, stipend til seniorkunstnarar og garantiinntekt. I 2018 var den årlege summen for arbeidsstipenda på 261 539 kroner, mens han var 251 320 kroner for dei langvarige stipenda. Utvalet fekk gjennomslag for endringa, og dei årlege summene for 2019 blei sette til 268 222 kroner for alle stipend med månadlege utbetalingar.

Utvalet kom også med forslag om å auke talet på heimlar. I budsjettet for 2019 blei det gitt éin ny heimel til dei langvarige stipenda. Dermed steig det totale talet på heimlar frå 484 til 485. Av desse blei 46 frigjorde og tildelte på nytt.

Løyvinga omfatta også totalt 500 arbeidsstipend og arbeidsstipend til yngre/nyetablerte kunstnarar. Av desse blei 235 tildelte i 2019. Dei andre var fleirårige stipend tildelte i tidlegare år. I tillegg blei det tildelt 578 diversestipend og diversestipend til nyutdanna kunstnarar. Maksimumssummen for dei to ordningane var høvesvis 80 000 og 90 000 kroner.

Utvalet blei bedd om å levere innspel til den komande kunstmeldinga. Dette arbeidet blei høgt prioritert og danna også eit godt kunnskapsgrunnlag for prioriteringane og arbeidet til utvalet.

Utvalet vurderte også prinsipp for kva ein skal leggje til grunn når ein skal utarbeide forslag til kvotefordelinga av stipend mellom dei ulike kunstnargruppene.

Kunstnarar er ei låginntektsgruppe

I føremålet til Statens kunstnarstipend er det presisert at enkeltkunstnarar, gjennom å få direkte tilskot frå staten, skal kunne bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv. Utvalet meiner at det er ei rimeleg tolking at «mangfaldig» i denne samanhengen peikar på eit mangfald av kunstnariske ytringar som ikkje ville blitt skapte utan at kunstnarane hadde fått tildelt stipend direkte frå staten. Stipenda gjer det mogleg for kunstnarane å skape kunst utan primært å leggje etterspurnaden i marknaden til grunn. Det er også i dette perspektivet ein må forstå målet om nyskapande kunst. Når kunstnarar får høve til å fordjupe seg og er sikra ei viss inntekt, kan dei på fritt grunnlag utforske kunstnariske uttrykksformer og skape kunst som overskrider det kjende og vande. Samtidig er det eit ibuande trekk ved kunstnarisk verksemd at ho på eit tidspunkt kan bli kommersielt interessant.

Det er eit veldokumentert faktum at kunstnarar stadig utgjør ei låginntektsgruppe. Det går mellom anna fram av ein rapport frå Telemarksforsking om levekåra til kunstnarane frå 2013 at den totale lønnsveksten sidan 2006 har vore lågare enn for resten av befolkninga. Rapporten viser også at både inntekt frå kunstnarisk arbeid og tid brukt på kunstnarisk verksemd har gått noko tilbake sidan 2006. Samtidig er rekrutteringa til kunstnaryrka stor, og kunstnarbefolkninga er i vekst. Fleire av kunstnarorganisasjonane melder om at det innanfor fleire kunstnargrupper er ei vriding mot meir frilansjobbing og færre faste tilsetjingar. Me ser også ein relativt stor auke i søkjarmassen innanfor fleire av kunstnargruppene.

I tilbakemeldingar frå stipendkomiteane ser me trendar der fleire kunstnarar samarbeider, både innanfor same kunstfelt, men også på tvers av fleire felt. Me ser fleire søknader frå kunstnarar som både jobbar med skapande og utøvande kunst. Dette viser seg til dømes innanfor scenekunsten, der skodespelarar også er regissørar eller manusforfattarar, eller innanfor musikk, der komponistar også er utøvande musistar. Fleire forfattarar skriv både skjønnlitterære bøker og sakprosa for barn og ungdom, og skildrar prosjekt i begge kategoriar. Utvikling og tilgang på ny teknologi gjer at fleire jobbar med fleire kunstuttrykk der det kan vere utfordrande å definere kva som er hovudvirket. Mange prosjekt orienterer seg også mot miljøvern, anten det er tematisk, i bruk av materialar eller meir aktivistisk.

Har stor innverknad

Dei statlege kunstnarstipenda har stor innverknad på utviklinga av kunstnarskap. Derfor spelar dei også ei stor rolle i å sikre eit nyskapande og mangfaldig kunstliv. Prinsippet om armlengdes avstand og at stipenda blir tildelte uavhengig av sosial bakgrunn, er utan tvil viktige prinsipp og verkemiddel for eit fritt og uavhengig kulturliv og eit levande demokrati. Kunstnarstipenda gir kunstnarane meir føreseieleg økonomi. Dei som får stipend, kan dermed bruke tid på fordjuping og utvikling av kunstnarskapen sin på fritt grunnlag. Kunstproduksjon er som regel ein tidkrevjande og langsam prosess. I løpet av ein stipendperiode får kunstnaren høve til å konsentrere seg om utforsking av egne idear, utan å måtte tenkje for mykje på inntening eller prosjektstøtte. Nettopp denne investeringa er med på å sikre eit mangfald av kunstuttrykk av ypparste kvalitet.

Statens kunstnarstipend er eit av dei aller viktigaste verkemidla i kunstnarpolitikken. For det første inneber stipenda at enkeltkunstnarar får høve til å fordjupe seg i det kunstnariske arbeidet sitt, med utgangspunkt i prosjekt dei sjølve definerer. Slik representerer stipenda grunnforskningsmidlane i kunstnarpolitikken, fordi dei sikrar kunstnarane ein arbeidssituasjon der dei har rom til å utforske og utvikle kunstnariske uttrykksformer med utgangspunkt i ulike tema. For det andre gjer slik fordjuping at kunstnarar kan bidra med frie kunstnariske ytringar som styrkjer og vitaliserer demokratiet.

Kunstfeltet spelar ei sentral rolle i å drøfte, problematisere, analysere og kritisere ulike sider ved samfunnet vårt. For det tredje gjer me fordjupinga mogleg gjennom å sikre kunstnarane ei viss inntekt i ein kortare eller lengre periode, slik at dei får ro rundt arbeidet. For det fjerde inneber dette at publikum får tilgang til kunstnariske oppleveringar som truleg ikkje ville ha blitt skapte utan den moglegheita til fordjuping som kunstnarstipenda gir.

Framtidsutsikter: Legg til rette for frie ytringar

Utvalet meiner diskusjonen om korleis ein skal fordele stipendkvotane mellom ulike kunstnargrupper, er viktig. Denne diskusjonen tar føre seg fleire spørsmål som handlar om utviklinga på kvart enkelt kunstfelt og i den samla kunstnarbefolkninga. Det er viktig å sørgje for at fordelinga av stipend mellom kunstnargrupper står i eit rimeleg forhold til endringsprosessar i korleis kunstnarisk arbeid blir organisert og finansiert på dei ulike kunstområda, og til korleis kunstnarbefolkninga sett under eitt utviklar seg. Me veit til dømes at det på kunstområde der det tidlegare var relativt god tilgang på fast eller langvarig arbeid, i dag er langt meir utbreidd med frilanstilvære, kortvarige prosjekt og periodar utan inntektsnivande kunstnarisk arbeid. Sjølv om dei gjennomsnittlege inntektsforholda for utøvande kunstnarar gjennomgåande er betre enn for skapande kunstnarar, skjer det store endringar i desse kunstområda. Me veit også at kunstnarbefolkninga har auka mykje dei siste tiåra. Dette peikar mot ei utvikling der kunstnarbefolkninga sett under eitt i aukande grad representerer eit utsett yrkesgruppe med usikre inntektskjelder og ustabile arbeidsmoglegheiter. Utvalet meiner det trengst både målretta evalueringar av verkemiddelapparatet og jamlege tilstandsrapportar som kan bidra til å identifisere tendensar og endringar på feltet.

Budsjettet for arbeidsstipenda og langvarige stipend er styrkt etter budsjettvedtaket til Stortinget. Dette inneber ein auke i den årlege summen, noko som vil bidra til større økonomisk tryggleik for kunstnarar som er i ordningane. Utvalet meiner ein framleis bør arbeide for å oppnå ei utjamning av forskjellane på tilgang til stipend mellom kunstnar-gruppene, slik at dei som ligg lågast, kan kome opp på dagens gjennomsnitt. Etter kvart vil det også vere naturleg å sjå behovet for stipend opp mot endringa i kunstnarbefolkninga saman med andre undersøkingar om levekår og inntekt for kunstnarar.

Utvalet vil følgje opp eventuelle føringar i kunstnarmeldinga, men det vil også vere eit kontinuerleg arbeid å vurdere dagens ordningar for å sjå på korleis ein kan administrere desse på ein mest mogleg effektiv måte innanfor dei rammevilkåra som ligg til grunn i dag. Dei statlege stipenda er med på å leggje til rette for frie kunstnariske ytringar som styrkjer og vitaliserer demokratiet. Dei legg også til rette for at publikum kan få oppleve eit stort mangfald av kunst. Utvalet for Statens kunstnarstipend ser eit stort behov for vidare opptrapping i åra som kjem.

Organisering

Utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar har fem medlemmer som blir utnemnde av Kulturdepartementet for fire år av gongen. To av dei fem faste medlemene blir utnemnde etter innstilling frå Kunstnernettverket. Medlemene blir utnemnde med personlege varamedlemer, og kunstnarrepresentantane blir utnemnde med to varamedlemer kvar. Det sitjande utvalet blei utnemnd for fire år frå 1. januar 2018.

Utvalet deler ut stipend etter innstilling frå 23 sakkunnige stipendkomitear. Stipendkomiteane består av minst tre medlemmer og blir utnemnde av kunstnarorganisasjonane, med unntak av stipendkomiteen for andre kunstnargrupper, som blir utnemnd av utvalet. Stipendkomiteane står for den kunstfaglege vurderinga av søknadene. Dei gir innstillingar til utvalet, som gjer vedtak basert på innstillingane. Ifølgje forskrifta for Statens kunstnarstipend skal tildelingane berre leggje vekt på kunstnarisk kvalitet og aktivitet. Det har blitt utarbeidd ei eiga rettleiing for arbeidet til stipendkomiteane, mellom anna for å sikre at arbeidet følgjer reglane i forskrifta og reglane om habilitet, tieplikt og rettleiingsplikt i forvaltingslova. Samla har stipendkomiteane om lag 120 medlemmer.

Sekretariatet for Statens kunstnarstipend utgjer omtrent fire årsverk og er ein del av fagadministrasjonen i Kulturrådet. Sekretariatet for Statens kunstnarstipend er samlokalisert med Sekretariatet for Fond for lyd og bilete og Seksjon for kreativ næring ved Kulturrådet sitt kontor i Trondheim.



Fra venstre til høyre

SIGMUND LØVÅSEN
Svartskog (f. 1977). Forfattar og dramatar.
Vara: Ebba Moi, visuell kunstnar.

ANDRE SOMBY
Tromsø, (f. 1958). Førsteamanuensis ved juridisk fakultet ved Universitetet i Tromsø.
Vara: Ida Gjessing, jurist.

**SIGRID RØYSENG**

Oslo (f. 1972). Professor ved Norges musikkhøgskole og professor II ved Handelshøyskolen BI.
Vara: Stine Baumann, jurist.

TRUDE GOMNÆS UGELSTAD

Oslo (f. 1967). Kunstnarisk direktør ved Sørlandets Kunstmuseum.
Vara: Geir Are Johansen, direktør ved Museum Nord.

RENÉE RASMUSSEN

Son (f. 1968). Muskar og LO Stat-sekretær.
Vara: Peder Horgen, dagleg leiar for Scenekunst Sør.
Vara: Monica Borg Fure, skodespelar og prosjektleiar for Talent Norge.

Talet på søknader og tildelingar i 2018–2019 fordelt på dei ulike stipendtypane går fram av tabellen nedanfor:

Stipendtype	2018		2019	
	Søknader	Tildelingar	Søknader	Tildelingar
Arbeidsstipend	2857	178	2840	160
Arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar	1232	90	1232	77
Stipend for etablerte kunstnarar og seniorkunstnarar	1109	34	1097	46
Diversestipend	2992	366	3024	339
Diversestipend for nyutdanna kunstnarar	292	214	329	239
SUM	8482	882	8522	861

Sjå side 112 og 113 for fullstendig oversikt over søknader, søkjjarar og tildelte stipend for kvar kunstnargruppe i 2019.

Avsetjing for 2016–2019 og plantal for 2020 for ordningane som ligg under Utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar:

Ordning	2016*	2017*	2018	2019	Plantal 2020
Arbeidsstipend og arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar	130 992 000	140 498 000	149 208 000	153 020 000	168 024 000
Diversestipend	15 102 000	15 102 000	15 102 000	15 202 000	15 995 000
Diversestipend for nyutdanna kunstnarar	14 181 000	15 919 000	15 919 000	16 887 000	16 887 000
Stipend for eldre fortente kunstnarar	4 600 000	4 280 000	4 020 000	3 840 000	3 500 000
Kunstnarstipend totalt post 73	164 875 000	175 799 000	184 249 000	188 949 000	204 406 000
Garantiinntekter	66 246 000				
Stipend for etablerte kunstnarar og stipend for seniorkunstnarar	60 982 000				
Stipend og garantiinntekt, post 74**	127 228 000	128 714 000	139 100 000	148 430 000	154 780 000
Stipend og garantiinntekt totalt	292 103 000	304 513 000	323 349 000	337 379 000	359 186 000

* Avsetjinga omfattar både nytildelingar og vidareføringar. Ho omfattar også arbeidsgivaravgift for ordningane med månadleg utbetaling.

** Frå og med tildelingsbrevet for 2017 blir ikkje fordelinga mellom underpostane på post 74 presisert.

Tabellen nedanfor viser utvalde tal for Statens kunstnarstipend for 2015–2019:

Volumtal	2015	2016	2017	2018	2019
Tal på søknader til SKS	7960	8399	7825	8482	8522
Tal på tildelingar	895	901	893	882	861
Avsetjing til stipend og garantiinntekt*	279,5	292,1	304,5	323,3	337,4
Søknader med tildeling (i prosent)	11,20 %	10,70 %	11,40 %	10,40 %	10,10 %
Tal på utvalsmøte	4	9	5	8	6

* Avsetjinga omfattar både nytildelingar og vidareføringar. Ho omfattar også arbeidsgivaravgift for ordningane med månedleg utbetaling.

Talet på søknader og tildelingar i 2015–2019 fordelt på dei ulike stipendtypane går fram av tabellen nedanfor:


Stipendtype	2015		2016		2017		2018		2019	
	Søk- nader	Tilde- lingar	Søk- nader	Tilde- lingar	Søk- nader	Tilde- lingar	Søk- nader	Tilde- lingar	Søk- nader	Tilde- lingar
Arbeidsstipend	2761	173	2936	166	2 888	167	2857	178	2840	160
Arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar	1196	82	1284	99	1 226	84	1232	90	1232	77
Stipend for etablerte kunstnarar og seniorkunstnarar	1201	33	1084	19	915	29	1109	34	1097	46
Diversestipend	2553	404	2754	362	2 417	376	2992	366	3024	339
Diversestipend for nyutdanna kunstnarar	249	203	341	255	379	237	292	214	329	239
SUM	7960	895	8399	901	7 825	893	8482	882	8522	861

Sjå side 112 og 113 for fullstendig oversikt over søknader, søkjarar og tildelte stipend for kvar kunstnargruppe i 2019.


Geografisk fordeling for Statens kunstnarstipend 2019

Fylkesvis fordeling av søknader og tildelingsprosent 2019	Søknader	Tildelingar	Andel nasjonale tildelingar	Tildelingsprosent i fylke	Søknadssum diversestipend (i 1000)	Tildelingssum diversestipend (i 1000)	Tildelingsprosent av søkjesum i fylke
Akershus	767	57	6,6 %	7,4 %	22 037	897	4,07 %
Aust-Agder	59	2	0,2 %	3,4 %	1 724	0	0,00 %
Buskerud	194	13	1,5 %	6,7 %	4 868	227	4,66 %
Finnmark	47	4	0,5 %	8,5 %	1 254	60	4,78 %
Hedmark	135	17	2,0 %	12,6 %	3 824	202	5,28 %
Hordaland	869	77	8,9 %	8,9 %	26 156	1 734	6,63 %
Møre og Romsdal	104	6	0,7 %	5,8 %	2 560	13	0,51 %
Nordland	158	16	1,9 %	10,1 %	4 641	362	7,80 %
Oppland	133	16	1,9 %	12,0 %	3 862	493	12,77 %
Oslo	3 900	432	50,2 %	11,1 %	103 279	7 894	7,64 %
Rogaland	340	25	2,9 %	7,4 %	9 623	421	4,37 %
Sogn og Fjordane	54	2	0,2 %	3,7 %	1 271	0	0,00 %
Telemark	152	10	1,2 %	6,6 %	3 995	263	6,58 %
Troms	196	29	3,4 %	14,8 %	4 656	504	10,82 %
Trøndelag	456	43	5,0 %	9,4 %	12 000	765	6,38 %
Vest-Agder	134	10	1,2 %	7,5 %	3 641	374	10,27 %
Vestfold	201	16	1,9 %	8,0 %	5 394	331	6,14 %
Østfold	220	24	2,8 %	10,9 %	5 768	618	10,71 %
Utlandet	403	62	7,2 %	15,4 %	9 281	555	5,98 %
Sum	8 522	861		10,1 %	229 834	15 713	6,84 %

Trekte søknader er ikkje med i tabellen ovanfor.



TILDELINGSPROSENT



Tal på tildelte stipend og summar for eingongsstipend i 2019, fordelt på kunstnargruppe og stipendtype

Kunstnargruppe	Arbeidsstipend	Arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar	Diversestipend	Diversestipend, sum ¹	Diversestipend for nyutdanna kunstnarar
Andre kunstnargrupper	9	2	6	355 000	0
Arkitektar	0	0	3	65 000	0
Barne- og ungdomslitt. forfattarar	6	3	7	528 000	0
Biletkunstnarar	29	21	50	3 804 000	77
Dansekunstnarar	4	4	15	767 000	42
Dramatikarar	6	3	15	425 000	0
Fagligt. forfattarar og omsetjarar	2	0	5	178 000	0
Filmkunstnarar	9	6	21	957 000	43
Folkekunstnarar	4	1	11	204 000	0
Fotografar	8	2	9	640 000	2
Interiørarkitektar	0	0	1	55 000	0
Journalistar	0	0	2	58 000	0
Komponistar	5	1	10	402 000	17
Kritikarar	7	1	5	197 000	0
Kunsthåndverkarar	12	6	22	1 620 000	16
Musikarar, songarar og dirigentar	9	5	54	1 587 000	7
Populærkomponistar	15	5	22	611 000	0
Sceneinstruktørar	2	2	7	235 000	4
Scenografar og kostymedesignarar	2	3	3	174 000	6
Skjønnlitterære forfattarar	19	6	28	1 451 000	0
Skjønnlitterære omsetjarar	2	0	13	381 000	0
Skodespelarar og dokkespelarar	10	6	28	968 000	25
Teatermedarbeidarar	0	0	2	51 000	0
Totalt	160	77	339	15 713 000	239

¹ Kvoten for diversestipend er 15 200 000 kroner. For kunstnargruppa «Filmkunstnarar» er 405 000 kroner frå kvoten for diversestipend for nyutdanna kunstnarar overførte og delte ut som stipend. 5000 kroner av kvoten for interiørarkitektar har ikkje blitt delte ut. Det blir søkt om å overføre midlane til 2020. Kunstnargruppa «Andre kunstnargrupper» har eit overforbruk på 5000 kroner.


² Kvoten for diversestipend for nyutdanna kunstnarar er 16 904 000 kroner og inkluderer overførte midlar på 4000 kroner frå 2018. For kunstnargruppa «Filmkunstnarar» er 405 000 kroner overførte og delte ut som ordinært diversestipend.

³ Inkluderer to tildelte reststipend i høvesvis kunstnargruppene «Biletkunstnarar» og «Skodespelarar og dokkespelarar».

Diversestipend for nyutdanna kunstnarar, sum ²	Stipend for etabler- te kunstnarar og seniorkunstnarar	Tildelte stipend totalt i 2019 ³	DIV gjennomsnitt- leg tildelingssum	DIV gjennomsnitt- leg prosent av makssum	DIVU gjennomsnitt- leg tildelingssum	DIVU gjennoms- nittleg prosent av makssum
0	0	17	59 167	74		
0	0	3	21 667	27		
0	2	18	75 429	94		
6 698 000	18	195	76 080	95	86 987	97
2 446 000	3	68	51 133	64	58 238	65
0	1	25	28 333	35		
0	1	8	35 600	45		
1 996 000	0	79	45 571	57	46 419	52
0	0	16	18 545	23		
144 000	1	22	71 111	89	72 000	80
0	0	1	55 000	69		
0	0	2	29 000	36		
816 000	3	36	40 200	50	48 000	53
0	0	13	39 400	49		
1 281 000	7	63	73 636	92	80 063	89
576 000	3	78	29 389	37	82 286	91
0	0	42	27 773	35		
288 000	1	16	33 571	42	72 000	80
432 000	0	14	58 000	73	72 000	80
0	6	59	51 821	65		
0	0	15	29 308	37		
1 729 000	0	69	34 571	43	69 160	77
0	0	2	25 500	32		
16 406 000	46	861	43 905	55	68 715	76

om ordinært diversestipend. For kunstnargruppa «Fotografar» er 93 000 kroner frå kvoten for diversestipend for naudanna kunstnarar overførte og delte ut som ordinært diversesti-
20 000 kroner samanlikna med kvoten for diversestipend.

onar frå kvoten for diversestipend for naudanna kunstnarar overførte og delte ut som ordinært diversestipend. For kunstnargruppa «Fotografar» er 93 000 kroner frå kvoten for diver-




SUDESH ADHANA i danseforestillinga MAN


Koreografi: Sølvi Edvardsen blei tildelt tilskot frå Fond for lyd og bilete for gjenopptaking i samband med ein turne i Canada. Foto: Trine og Kim Designstudio

Fond for lyd og bilete

Fond for lyd og bilete skal leggje til rette for produksjon og formidling av innspelingar av lyd- og filmopptak. Midlane i fondet skal fordelast til beste for rettshavarane innanfor musikk, scene, film og biletkunst. Fondet er ein kollektiv kompensasjon til rettshavarane for lovleg kopiering av verka deira til privat bruk.

Tilskot og fordeling





Utvalde volumtal for Fond for lyd og bilete 2019*

	2018	2019
Tal på søknader	2687	2634
Tal på tildelingar	608	613
Søknadssum (i 1000 kr)	233 149	232 624
Samla avsetjing (i 1000 kr)	40 096	46 720
Tildelt del av søknadssummen (i prosent)	17,2 %	20,1 %
Søknader med tildeling (i prosent)	22,9 %	23,3 %

* Samla avsetjing inkluderer tilbakeførte midlar frå tidlegare år tildelt i 2019, på til saman 3 780 250 kr.

Hovud- og sektorfordeling Fond for lyd og bilete

(tal i 1000)

	2018	2019	Plantal 2020
Musikk	5 368	5 818	5 818
Fonogram	9 481	9 931	9 931
Scene	4 027	4 226	4 226
Tekst	2 351	2 501	2 501
Film	9 075	9 626	9 626
Biletkunst	1 712	2 212	2 458
Prosjektstøtte diverse	1 000	1 300	1 300
Marknadsføring musikkutgivingar	2 708	3 508	3 700
Marknadsføring kortfilm/dokumentarfilm	1 072	1 272	1 500
Gjenopptaking sceneframsyningar	1 336	1 636	1 900
Norsk musikk i AV-produksjonar	750	780	1 000
Sum	38 880	42 810	43 960

Innleiing frå styreleiaren



Kunst og kreativitet vil alltid stå i sentrum av endringar i samfunnet og peike på utfordringar og uprøvde moglegheiter i samtida. Megatrendar som digitalisering, globalisering og det grønne skiftet utfordrar oss alle ved å gi ny innsikt og setje nye premissar. I dette landskapet er det viktig å sikre god dialog med interesseorganisasjonar for kunstfeltet og vere tett på dei ulike feltet for å fange opp signal om tendensar, forandringar og utfordringar.

Styret har i 2019 vore oppteke av at tilskotsordningane skal vere relevante for dagens kunstnarpraksis. I tillegg til kunstnarisk kvalitet og bransjekunnskap må kriteria ha rom for nye stemmer og kunstuttrykk. Det er viktig at me heile tida evaluerer kva som er aktuelt, og om me treng å justere kriteria. Me skal vere relevante.

Fond for lyd og bilete har ein viktig funksjon som eit sjølvstendig kollegialt organ. Ordningane i Fond for lyd og bilete skal ha slik plassering og funksjon at fondet kan fungere i eit heilskapleg samvirke med andre nasjonale og regionale aktørar i verkemiddelapparatet. Ordningane går på tvers av regionar og skal balansere med eit nasjonalt blikk inn i den nye kommune- og regionreforma. Når fleire uavhengige faglege utval vurderer potensialet i eit prosjekt, sikrar ein maktspreiing av midlar og mangfald for sjangrar, geografi, kjønn og uttrykk.

Styret er oppteke av å sjå samanhengen mellom ulike ledd i verdikjeda. Målet er at norske kunstnarar og kulturaktørar skal få auka inntekter gjennom kunstnarisk verksemd. Tilskotsordningar skal vere med på å styrkje og utvikle solide kunstnar-skap og eigeninntening. Det er viktig å følgje honorarsatsane som gjeld for feltet, og opphavarar skal ha vederlag for bruk av verka sine. Innovativ og utforskande kunst skal få ytringsrom, samtidig som kommersiell suksess ikkje skal stå i vegen for tildeling.

Det profesjonelle apparatet rundt kunstnarane på det frie feltet bidrar til at prosjekt når nye marknader og eit breiare publikum. Derfor er midlar til tiltak for å skape merksemd om prosjekta eit viktig element i samband med eksport. Fleire og fleire søknader til Fond for lyd og bilete er internasjonale; både som kunstnariske prosjekt, i møte med publikum og gjennom bransjefestivalar for film, musikk og scenekunst. Spissa nærvær på digitale plattformer vil generere større inntekter til den norske kunstnarøkonomien, både her heime og på den globale marknaden.

Styret ser auken i ramma for 2019 som eit positivt signal om at Fond for lyd og bilete har ein viktig posisjon i det norske kunst- og kulturlivet. Me er og skal vere relevante og viktige, både som ei kompensasjonsordning og som eit kulturpolitisk verkemiddel. Tildelingar frå Fond for lyd og bilete er ofte heilt avgjerande for å kunne realisere gode prosjekt. Føreseieleg og god finansiering av ein kunstproduksjon er ein føresetnad for å sikre høg kunstnarisk kvalitet, lang levetid for verket og god nok inntekt for kunstnaren.

Hausten 2019 starta styret prosessen med ein strategi for Fond for lyd og bilete for å peike ut retninga i eit nytt treårsperspektiv. Samanhengen mellom kunstproduksjon og ei satsing på marknadsføring til publikum vil vere tungtvegande. Nettopp denne dualiteten i signaturen til fondet er avgjerande for å sikre levedyktige vilkår for utøvarar og produsentar.

Styret er oppteke av dialog med ulike aktørar for å forstå mekanismar og dynamikk på ulike felt og kunne tilpasse ordningane best mogleg. Dialog og erfaringsutveksling med kunstfeltet og bransjeaktørar vil fortsetje i åra som kjem.

Samtida vår er prega av hyppige endringar, med stadig nye format og tilgjengelege plattformer der kunsten møter publikum. Det er derfor viktig å omfamne og ta i bruk dei moglegheitene som forandring opnar for. Kunst er viktig.



Stein Bjelland
styreleiar

Skal fordelast til beste for rettshavarane

Fond for lyd og bilete skal leggje til rette for produksjon og formidling av innspelningar av lyd- og filmopptak. Midlane i fondet skal fordelast til beste for rettshavarane innanfor musikk, scene, film og biletkunst. Fond for lyd og bilete er i tillegg ein kollektiv kompensasjon til rettshavarane for lovleg kopiering av verka deira til privat bruk.

Fond for lyd og bilete støttar produksjon og formidling av lydopptak, turnéverksemd, komponering og utvikling av tekst til musikk. Fondet støttar produksjon og formidling av scenekunst, foto, videokunst og digital kunst. Vidare gir me tilskot til produksjon av kortfilm og dokumentarfilm, manus, originalmusikk i audiovisuelle produksjonar og til tverrkunstnariske prosjekt. Fond for lyd og bilete bidrar også med midlar til marknadsføring av musikkutgivingar, marknadsføring av kortfilmar og dokumentarar og til gjenopp-taking av sceneførestillingar på nye arenaer.

Fagutval som er utnemnde av styret, står for den kunstfaglege vurderinga av søknader. Utvala gir innstillingar til styret, som gjer vedtak basert på innstillingane. Det skal ligge kvalitetsmessige kriterium til grunn for tildelingane. Vurderingane skal basere seg på kunstnarisk skjønn. Støtta skal vere prosjektorientert og leggje til rette for nye norske produksjonar og framføringar. Tildelingane byggjer på ei heilskapleg vurdering av dei innkomne søknadene. Me prøver også å spreie støtta geografisk og på ulike sjangrar. Midlane skal særleg kome grupper som er utsette for privatkopiering, til gode.

Avgjerande med marknadsføring

Løyvinga til Fond for lyd og bilete auka med nærare 10 prosent frå 2018 til 2019, frå 38 800 000 til 42 810 000 kroner. Styret fordelte midlane på alle tilskotsordningane. For å bidra til honorar til profesjonelle kunstnarar for skapande og utøvande verksemd blei feltet innhaldsproduksjon prioritert. Samtidig er det ei kjensgjerning at marknadsføring av kunstprosjekt er avgjerande for å nå ut til eit større publikum, sikre inntening og sørgje for lengre levetid i marknaden, og dette har også vore ei av prioriteringane til styret.

Auken i budsjetttramme blei fordelt med høvesvis 1 730 000 til musikkfeltet, 900 000 til tekstarbeid og film, 500 000 til scenekunst og 800 000 til biletkunst og tverrkunstnariske prosjekt. Som ei ekstra satsing fordelte styret to millionar av dei tilbakeførte midlane til ordningar som er knytte til promotering og festivaldeltaking for film, og til spreing av scenekunst til nye publikumsgrupper. Dette førte til noko større tildelingar til desse tiltaka. Elles er det marginale endringar i talet på tildelingar og innkomne søknader samanlikna med tidlegare år.

Styret har gjennom året drøfta prinsipp i retningslinjene rundt kravet til varigheit på musikkinnspeling og avgrensinga på å søka fondet for aktørar med betydeleg offentleg driftsstøtte.

Fond for lyd og bilete har i løpet av året vore med på pilotprosjekt i Kulturrådet innanfor kunnskapsproduksjon. Mellom anna dialogmetoden «kuraterte møteplassar» for aktørar innanfor kunstfeltet om samarbeid for synleggjering av verk og kunstnarskap. Kulturrådet skal fortsetje arbeidet med å utvikle ei vidareføring av verdikjeda på kunstfeltet. Sekretariatet har utover dette vore til stades på faglege arrangement for musikk, film og scene for å informere om kriteria i dei ulike ordningane. Forvaltning av tilskotsordningane og sikker drift av fondet har vore prioriterte oppgåver i 2019.

Krev innsikt i formidlingsstrategiar

Det blir stadig viktigare å sjå heilskapen og samanhengane i kunstnarøkonomien. Rask bransjeutvikling når det gjeld digitalisering av distribusjon, nye pengestraumar og marknadstilpassingar stiller nye krav til verkemiddel og aktiv forvaltning. Det krev innsikt i formidlingsstrategiar for eit breitt samansett publikum og satsing på marknadsføringskonseptet. Styret ønskjer at Fond for lyd og bilete skal vere relevant for profesjonelle innanfor det frie feltet og vise fleksibilitet for nye stemmer og kunstuttrykk. Det er viktig at fondet heile tida evaluerer kva som er aktuelt, og om det er behov for å justere kriteria.

Tilbakemeldingar frå fagutvala gir styret viktig innsikt i utviklingstrekk og tendensar i søknadene. Det grønne skiftet er eit gjennomgåande hovudtrekk både tematisk og i gjennomføringa av mange prosjekt. Scenekunstprosjekt er ofte sjangeroverskridande, og fleire har internasjonale samarbeidspartnarar både når det gjeld produksjonen og visingsarenaene. Søknadene viser både etablerte kunstnarar med særeigen signatur og unge konstallasjonar som eksperimenterer med nye metodar. Mange danseprosjekt har eit forskingsperspektiv på sin eigen prosess. Tendensar er dystopisk drøfting om miljø, kjønnsidentitet og eit verdssamfunn i endring, og dette speglar seg også i manusarbeid for scene og film. Fond for lyd og bilete opnar for alle sceniske uttrykk og utfyller på denne måten dei andre ordningane til Kulturrådet.

Tendensen i filmsektoren er eit tydeleg politisk engasjement, med tematikk om menneskeskapte klimautfordringar, teknologi og migrasjon. Filmskaparar eksperimenterer også med kortfilmformatet som kunstfilm. For kortfilm og dokumentarar blir det søkt om midlar til deltaking og promotering både på norske og profilerte filmfestivalar. Norsk dokumentarfilm har ei tydeleg satsing på internasjonale arenaer. Når andre nasjonale ordningar fell bort, vil midlane i Fond for lyd og bilete vere viktige som støtte til marknadstiltak og festivalpåmelding.

Biletkunstfeltet viser stadig utvikling når det gjeld teknologi og openheit for ny metodikk og samarbeid med forskingsmiljø. Søknadene viser stor aktivitet og høg kvalitet, men signaliserer avgrensa ressursar til honorar, produksjon og formidling. Kategorien kunstvideo og videoinstallasjon representerer mange søknader. Desse prosjekta tangerer filmproduksjon og er kostnadskrevjande. Det er langt fleire søknader enn det ordninga har midlar til å støtte. Derfor er det mange som får avslag. Formspråket og konseptet i

norsk videokunst opnar for moglegheiter på internasjonale arenaer. Derfor er det viktig med midlar til både produksjon og promotering.

Søknader frå det frie profesjonelle musikklivet viser stort sjangermangfald og stor spennvidde i form, uttrykk, aktørar og marknadssatsingar. Støtteapparatet legg til rette for nyproduksjon og aktivitet i inn- og utland. Samtidig er det ein tendens at musikarar i større grad produserer og gir ut eigen musikk. Det at fondet omfattar alle musikk-sjangrar, inviterer både etablerte musikarar og debutantar til å søkje om støtte frå ordningane. Det er høgt kunstnarisk nivå, og musikkfeltet viser eit bevisst forhold til dei gjeldande honorarsatsane. I søknader om turnear blir det lagt meir vekt på å avgrense klimaavtrykket. Visuelle verkemiddel er viktige for å skape merksemd på digitale flater. For å nå ut til nye marknader er det avgjerande med kvalitet i produksjonen av musikkvideoar og videokunst. I tillegg er bevisstgjerjing om samarbeid med profesjonelle aktørar i formidlinga av kunstverk viktig.

Framtidsutsikter: Nå ut til nye publikumsgrupper

Styret meiner det er viktig å føre vidare satsinga på marknadsføring og synleggjering av verk og kunstnarskap, og å bidra til at kunst når ut til nye publikumsgrupper. Det er store forskjellar mellom kunstfelta i kva som kjenneteiknar god marknadsføring, og kva for tiltak som verkar. Styret vil fortsetje dialogen og erfaringsutvekslinga med kunstfelta og bransjeaktørane for å få auka innsikt og tilpasse ordningane etter konkrete behov. Innhenting og analyse av kunnskap vil vere eit viktig tiltak for å avdekkje utfordringar og moglegheiter.

Kulturrådet har starta eit viktig utviklingsarbeid som vil vere med på å sikre betre arbeidsflyt og effektivisering, både for Fond for lyd og bilete og for brukarane av ordningane. Betre statistikk og meir systematisk tilgang på informasjon frå søknader og rapportar vil gi styret eit betre grunnlag for å analysere effekten av ordningane. Det er viktig at Fond for lyd og bilete når breitt ut med informasjon om ordningane og kommuniserer godt med aktørane som ordningane er til for. Me ser framleis at det elektroniske søknads- og saksbehandlingssystemet til Kulturrådet kan bli endå betre lagt til rette for søkjarane, utvala og administrasjonen.

Styret i Fond for lyd og bilete har sju medlemmer. Det er Kulturdepartementet som utnemner medlemene. Kvar medlem har ein personleg varamedlem. Både styreleiaren og varamedleimen blir utnemnd direkte av departementet, mens dei andre medlemene blir utnemnde etter innstilling frå produsent-, opphavsrett- og utøvarorganisasjonane. Styret er utnemnt for perioden 2018–2020.

Det er Stortinget som kvart år fastset dei økonomiske rammene for fondet gjennom budsjettvedtak. Styret kjem i starten av kvart år med framlegg om ei hovudfordeling av dei midlane som står til disposisjon. Hovudfordelinga blir fastsett av Kulturdepartementet.

Styret forvaltar elleve tilskotsordningar. Det er faglege utval utnemnde av styret som vurderer søknadene. Utvala står for den kunstfaglege vurderinga av søknadene. Dei gir innstillingar til styret, som gjer vedtak basert på innstillingane. Fagutvala for prosjektstøtte til musikk, scene, film, tekst, biletkunst og fonogram blir utnemnde etter innstilling frå produsent-, opphavsretts- og utøvarorganisasjonane. For dei andre tilskotsordningane utnemner styret underutval med representantar frå styret og fagutvala.

Prosjektstøtteordningane har to søknadsfristar i året, éin i februar og éin i september. Tilskotsordningane for marknadsføring av musikkutgivingar, marknadsføring av kortfilm/dokumentarfilm og gjenopptaking av sceneførestillingar er løpande ordningar som blir behandla på styremøta.

Fagutval som er utnemnde av styret, står for den kunstfaglege vurderinga av søknader. Utvala gir innstillingar til styret, som gjer vedtak basert på innstillingane. Kvalitet skal vere eit kriterium for tildelingane. Vurderingane skal basere seg på kunstnarisk skjønn. Støtta skal vere prosjektorientert og leggje til rette for nye norske produksjonar og framføringar. Tildelingane byggjer på ei heilskapleg vurdering av dei innkomne søknadene. Det blir også forsøkt å spreie støtta geografisk og på ulike sjangrar. Midlane skal særleg kome grupper som er utsette for privatkopiering, til gode.

Sekretariatet for Fond for lyd og bilete utgjer om lag 2 ½ årsverk og er ein del av fagadministrasjonen i Kulturrådet. Sekretariatet for Fond for lyd og bilete er samlokalisert med Seksjon for kunstnarøkonomi og Statens kunstnarstipend ved Kulturrådet sitt kontor i Trondheim.

Styret



Fra venstre til høyre

RAGNA LINDBOE

Oslo, (f. 1972) er regissør og universitetslektor. Ho har 25 års erfaring med filmproduksjon og kunstpolitisk arbeid knytt til filmfeltet. Lindboe har utvikla filmfaget for skodespelarar ved Nord universitet og leiar Verdalslaboratoriet. Lindboe er utnemnd som representant for Norske Filmregissører / Norsk filmforbund.

HANS MATHISEN

Sandefjord (f. 1967) er jazzgitarist, komponist og arrangør. Han har skrive fleire bestillingsverk og gitt ut album med Kongelige norske marines musikkorps og Kringkastingsorkesteret. Mathiesen er utnemnd som representant for GramArt.

TOVE BØYGÅRD

Oslo/Ål (f. 1966) er låtskrivar og artist. Ho har gitt ut sju album med eige materiale og driv eige plateselskap. Bøygård er nestleiar i NOPA og har hatt ei rekkje verv i ulike organisasjonar i musikkbransjen. Bøygård er utnemnd som representant for NOPA.

**STEIN BJELLAND**

Stavanger / New York (f. 1970), styreleiar. Har 25 års erfaring frå den norske og internasjonale musikkbransjen, både som utøvar og innanfor ulike bransjefunksjonar. Bjelland har fleire styreverv, mellom anna i Stavanger Symfoniorkester og Kunsthall Stavanger. Bjelland er utnemnd av Kulturdepartementet.

TRYGVE LUKTVASSLIMO

Valberg (f. 1978). Eig og driv Lofoten-baserte Lukt Studios. Har hatt ulike styreverv, mellom anna som leiar for Nord-Norske Bildende Kunstnere. Luktvaslimo er utnemnd som representant for Norske Billedkunstnere. Luktvaslimo var med i styret fram til sommaren 2019. Vara er Karianne Stensland.

MARTE THORSBY

Oslo, (f. 1972) er direktør i IFPI Norge, der ho har vore sidan 2006. Tidlegare advokat. Lang styreerfaring frå mellom anna Spellemann AS, Gramo og Norwaco, i tillegg til fleire periodar i FFUK og FLB. Thorsby er utnemnd som representant for produsentorganisasjonen IFPI Noreg.

ØYVIND SAUARLIA

Notodden (f. 1960) har vore managing director for plateselskapet Grammofon sidan 2004. Han har tidlegare drive studioverksemd og var dagleg leiar for distribusjonsselskapet Bare Bra Musikk frå oppstarten i 2000. Sauarlia er utnemnd som representant for produsentorganisasjonen FONO.

Søknader og tildelingar etter sektorar i 2019


	Tal på søknader	Søknadssum (i 1000)	Tal på tildelingar	Tildelt sum*	Tildeling av søknadssum (i prosent)
Musikk	518	37 709	99	6 145	16,3
Fonogram	813	59 619	147	10 396	17,4
Scene	254	29 704	46	4 441	15,0
Tekst	181	12 005	45	2 628	21,9
Film	205	40 189	43	10 086	25,1
Biletkunst	140	11 835	38	2 237	18,9
Prosjektstøtte diverse	81	10 722	20	1 656	15,4
Marknadsføring musikkutgivingar	209	12 988	67	3 124	24,1
Marknadsføring kortfilm/dokumentarfilm	75	5 239	45	2 304	44,0
Gjenopptaking sceneframсыningar	118	8 694	49	2 717	31,3
Norsk musikk i AV-produksjonar	40	3 920	14	986	25,2
	2634	232624	613	46 720	20,1 %

* Tildelt sum inkluderer tilbakeførte midlar frå tidlegare år tildelt i 2019, på til saman 3 780 250 kr.


Geografisk fordeling for Fond for lyd og bilete

(i 1000)

Bustadfylke	Søknader	Tildelingar	Andel nasjonale tildelingar	Tidelingsprosent i fylke	Søknadssum (i 1000)	Tildelt sum	Tidelingsprosent i fylke
Akershus	241	39	6,3 %	16,2 %	19 446	2 792	14,4 %
Aust-Agder	13	7	1,1 %	53,8 %	673	316	46,9 %
Buskerud	44	10	1,6 %	22,7 %	3 363	615	18,3 %
Finnmark	31	8	1,3 %	25,8 %	3 650	729	20,0 %
Hedmark	43	6	1,0 %	14,0 %	4 098	363	8,9 %
Hordaland	310	48	7,8 %	15,5 %	26 995	3 996	14,8 %
Møre og Romsdal	27	5	0,8 %	18,5 %	2 056	335	16,3 %
Nordland	51	7	1,1 %	13,7 %	4 104	400	9,7 %
Oppland	42	9	1,5 %	21,4 %	3 325	613	18,4 %
Oslo	1 284	367	59,4 %	28,6 %	112 183	27 731	24,7 %
Rogaland	101	20	3,2 %	19,8 %	7 429	1 827	24,6 %
Sogn og Fjordane	7	3	0,5 %	42,9 %	484	215	44,5 %
Telemark	51	14	2,3 %	27,5 %	3 851	961	25,0 %
Troms	82	24	3,9 %	29,3 %	9 289	2 490	26,8 %
Trøndelag	148	31	5,0 %	20,9 %	12 991	2 042	15,7 %
Vest-Agder	60	7	1,1 %	11,7 %	4 946	506	10,2 %
Vestfold	54	7	1,1 %	13,0 %	5 004	487	9,7 %
Østfold	49	3	0,5 %	6,1 %	4 075	182	4,5 %
Utlandet	29	3	0,5 %	10,3 %	2 628	120	4,6 %
SUM	2 667	618		23,2 %	230 590	46 720	20,3 %



TILDELINGSPROSENT





MARISPELET
på Rjukan er ein av dei historiske spela som har fått tilskot frå Kulturrådet i 2019.
Foto: Dag Jenssen

Amatørteater

Forvalting av tilskot til amatørteater og frivillige teaterføremål blei overført til Kulturrådet i 2019. Tilskotsordningane Kulturrådet fekk i oppgåve å forvalte, var aktivitetsmidlar til amatørteaterfeltet, driftstilskot til nasjonale aktørar innanfor amatørteater, driftstilskot til manusbanken Dramas og historiske spel.

Amatørteateraktivitet i grupper

Aktivitetsmidlane er ei heilt ny avsetjing til amatørteaterfeltet, og denne tilskotsordninga er retta mot grupper som driv frivillig amatørteateraktivitet. Ordninga har som føremål å betre dei økonomiske rammene for amatørteater blant vaksne og bidra til auka aktivitet.

Støttar det frivillige

Relativt mange av søknadene gjaldt støtte til innkjøp av teknisk utstyr. I retningslinjene for ordninga står det at det er mogleg å få støtte til leige av utstyr. Men innkjøp av utstyr skal denne ordninga eigentleg ikkje støtte, fordi det overlappar med Kulturrom (tidlegare Musikkutstysordninga).

Den andre problematikken handlar om at det i nokre tilfelle er profesjonelle aktørar som søker om støtte til aktivitet for amatørar. Det er eit poeng at denne ordninga støttar det frivillige, der demokratiske prinsipp er svært viktige. Det er derfor i prinsippet amatørane sjølve som skal ta initiativ til tiltaka.

Når Kulturrådet i denne runden likevel har innvilga søknadene, skuldast det at retningslinjene kunne ha vore tydelegare på dei aktuelle punkta. I tillegg kom det inn såpass få søknader at det ikkje er kamp om midlane. I denne runden gjorde me ingen avkortingar i søknadssummane, og alle søkjarane fekk det tilskotet dei søkte om.

Det var svært god geografisk spreiding i søknadsbunken. Det var også stort mangfald i gruppene med tanke på alder, men kanskje med ei overvekt i det øvre alderssjiktet. Når det gjeld sjanger, var det påfallande mange revygrupper som søkte.

Det kom inn 72 søknader til ordninga. Éin søknad blei trekt, og to søknader fall utanfor retningslinjene og fekk avslag. Samla søknadssum var på om lag 2,9 millionar kroner. Det er mindre enn avsetninga, som er på 4,2 millionar. Dei resterande midlane vert overførde til neste år.

Fem prosjekt aksepterte ikkje kontrakten før fristen 1. desember. 126 300 kroner blei førte tilbake til Kulturdepartementet.

Tydelegare retningslinjer

Kulturrådet legg opp til ei grundig evaluering av denne tilskotsordninga, og sett i gong arbeid med å gjere retningslinjene og søknadsskjemaet betre og tydelegare.

Driftstilskot til nasjonale aktørar innanfor amatørteater

Tilskotsordninga «Driftstilskot til nasjonale aktørar innanfor amatørteater» er ei ordning for nasjonale frivillige aktørar som arbeider med amatørteater. Målet med ordninga er å sikre føreseielege driftsrammer for frivillige nasjonale aktørar som stimulerer til amatørteateraktivitet og har langsiktige mål for verksemda.

Det har vore ni organisasjonar som har fått driftstilskot over denne ordninga:

- Frilynt Norge
- Norsk Amatørteaterforbund
- Noregs Ungdomslag
- Studieforbundet AOF
- 4H Norge
- KFUK-KFUM
- Norske Historiske Spel
- Noregs Bygdeungdomslag
- Ravn

Kulturrådet fekk søknad frå alle organisasjonane som er nemnde ovanfor. I tillegg fekk me søknad frå ein ny aktør (Nettverk for regionale teaterråd).

Ikkje ei felles rørsle

Amatørteaterørsla er ikkje éi felles rørsle eller gruppe. Ho består av ei rekkje ulike miljø og uttrykksformer med ulikt geografisk tyngdepunkt. Dei nasjonale organisasjonane i feltet består mellom anna av medlemsorganisasjonar, nettverksorganisasjonar og særforbund. Nokre er store medlemsorganisasjonar som har eit anna hovudmål enn amatørteater, eller der amatørteater er ein del av eit breiare register av føremål og aktivitetar. Andre organisasjonar legg ikkje vekt på medlemstal, men satsar på aktivitet, tiltak og prosjekt. Nokre organisasjonar fremjar spesifikke sceniske uttrykk, som spel eller laiv (levande rollespel).

Rettferdig fordeling

Kulturrådet har no fått eit godt innblikk i organisasjonane på feltet, ikkje minst dei nasjonale aktørane, ved å ha hatt kontinuerleg dialog med feltet gjennom året og etter å ha gått gjennom søknadene frå den første runden. Kulturrådet har også fått skriftlege innspel frå ti organisasjonar til utarbeiding av retningslinjer.

Arbeidet vidare med denne tilskotsordninga vil i hovudsak gå ut på å få til ei rettferdig fordeling av driftsmidlane til nasjonale aktørar innanfor amatørteater som kan bestå over tid.

Det er særleg viktig i tildelingsrunden for 2020 å kontrollere at midlane faktisk går til amatørteaterføremål. For å kunne vurdere dette treng me nok informasjon i både søknader og rapportar. Kulturrådet har valt å bruke dei same utfasingsreglane som gjeld for andre driftstilskotsordningar. Konsekvensen av dette er at aktørar som kanskje ikkje har rett på støtte for 2020, vil få høve til å gjere grep for å auke amatørteateraktiviteten sin, samtidig som andre aktørar som ønskjer å kome inn i ordninga, kanskje må vente til 2021 viss ikkje avsetjinga til tilskotsordninga aukar i 2020.

Manusbanken Dramas

I tillegg til forvaltingsansvaret for driftstilskot til dei nasjonale amatørteaterorganisasjonane fekk Kulturrådet i oppdrag å gi driftstilskot til manusbanken Dramas. Dramas blir ikkje rekna som ein del av tilskotsordninga for driftstilskot til nasjonale aktørar innanfor amatørteater. Manusbanken har ei eiga avsetjing i tildelingsbrevet. I tildelingsbrevet er det spesifisert øyremerkte midlar til Dramas: «Post 01 Driftskostnader Dramas, inkl. lønn, AGA, osv. kr 2 300 000».

Teateralliansen får 2 300 000 kroner for driftskostnader til manusbanken Dramas. Dette er ei auking på 100 000 kroner frå 2018.

Historiske spel

Norsk kulturråd fekk igjen oppgåva med å forvalte midlar til historiske spel for 2019. Etter at Norsk teaterråd blei lagt ned i 2015, blei tilskota til historiske spel finansierte gjennom tippemidlane. Kulturrådet gir tilsegn om midlar med atterhald om fordelinga av spelemidlar til kulturføremål frå Kulturdepartementet for det aktuelle året. Tilskotsordninga har eit eige fordelingsutval som er sett saman av tre personar frå spelfeltet.

Tilskotsordninga for historiske spel løyver prosjektmidlar som skal bidra til utvikling av nye spel og gi etablerte spel høve til kontinuitet og auka kvalitet. Spelaktiviteten skal inngå som eit ledd i å styrkje kulturaktiviteten og eigenidentiteten i lokalsamfunnet. Spelaktiviteten skal inkludere og stimulere til brei deltaking.

Varierende tidsepoker

Tidsepoken spela hentar handlinga si frå, varierer. Dette inkluderer spel om den store nordiske krigen, tettstadutvikling, nasjonsbygging og førestillingar baserte på lokale mytar og segn.

Det kom inn 46 søknader til ordninga med ein samla søknadssum på 8,6 millionar kroner. Det blei gitt 41 tilskot. Med atterhald om fordelinga av spelemidlar frå Kulturdepartementet i 2019 gav fordelingsutvalet tilrådingar på til saman 3 500 000 kroner til historiske spel.

Regjeringa fordelte spelemidlane til kulturføremål, og historiske spel fekk 4 000 000 kroner. Med eit avvik frå prognosen på 500 000 kroner kunne Kulturrådet auke tildelingssummen til 36 tilskotsmottakarar. I tillegg avgjorde leiinga i Kulturrådet at delar av summen ikkje skal gå til å dekkje inn administrasjonsutgifter. Kulturrådet kunne dermed fordele heile avsetjinga til spelfeltet. Fagadministrasjonen fordelte auken på 500 000 kroner ved å dele midlane på tilskotsmottakarane som fekk mindre enn dei søkte om. 35 tilskotsmottakarar fekk ei auking på 13 880 kroner, og éin tilskotsmottakar fekk auka støtte med 10 000 kroner. Til saman blei støtte auka med 495 800 kroner.

I årets søknadsrunde var 14 fylke representerte. Flest søknader kom frå Hedmark (9).

Ifølgje Spelhandboka blei det produsert 85 spel i 2019. Det kom inn 46 søknader. Heile spelfeltet har med andre ord ikkje fått med seg at Kulturrådet har tatt over forvaltingsansvaret for denne ordninga.

Kommunikasjon ut til spelfeltet

Tilskotsordninga fekk overført det tidlegare namnet «Historiske spel og friluftsspel». Kulturrådet har endra namnet på tilskotsordninga til «Historiske spel».

Kulturrådet har gjort ei grundig evaluering av retningslinjene. I etterkant blei det også gjort forbetringar i søknadsskjemaet. Søknadsfristen blei flytta frå februar til desember. Det er aktuelt å utvikle ein ny strategi for forvaltninga av spelemidlane, og ein strategi for kommunikasjon ut til spelfeltet.

Amatørteaterprosjekt om utanforskap

I tillegg til midlane som var øyremerkte til dei tre tilskotsordningane og manusbanken Dramas, kom det i april 2019 melding frå Kulturdepartementet om at Kulturrådet skulle dele ut ytterlegare 5 138 000 kroner til amatørteateriltak i 2019. Dette dreier seg om ei overføring av ubrukte midlar til amatørteater frå 2018.

I høve årskonferansen til Kulturrådet kom me derfor med ei enkeltutlysing om støtte til amatørteaterføremål som tek føre seg utanforskap. Med dette tiltaket oppfordra Kulturrådet amatørteaterfeltet til å søkje om tilskot til aktivitetar eller tiltak som famnar omgrepet utanforskap.

Retningslinjene og søknadsskjemaet ligg tett opptil tilskotsordninga for amatørteateraktivitet i grupper, men enkeltutlysinga skil seg frå tilskotsordninga på nokre punkt:

- I enkeltutlysinga er det ope for at alle kan søkje, ikkje berre vaksne over 18 år.
- Det er mogleg å søkje om støtte til større arrangement.
- Den maksimale søknadssummen er 100 000 kroner.

Honorar til eksterne

Fleire søknader gjaldt honorar til eksterne profesjonelle aktørar. Fire søkjarar søkte om honorar til profesjonelle som openbert ikkje kan reknast som eksterne aktørar, og dei fekk ein lågare sum enn dei søkte om.

Det var stor geografisk spreiring i søknadsbunken, men det kom ingen søknader frå Finnmark. Det var god spreiring i alder og fleire sjangrar som var representerte – spel, konsertar, tverrkunstnariske prosjekt, teaterframsyningar og revyar. Dei fleste søkte om ein sum mellom 80 000 og 100 000 kroner eller ein sum mellom 20 000 og 40 000 kroner. Temaet utanforskap var tolka på mange ulike måtar og blei skildra godt

nok i varierende grad. Fleire prosjekt tar føre seg identitet og korleis barn og unge kan oppleve utanforskap i kvardagen. Minoritetsgrupper, mobbing, mindreårige asylsøkkjarrar, utviklingshemming, manglande tilhørsløse på skulen, korleis sosiale medium kan vere med på å skape utanforskap, og kriminelle ungdomsmiljø i Oslo er døme på tema som stikkprøvene avdekte.

Avsetjinga til denne enkeltutlysinga var 5 138 000 kroner. Samla søknadssum var 3 336 000 kroner. På grunn av avkorta tildelingar til profesjonelle aktørar som ikkje var eksterne, var den samla tildelingssummen 3 179 000 kroner. Dette er ein differanse på 157 000 kroner. Ingen av søknadene fekk avslag. Ubrukte midlar var 1 959 000 kroner.

Saman med ubrukne midlar til tilskotsordninga for amatørteateraktivitet i grupper (1 388 735 kroner) var den samla potten av ubrukne midlar til aktivitetsstøtte 3 347 735 kroner i 2019.

Fem prosjekt aksepterte ikkje kontrakten før fristen 1. desember. 302 200 kroner blei førte tilbake til Kulturdepartementet.

Samla avsetning

Ordning	Avsetning i kr
Amatørteater i grupper	4 200 000
Amatørteaterprosjekt om utanforskap	5 138 000
Driftstilskot til nasjonale aktørar innanfor amatørteater	5 000 000
Driftstilskot Manusbanken Dramas	2 300 000
Historiske spel	4 000 000
Totalt	20 638 000

Amatørteateraktivitet i grupper

Tal på søknader	Tal på tildelingar	Avsetning i kr	Søknadssum i kr	Tildelingssum i kr
72	70	4 200 000	2 891 265	2 791 265 kr

Utenforskap

Tal på søknader	Tal på tildelingar	Avsetning i kr	Søknadssum i kr	Tildelingssum i kr
39	39	5 138 000	3 336 000	3 179 000 kr

Driftstilskot

Tal på søknader	Tal på tildelingar	Avsetning i kr	Søknadssum i kr	Tildelingssum i kr
10	8	5 138 000	9 730 000	5 000 000 kr

Manusbanken Dramas

Tal på søknader	Tal på tildelingar	Avsetning i kr	Søknadssum i kr	Tildelingssum i kr
1	1	2 300 000 kr	2 300 000 kr	2 300 000 kr

Historiske spel

Tal på søknader	Tal på tildelingar	Avsetning i kr	Søknadssum i kr	Tildelingssum i kr
46	41	4 000 000	8 625 000 kr	4 000 000 kr

Geografisk fordeling historiske spel

Fylke	Tal på søknader	Tal på løyvingar
Akershus	5	5
Finnmark	1	1
Hedmark	9	8
Hordaland	3	3
Møre og Romsdal	3	3
Nordland	3	2
Oppland	2	2
Oslo	2	2
Rogaland	1	1
Sogn og Fjordane	3	3
Telemark	1	
Trøndelag	5	5
Vestfold	5	3
Østfold	3	3
Totalt	46	41



Kunnska formidlin



KRITIKKEN SI ROLLE I SAMFUNNET. Lansering av ny tilskotsordning for tidsskrift og kritikk i Kulturfondet. Debatt og frukostmøte på Litteraturhuset i Oslo. Foto: Marta Anna Løvberg.

p og

g

Kulturrådet har ei viktig rolle som rådgivar og formidlar, og har som mål å auka kunnskapen i samfunnet om kunst og kultur. Kulturrådet tar initiativ til og legg til rette for produksjon av kunnskap om kunst- og kulturfeltet.



FARGESPILL LARVIK

Barn og unge og kunst og kultur er ei av forskingssatsingane til Kulturrådet i 2019. Målet er å utvikle ny kunnskap om og nye perspektiv på den plassen kunst og kultur har i livet til barn og unge. Bilete frå prosjektet Fargespill i Bølgen kulturhus i Larvik. Foto: Nag Nordsveen

Forsking og utgreiing

Forsking og annan systematisk kunnskapsproduksjon er viktig for å sikre god forvaltning av Norsk kulturfond, for utviklinga av museumssektoren og internasjonalt kunst- og kulturarbeid, for arbeidet med kultur og næring og for andre oppgåver i Kulturrådet. FoU-arbeidet til Kulturrådet skal gi eit solid kunnskapsgrunnlag for vår eiga verksemd, for politikk og anna forvaltning, for kunst- og kulturlivet og for den offentlege samtalen om kunst og kultur.

Kulturell og kreativ næring

Kulturrådet tolkar og analyserer utviklinga i kunst- og kulturlivet, og me følgjer kunnskapsutviklinga på området. Kulturrådet utviklar og set i gang forskings- og utgreiingsprosjekt som gir kunnskap om sentrale tendensar og saksforhold i samtidskunst og -kultur, og som bidrar til omgrepsutvikling og kritisk refleksjon. Kulturrådet bestiller også evalueringar med mål om å kvalitetssikre og fornye forvaltinga av Kulturfondet og andre oppgåver. Kulturrådet har også ansvar for utvikling og produksjon av ulike typar statistikk.

Kulturrådet er rådgivar for Kulturdepartementet i FoU-spørsmål og tar del i internasjonalt kunnskapssamarbeid. FoU-arbeidet i Kulturrådet er finansiert både gjennom Norsk kulturfond og Kulturdepartementet, og gjennom eksterne samarbeidspartnarar.

Formidlinga av kunnskapsprosjekt frå Kulturrådet skal nå ut til eit breitt publikum. Rapportar, utgreiingar og forskingsresultat blir publiserte i skriftseriane til Kulturrådet. Alle publikasjonar er fritt tilgjengelege på nettet, og dei blir distribuerte til aktuelle mottakarar og målgrupper. Fleire av utgivingane er på pensum ved universitet og høgskular i inn- og utland. Slik bidrar dei til den meir generelle kunnskapsdanninga på området.

Styrkjer rolla som kunnskapsprodusent

Det har dei seinare åra vore ei positiv utvikling i den kulturpolitisk relevante kunnskapsproduksjonen. Fleire forskings- og kunnskapsmiljø bidrar med relevant kompetanse. Kulturpolitikkforskninga har blitt styrkt. Likevel er det behov for vidare kunnskapsoppbygging. Endringsprosessane i kunst- og kulturlivet er omfattande, og ein treng eit breitt spekter av kunnskapsprosjekt som produserer statistikk om, skildrar, analyserer og problematiserer saksforhold og tendensar i kunst- og kultursektoren.

Kulturmeldinga frå 2018 gav sterke og tydelege argument for ei nødvendig og ambisiøs satsing på produksjon og formidling av kunnskap. I 2019 har Kulturrådet jobba for ei ytterlegare styrking av det systematiske kunnskapsarbeidet. Det har blitt oppretta ei eiga avdeling for kulturanalyse. Den tidlegare FoU-seksjonen er no ein del av denne avdelinga. Avdelinga skal ha som føremål å identifisere behov for, produsere og formidle kunnskap som er relevant for kultursektoren, vår eiga verksemd og resten av kunst- og kulturfeltet. Avdelinga skal vere navet i det samla kunnskapsarbeidet til Kulturrådet. Ho skal sikre ei strategisk, heilskapleg og langsiktig tilnærming til kunnskapsutviklinga vår. I tillegg skal ho vere med på å sikre at Kulturrådet er ein tydeleg rådgivar og premissleverandør overfor Kulturdepartementet og i samfunnsdebatten.

Aktuelle forskings-, utgreiings- og evalueringsprosjekt

Kunst i tal

Kulturrådet har dei siste sju åra publisert ein årleg bransjestatistikk. Målet er å få fram data som kan klargjere kva som kjenneteiknar omsetninga i dei ulike kunstområda, og korleis ulike delar av desse områda utviklar seg over tid. Modellen for målingane er utvikla i tett samarbeid med organisasjonar og aktørar i bransjane, og han baserer seg på bransjane sine egne tal.

Prosjektet blir utført av Rambøll Management Consulting på oppdrag frå Kulturrådet og i samarbeid med aktørar innanfor dei ulike kunstområda. Rapporten Kunst i tall 2018. Inntekter fra musikk, litteratur, visuell kunst og scenekunst av Jon Martin Sjøvold, Mia B. Nilssen Haave, Kjetil Helgeland, Ranjit Kaur og Lars Ivar Slemndal blei publisert i desember 2019.

Det var sjuande gong Kulturrådet publiserte rapporten Kunst i tall. Årets rapport viser at inntektene i dei fire kunstbransjane til saman var 14,2 milliardar kroner i 2018. Det er ein liten nedgang frå 2017 og 2016, då dei samla inntektene blei målt til høvesvis 14,3 og 14,5 milliardar, korrigert for prisvekst. Nedgangen i dei samla inntektene i kunstbransjane skriv seg hovudsakleg frå nedgangen i dei samla inntektene i litteraturbransjen. Inntektene i bransjane musikk, scenekunst og visuell kunst har auka noko det siste året.

Målet med Kunst i tall-prosjektet er auka kunnskap om inntekter på dei ulike kunstområda og utviklinga deira over tid. Visuell kunst blei inkludert i målinga for 2014. Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget frå desse målingane ønskjer Kulturrådet ei nærare kartlegging av aktørane på kunstfeltet og kunnskapen deira om publikum, marknaden, aktivitetar og marknadspotensial. Oppdraget blir gjennomført av Rambøll Management Consulting som tilleggsoppdrag under rammeavtala for Kunst i tall. Prosjektet er ein del av kulturøkonomiprojektet til Kulturrådet, som mellom anna skal bidra med kunnskap og analyse for å styrkje økonomien i kunst- og kultursektoren i Noreg.

Kunst og sosiale fellesskap

Forskningsprogrammet «Kunst og sosiale fellesskap» er utvikla i samarbeid mellom Kulturrådet, Statens Kunstfond i Danmark og Nordisk kulturfond. Programmet skal bidra til kunnskap om det fellesskapsdannande potensialet i estetisk praksis. Det skal formidle resultatane frå forskningsprosjekta til eit allment publikum gjennom mellom anna publikasjonar, seminar og konferansar. Programmet er eit viktig bidrag til å styrkje eit fellesnordisk kunnskapsamarbeid. Det blei utlyst forskningsmidlar frå programmet vinteren 2019. Elleve prosjekt blei tildelte midlar.

Digital kultur, estetiske praksisar

Forskningsprogrammet skal undersøkje korleis digitalisering og digital mediekultur pregar estetisk praksis i samtida og utfordrar etablerte omgrep, kategoriar og forståingsformer knytte til kunst og kultur. «Estetiske praksisar» omfattar både kunstnariske

og kulturelle objekt, ytringar, innhald og uttrykk, og situasjonar eller samanhengar der desse blir produserte, formidla, sirkulerte, opplevde eller brukte. Programmet er finansiert gjennom midlar frå Kulturdepartementet og Norsk kulturfond. Ni forskingsprosjekt fekk tilskot i 2019.

Barn og unge og kunst og kultur

Målet med denne forskingssatsinga er å utvikle ny kunnskap om og nye perspektiv på den plassen kunst og kultur har i livet til barn og unge. Forskingsprosjekta «Samarbeid mellom små og store vesen. Deltakarbasert kunstproduksjon med born», ved Merete Jonvik (NORCE) og kunstnaren Hans Edvard Hopperstad, og «Barn møter kunst på museum», ved Marit Holm Hopperstad (DMMH) mfl., er begge venta å stå ferdige i 2020. Kartlegging av kunnskap om mangfald og inkludering i norsk kunst- og kulturliv Kulturrådet treng meir kunnskap om graden av inkludering og representasjon i ulike delar av kulturlivet hos personar med innvandrarbakgrunn. På bakgrunn av ein anbods-runde fekk konsulentselskapet ideas2evidence i oppdrag 1) å kartleggje aktuell kunnskapsproduksjon om temaet, 2) å vurdere omfang, kvalitet og relevans av den aktuelle kunnskapen med tanke på det vidare arbeidet for Kulturrådet på feltet og 3) å hjelpe til med å utforme måleindikatorar for å styrkje kunnskapssituasjonen i åra som kjem. Prosjektet skal stå ferdig i mars 2020.

Følgjeforskning på satsinga på kulturell og kreativ næring frå regjeringa

Kulturrådet fekk i oppdrag frå Kulturdepartementet å starte følgjeforskning på satsinga på kulturell og kreativ næring i perioden 2017–2021. Oppdraget blei etter utlysing tildelt Østlandsforskning ved Atle Hauge. Forskinga skal gå over ein femårsperiode og skal mellom anna resultere i tre rapportar. Nullpunktrapporten, den første rapporten i prosjektet, er klar. Han vil bli publisert vinteren 2020.

Kulturvern og frivilligheit

Hausten 2019 lyste Kulturrådet ut midlar til eit kunnskapsprosjekt som skal kartleggje aktivitetar, aktørar og sjølvforståingar innanfor det frivillige kulturvernet. Prosjektet skal også gi ei oversikt over aktuell forskning og anna relevant kunnskap. I tillegg skal det vurdere kunnskapsbehov og bidra med innspel til perspektiv og problemstillingar for framtidige forskingsprosjekt. Nanna Løkka (Telemarksforskning) mfl. skal gjennomføre prosjektet. Prosjektet startar opp i januar 2020 og skal vere ferdig hausten 2020.

Gjennomgang av tilskotsordningane for litteratur

Over dei seinare åra har det vore fleire viktige endringar i dei tilskotsordningane Kulturrådet har for litteratur. På bakgrunn av dette blei det i 2018 sett i gang eit kunnskapsprosjekt der ein skal sjå på korleis ordningane i dag fungerer, korleis dei verkar innanfor ulike delar av det litterære kretsløpet, og korleis dei bidrar til å realisere dei litteraturpolitiske måla. Oppdraget gjekk til eit forskarteam ved Høgskulen i Volda. Teamet blir leia av Paul Bjerke og Lars Julius Halvorsen. Prosjektet skal stå ferdig hausten 2020.

Avslutta forskings-, utgreiings- og evalueringsprosjekt

Kunnskapsutvikling om det visuelle kunstfeltet

Kulturrådet fekk i 2018 i oppdrag frå Kulturdepartementet å setje i gang eit kunnskapsprosjekt på det visuelle kunstfeltet. To rapportar frå prosjektet blei lagde fram i februar 2019. Ein tredje rapport skal stå ferdig våren 2020.

Rapporten Statistikk om visuell kunst i Norge av Lars Christian Monkerud (NIBR, OsloMet) går gjennom og analyserer aktuell statistikk om det visuelle kunstfeltet, til dømes når det gjeld økonomiske forhold (til dømes kjøp og sal av visuell kunst, og inntektssituasjonen og levekåra til kunstnarane), bruken av visuell kunst blant publikum (vising av og tilgang til kunst) og bakgrunnskjenneitekn ved visuelle kunstnarar (til dømes alder, kjønn, bustad).

Rapporten Visuell kunst i norsk forvaltning av Arne Holm og Lars Christian Monkerud (NIBR, OsloMet) er ei kartlegging av verkemiddel, strategiar og planar for det visuelle kunstområdet, først og fremst på fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Studien undersøker også samspelet mellom dei tre nivåa i forvaltninga.

Boka Kunst som deling, delingens kunst av Merete Jonvik (NORCE), Eivind Røssaak, Hanne Hammer Stien (UiT) og Arnhild Sunnanå blir lansert våren 2020. Boka er fagfelle-vurdert og undersøker korleis nye samarbeidsformer, nettverk og teknologiar påverkar og endrar kunstproduksjon, kunstuttrykk og kunstformidling i samtida.

Utgreiing om konsertarrangørar

Boka Engasjement og arrangement. Ei bok om konsertar og konsertarrangering, skriven av Bård Kleppe, Ola K. Berge og Sigbjørn Hjelmbrekke (Telemarksforsking), blei lansert på Cosmopolite Scene i Oslo i juni 2019.

Funna i boka, som er baserte på ei undersøking gjort på oppdrag frå Kulturrådet, peikar på eit konsertfelt som har endra seg mykje det siste tiåret, mellom anna som følgje av nye musikkvanar. Konsertar og liveframføringar har aldri tidlegare vore så viktige for musikarar og artistar. Mellom anna viser tala at halvparten omsetninga til norske artistar no kjem frå konsertar.

Den nye omsetningsveksten stiller heilt nye krav til profesjonalitet i alle ledd, og heile feltet har i den seinare tida gått gjennom ei profesjonalisering. Publikum forventar profesjonalitet, artistane forventar profesjonalitet, og myndigheitene og støttespelarane gjer det same.

Kunstnarbefolkninga

Kulturrådet fekk i oppdrag frå Kulturdepartementet å finne tal som kan klargjere utviklinga i kunstnarbefolkninga, og som viser utviklinga i statlege tilskot til kunstnarpolitiske tiltak. Rapporten blei utarbeidd av FoU-seksjonen, og arbeidet blei leia av Hege Myrlund Larsen. Rapporten omfattar ei kartlegging av medlemskap i kunstnarorganisasjonar, av uteksaminerte kandidatar innanfor kunstfag og av ulike statlege tilskotsord-

ningar til kunstfeltet i perioden 1993–2018. Kartlegginga viser at det er svært uklart kva talet på medlemskap i kunstnarorganisasjonane og talet på utdanna kandidatar frå kunstfag kan seie om storleiken på kunstnarbefolkninga. Når det gjeld medlemskap i kunstnarorganisasjonane, er kriteria for medlemskap ulike. Grunnane medlemene har for å melde seg inn, kan også variere mykje. Ein har heller ikkje oversikt over det seinare yrkeslivet til kandidatane frå kunstfagutdanningane. Rapporten inngår i samarbeidet med departementet om kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med ny kunstnarmelding.



NORDIC DIALOGUES

I desember blei konferansen Nordic Dialogues arrangert i Oslo, som ei avslutning på det treårige prosjektet Inkluderande kulturliv i Norden.
Foto: Noah Williams

Formidling

Kulturrådet formidlar og skaper merksemd om kunnskapsproduksjonen gjennom ei rekkje ulike aktivitetar. I tillegg til bok- og rapportlanseringar har Kulturrådet både arrangert eigne og vore med på andre sine faglege seminar og dialogmøte. Kulturrådet jobbar også for å gjere kunnskapsarbeidet synleg i media, og me har som mål å ha eit tydeleg nærvær i fag- og samfunnsdebattar.

Kvart år arrangerer me over hundre store og små møte og arrangement med kulturfeltet for å informere søkjarar og samfunnet om ordningane våre og effekten av arbeidet me gjer. Me held dialogmøte med feltet, fagdagar, fagutvalsmøte, lanseringsseminar for FoU-publikasjonar, forskingskonferansar, årskonferansen og andre store konferansar, både aleine og saman med andre, til dømes departementet, organisasjonar eller i internasjonal regi. I arbeidet med å utvikle den kreative næringssektoren har Kulturrådet også arrangert fleire store møteplassar med kreative næringar mange stader i landet.

Formidle til heile landet

I februar inviterte Kulturrådet i samarbeid med Kulturdepartementet til seminar på Bærum kulturhus med utgangspunkt i kunnskapsprosjektet om visuell kunst: «Visuell kunst i Norge: Hva sier forskningen?» Tre rapportar blei lanserte: Å samla kunst. Samlingsutvikling ved norske kunstmuseum på 2000-talet av Jorunn Veiteberg, Statistikk om visuell kunst i Norge av Lars Christian Monkerud og Visuell kunst i norsk forvaltning av Arne Holm og Lars Christian Monkerud. I tillegg blei forskningsprosjektet «Kunst som deling», leia av Merete Jonvik (NORCE), presentert.

I juni blei det arrangert lanseringsseminar på Cosmopolite Scene i Oslo for boka Engasjement og arrangement. Ei bok om konsertar og konsertarrangering, skriven av Bård Kleppe, Ola K. Berge og Sigbjørn Hjelmbrække (Telemarksforsking).

I september blei det arrangert open oppstartskonferanse for forskingssatsinga «Digital kultur, estetiske praksisar» på Dokkhuset i Trondheim. Nokre av innleiarane var Mercedes Bunz (King's College, London), Jussi Parikka (Winchester School of Art, University of Southampton), Nanna Bonde Thylstrup (Copenhagen Business School), Hendrik Storstein Spilker (NTNU) og Scott Rettberg (UiB). I tillegg blei alle forskningsprosjekta i forskingsprogrammet presenterte.

I desember blei konferansen Nordic Dialogues arrangert i Oslo, som ei avslutning på det treårige prosjektet Inkluderande kulturliv i Norden. Under konferansen blei det lansert ei rekkje ulike publikasjonar, mellom anna antologien Actualise Utopia og fleire tilleggsrapportar. Kulturrådet heldt også fem frukostmøte i 2019, eitt av dei i Bodø. I tillegg arrangerte me to paneldebattar under Arendalsuka.

Kulturrådet arbeider for å skape merksemd om både kunnskapsproduksjonen, tilskotsordningane og effektane av tilskotsforvaltinga. Kulturrådet formidlar kunnskap om kunst- og kulturfeltet til eit breiast mogleg publikum, og me tar aktivt del i relevante fag- og samfunnsdebattar.

Fleire av dei førnemnde rapportane har fått omtale både i riksmidia og i fagtidsskrift. Veiteberg sin rapport Å samla kunst blei omtalt i mellom anna Aftenposten og Klassekampen, Kleppe, Berge og Hjelmbrække sin Engasjement og arrangement fekk omtale i ei rekkje nasjonale og regionale medium, og Kunst i tall 2018 var omtalt i fleire riksmidia, inkludert NRK Dagsrevyen. Direktøren i Kulturrådet har publisert kronikkar i Aftenposten, Dagbladet og Dagsavisen om høvesvis mangfald, kunstnarisk fridom og kulturen si rolle i ei populistisk tid.

I tillegg til dette kjem ei rekkje oppslag som diskuterer tilskotsordningane til Kulturrådet. I 2019 har dette ikkje minst vore tilfelle for sakprosaordninga, dei andre innkjøpsordningane for litteratur og den nye tilskotsordninga for tidsskrift og kritikk. Også ordninga for musikkfestivalar og andre tilsvarende ordningar fører ofte til debatt i media.

Kulturrådet har som eit viktig mål å vise effekten av arbeidet me gjer over heile landet, og i 2020 vil me prioritere auka merksemd i lokalmedia.

Høyringar og innspel

Kulturrådet er rådgivande organ for staten i saker som har med kunst- og kulturfeltet å gjere. I saker som blir sende på høyring, kjem Kulturrådet med offentlege råd. I 2019 har Kulturrådet vurdert 36 høyrings- eller innspelssaker frå mellom andre Kulturdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Utdanningsdirektoratet, Arkivverket og andre statlege organ. Me har svart på 10 av sakene, nokre av dei utan merknader.

I kjølvatnet av kulturmeldinga meistar regjeringa ut ny politikk for ulike delar av kultursektoren. Kulturrådet har gitt innspel til komande stortingsmeldingar om både framtidig kunstnarpolitikk og kulturminnepolitikk. I innspela til ny kunstnarmelding tok me utgangspunkt i det frie kunstfeltet og den prosjektbaserte blandingsøkonomien til kunstnarane. Kulturrådet peikar på at frie kunstnariske ytringar er viktige for demokratiet og for at publikum skal få tilgang til eit mangfald av kunstopplevingar. For å bidra til auka kunstnarinntekter må me sjå på korleis dei ulike kunstfeltene er innretta, verne om opphavsretten og sikre vederlag for bruk av verk. I tillegg må me vere tydelege på at det tar tid å utvikle kunstnarskap. Me peikar også på den store kunstpolitiske innverknaden som kunstnarstipenda har. Kulturrådet arbeider for å sikre kulturpolitiske verkemiddel som bidrar til god og mangfaldig norsk innhaldsproduksjon i ei tid prega av internasjonal konkurranse og auka digitalisering. Me arbeider også for å auke satsinga på kulturell og kreativ næring. Vidare er det nødvendig å operasjonalisere måla om auka mangfald på kunstfeltet.

For å styrke kulturvernssektoren bør den framtidige kulturminnepolitikken leggje til rette for auka koordinering mellom ulike forvaltingsinstansar. Når det gjeld kulturhistoriske bygningar, peikar innspela frå Kulturrådet til den komande stortingsmeldinga til Klima- og miljødepartementet på behovet for å sjå nærare på eigarskap, driftsansvar og moglegheit for bruksendring, i tillegg til behovet for å utvide samarbeidet mellom Kulturrådet og Riksantikvaren. Verkemiddel som stimulerer til samarbeid mellom kulturminneforvaltinga, dei etablerte institusjonane i kulturvernet og dei frivillige organisasjonane er viktig for å styrkje arbeidet med både materiell og immateriell kulturarv. Me peikar på behovet for kompetanseheving, utdanning og kunnskapsoverføring når det gjeld tradisjonshandverk og tradisjonell kunnskap. Kulturrådet meiner også at stortingsmeldinga må klargjere det globale ansvaret Noreg har for å oppfylle internasjonale konvensjonar og berekraftsmål.

Som i tidlegare år har Kulturrådet i 2019 diskutert og bidratt til framtidig utforming av politikk som verkar inn på forholdet barn og unge har til kunst og kultur. Fagfornyinga i grunnskulen og utviklinga av fireårige lærarutdanningar er snart ferdig, og Kulturrådet har vurdert og uttalt seg om forslag til nye læreplanar og andre strategiske dokument. Kulturrådet har også utarbeidd eit grundig innspel og kunnskapsgrunnlag til ny stortingsmelding om barne- og ungdomskultur, som blir utarbeidd i samarbeid mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Kulturrådet er opptatt av at barn og ungdom har rett til å praktisere ytringskultur på eigne premisser, og at samfunnet har eit ansvar for å leggje til rette for dette for alle, uavhengig av utgangspunkt og bakgrunn. Oppvekstvilkåra for barn og ungdom blir forma lokalt, og det er derfor svært viktig å sikre infrastruktur for produksjon, medskaping, tilgang og formidling over heile landet. Det er sentralt at skulen fyller funksjonen sin i denne infrastrukturen, og at dei tilsette har tilstrekkeleg og nødvendig kompetanse i praktiske og estetiske fag. Det trengst også ein langt større grad av samhandling og samordning mellom skule, kulturskule, Den kulturelle skulesekken, regionale og lokale formidlingsinstitusjonar, bibliotek, fritidsklubbar og mellom det profesjonelle og det frivillige kulturlivet. Desse strukturane må også vedkjenne at dei

etablerte forståingane av kva kunstproduksjon og -formidling for barn og ungdom er og kan vere, må utfordrast.

Elles har Kulturrådet i ulike høyringsvar støtta etablering av ny språklov, peikt på nokre svake sider ved forslaget til ny lov om samfunnsdokumentasjon og argumentert for ein grundigare diskusjon av forholdet mellom avgiftspolitikken og kulturpolitikken, før ein eventuelt gjer endringar i meirverdiavgiftssystemet.

Samla oversikt over høyrings- og innspelssaker me har svart på:

Sak	Instans	Kommentar	
1	NOU 2019:9 Fra kalveskinn til datasjø – Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver	Kulturdepartementet	Svart på av fagadministrasjonen.
2	Forslag til ny, heilskapleg språklov	Kulturdepartementet	Svart på av rådet og fagadministrasjonen i fellesskap.
3	Innspel og tekstleg bidrag til barne- og ungdomskulturmeldinga	Kulturdepartementet	Svart på av rådet og fagadministrasjonen i fellesskap.
4	Forslag til endringar i riksarkivarforskrifta	Arkivverket	Svart på utan merknader.
5	NOU 2019:11 Enklere merverdiavgift med én sats	Finansdepartementet	Svart på av rådet.
6	Forslag til forskrift om rammeplan for femårige lærarutdanningar i praktiske og estetiske fag	Kunnskapsdepartementet	Svart på av rådet og fagadministrasjonen i fellesskap.
7	Forslag til nye læreplanar	Utdanningsdirektoratet	Svart på av rådet og fagadministrasjonen i fellesskap.
8	Bidrag/innspel til stortingsmeldinga om kunstnarpolitikken	Kulturdepartementet	Svart på separat av fagadministrasjonen, styret i Fond for lyd og bilete, utvalet for Statens kunstnarstipend og rådet.
9	Forslag til endringar i forskrifta om unntak frå § 10 i konkurranselova for samarbeid om omsetning av bøker	Nærings- og fiskeridepartementet	Svart på av rådet og fagadministrasjonen i fellesskap.
10	Ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken – invitasjon til å kome med innspel og bidrag	Klima- og miljødepartementet	Svart på av rådet og fagadministrasjonen i fellesskap.



Utvikle kunst- og kulturfelt



BODY OF SALT. Freies Tanz Ensemble – Alessio Trevisani (Italia). Ein performance laga spesielt for SKREI Convention i Kabelvåg, som blei framført for fyrste gong på fiskemarkedet Rialto i Venezia. Prosjektet har fått tilskot frå Kreativt Europa. Foto: Skrei.net. Arctic cod archives.

g
c
et

Ei av dei viktigaste oppgåvene til Kulturrådet er å vere med på å utvikle kunst- og kulturfeltet i tråd med den gjeldande kulturpolitikken og behova til feltet.

Kulturrådet skal sørge for å ha verkemiddel som er tilpassa behova til kunst- og kulturfeltet, og i dialog med andre aktørar skal me sørge for at kunst og kultur blir tatt vare på og sett pris på i eit samfunn i endring.

Gjennom vurdering av søknader, både budsjettsøknader frå musea og søknader om tilskot frå dei andre prosjekt-, stipend- og driftstilskotsordningane, får Kulturrådet unik innsikt i norsk kunst- og kulturliv. Me bruker denne kunnskapen og dialog med dei ulike kunstfelta, organisasjonane og andre relevante aktørar til å jobbe kontinuerleg med å tilpasse tilskotsordningane til utviklinga på feltet.

Gjennom arbeid i råd, styre og utval jobbar me heile tida for å sikre at me treffer med tilskotsordningane, og me følgjer også med på om det er behov for nye tiltak. I 2019 har Kulturrådet halde fram med arbeidet med å evaluere, gå gjennom og justere retningslinjene for fleire av ordningane. Arbeidet bidrar til ei meir transparent og føreseieleg forvaltning for søkjarane. Det sikrar også at ordningane i fondet er best mogleg tilpassa eit kunst- og kulturfelt i stadig utvikling.

Arbeidet og utviklinga som skjer i rådet, kjem til syne for publikum gjennom forskingsrapportar og forskingsprosjekt som blir formidla og diskuterte. Særleg har eit utvida kvalitetsomgrep stått sentralt i rådsarbeidet dette året. For å sikre ei dynamisk og fagleg forsvarleg forvaltning må rådet ha kunnskap om korleis tilskotsordningane treffer behova i kunst- og kulturlivet. Rådet har i perioden tatt kontinuerleg initiativ til å setje i gang forskingsprogram, utgreiingar og evalueringar. Resultata frå kunnskapsprosjekta har vore brukte aktivt i utviklinga av arbeidet i rådet og måten rådet kommuniserer med feltet på.

Kulturrådet har også eit mål om at kunsten og kulturen som blir skapt, skal vere tilgjengeleg for flest mogleg. Dette inneber mellom anna å ha god dialog og godt samarbeid med andre delar av sektoren og andre forvaltingsnivå.

Me har i 2019 etablert eit formelt samarbeid og halde jamlege møte med Sametinget. Første formelle møte var i oktober 2019. Kulturrådet har mange krysspunkt med Sametinget, og denne dialogen sikrar eit godt samarbeid i åra som kjem.

Det er også oppretta ein styrkt dialog mellom Kulturrådet og fylkeskultursjefkollegiet. I september blei det halde eit møte mellom delar av leiinga og arbeidsutvalet i fylkeskultursjefkollegiet for å følgje opp kulturmeldinga og regionreforma og for å drøfte korleis Kulturrådet og fylkeskommunane skal samarbeide betre framover. Også i arbeidet med museumsutvikling og i kulturøkonomiprojektet er samarbeid og møteplassar med feltet ein viktig del av oppgåva til Kulturrådet.



ØSTFOLDMUSEA

deltek i Kulturrådet sitt utviklingsprogram for musea gjennom prosjektet Opphøyet og oversett - herregårdsmuseets plass i den norske erindringstopografien.

Foto: Marta Anna Løvberg.

Museums- utvikling

Kulturrådet arbeider med utvikling av museumssektoren og er rådgivar for Kulturdepartementet i museumssaker. Det er avgjerande at musea stadig utviklar eit solid fagleg grunnlag for aktiviteten sin, gjennom nye perspektiv og ny kunnskap. Kulturrådet arbeider for å styrkje og bidra til utvikling av det faglege arbeidet ved musea. Først og fremst følgjer me opp museum som får tilskot frå Kulturdepartementet, men me har eit overordna syn på heile sektoren der det er føremålstenleg.

Kulturrådet har i 2019 lagt vekt på å stimulere til fagleg samarbeid og tiltak med overføringsverdi for heile sektoren. Verkemidla våre er tildeling av prosjekt- og utviklingsmidlar, koordinering av faglege nettverk, fagleg rettleiing og tilrettelegging for bruk av felles metodikk og standardar. Dette er med på å sikre god og effektiv utnytting av ressursane, lik kvalitet og utjamning av ressursmessige og geografiske skilnader.

Kulturrådet si vurdering av musea

Kvart år vurderer Kulturrådet musea i det nasjonale museumsnettverket på bakgrunn rapportert statistikk og budsjettsøknader frå musea. Me leverer ein årleg statusrapport til Kulturdepartementet. Rapporteringa frå musea for 2018 vitnar om ein sektor som i stor grad tar i bruk nye verkemiddel for å nå ut til andre målgrupper enn dei som vanlegvis oppsøker dei faste tilboda ved museet. Det har vore ei positiv utvikling i arbeidet musea gjer for å forvalte samlingane sine, og denne utviklinga fortsette i all hovudsak i 2018. Musea er i ferd med å få på plass planverk for forvaltninga av samlingane. Dei har stort sett kontroll på innsamlinga, og oversikta over samlingane er betre. Sjølv om etterslepet på digitalisering og tilgjengeleggjering framleis er stort, har fleire museum gjort positive framsteg gjennom konkrete mål og nye metodar. Oppbevaringsforholda er framleis ei utfordring mange stader, men det er ein tydeleg tendens til at musea i større grad søker å løyse desse utfordringane i fellesskap.

Kulturrådet har også henta inn rapportering og statistikk frå musea for 2018. Tala viser at dei musea som har rapportert om besøkstala sine, hadde 10,9 millionar besøk. Dette er ein svak nedgang frå året før. Digitalt museum, som gir digital tilgang til musea sine samlingar, auka til 3,4 millionar besøk i 2018, mot 2,6 millionar i 2017. Kulturrådet er ein pådrivar for universell utforming og ser ein gledeleg auke i talet på museum som oppfyller Difi sine krav til universell utforming på nettsidene sine. Tala for fysisk tilrettelegging og tilpassa formidling har aldri vore betre. Museumsstatistikken inkluderer også museum som ikkje høyrer inn under Kulturdepartementet.

Arbeid med ny museumsmelding

Stortinget skal leggje fram ei melding om museum i løpet av 2021, og 2019 har i stor grad vore brukt til å hente inn kunnskap til arbeidet med denne meldinga. Kulturrådet har på oppdrag frå Kulturdepartementet mellom anna gjennomført ei undersøking om bygningsvern og ei nasjonal publikumsundersøking. I tillegg har me hatt dialogmøte med alle musea fordelt på regionnivå.

Bygningsvernundersøkinga blei sett i gang i starten av 2019, og ved utgangen av året hadde 52 museum rapportert inn om lag 4500 bygningar. Me forventar å ha klar ei samanstilling av resultatata i løpet av første kvartal 2020. Dette vil for første gong gi oss ei oversikt over kva for kulturhistoriske bygningar musea i det nasjonale museumsnettverket forvaltar, med tanke på funksjonar, bygningstypar og alder. I tillegg vil me få ei samla oversikt over vedlikehalds- og restaureringsbehovet for dei kulturhistoriske bygningane ved musea. Dette vil vere verdifull kunnskap, ikkje berre i samband med ei ny museumsmelding, men også for musea sjølve, ikkje minst med tanke på prioriteringar og samlingsutvikling. I tillegg vil regionane ha stor nytte av denne kunnskapen, fordi det er forventa at dei framover vil få større ansvar for musea.

Publikumsundersøkinga blir gjennomført av Rambøll Management Consulting i 2019 og 2020. I 2019 har til saman 62 museum med til saman 142 besøksarenaer gjennomført undersøkinga blant gjestene sine. I alt var det 8783 respondentar i løpet av tre datainnsamlingsperiodar. Dei musea som fekk over 50 svar, har fått ein eigen resultatrapport som gjeld deira museum. Rapporten er meint som eit verktøy i arbeidet med strategisk publikumsutvikling, kvalitetsarbeid og marknadsføring ved museet. Totalt 38 museum kom over denne terskelen. Det innsamla datamaterialet blir samanstillt, analysert og formidla i rapportform, éin for kvart av åra undersøkinga blir gjennomført i. Sluttrapporten, som skal vere klar hausten 2020, vil i tillegg gi ei vurdering av gjennomføringa. I tillegg til å gi oss meir kunnskap er undersøkinga med på å setje publikumsutvikling tydelegare på agendaen i musea. Rapportane kvart museum får, gjer det mogleg for endå fleire museum å jobbe kunnskapsbasert i utviklinga av publikumstilbodet sitt. På sektornivå vil resultatata frå undersøkinga bidra til kunnskapsgrunnlaget for politikk og anna forvaltning.

I perioden mai–oktober 2019 gjennomførte Kulturrådet dialogmøte i alle dei nye regionane. Totalt blei 101 museum inviterte, og 83 museum møtte opp. Musea forklarte kva for moglegheiter og utfordringar dei sjølve ser i det regionale museumslandskapet framover. Møta gav musea moglegheit til å gi innspel til arbeidet med museumsmeldinga i departementa, og samtidig fekk både Kulturdepartementet og Kulturrådet innspel til kva museumsmeldinga bør innehalde.

Utviklingsmidlar til musea

Kulturrådet sine søkbare museumsprogram er finansierte av spelemidlane til Norsk Tipping. Museumsprogramma skal stimulere til utvikling av musea gjennom prioritering, openheit, dialog og refleksjon. Dei skal vidare bidra til kompetanseheving, samordning, samarbeid og utvikling av verktøy og metodikk.

For perioden 2018–2020 har Kulturrådet valt å leggje vekt på tre utviklingsprogram:

- Digitalisering og digital samlingsforvaltning
- Samfunnsrolle, makt og ansvar
- Forsking i musea

Programområda utfordrar musea på problemstillingane om at musea sine samlingar i for liten grad er digitaliserte og tilgjengelege for publikum, at makta og ansvaret til musea møter ei stadig endra og mangfaldig verkelegheit, og at mange museum ikkje når måla sine for forskning.

I 2019 gav Kulturrådet tilskot på totalt 15 400 000 kroner til 23 utviklingsprosjekt gjennom desse programma. Prosjekta blir avslutta i løpet av 2020 og 2021, og det er forventningar til at prosjekta vil kunne bidra med ny kunnskap og nye verktøy som vil kome heile museumslandskapet og dermed befolkninga til gode.

Sikringsmidlar til førebygging

Kulturrådet forvaltar ei tilskotsordning som skal førebyggje øydeleggingar ved brann, tjuveri, hærverk og naturskade ved musea. Ordninga er finansiert over spelemidlane til Norsk Tipping. Eit fagleg ekspertutval som Kulturrådet har peikt ut, er kvart år med på

å vurdere søknadene. Kulturrådet gav i 2019 tilskot på 9 000 000 kroner til 49 tiltak ved 23 museum. Totalt kom det inn 68 søknader med ein samla søknadssum på 17 236 650 kroner. Desse midlane bidrar til at museum set i verk førebyggjande tiltak for å hindre skadar. Eit døme på dette er frå Dalane folkemuseum, som har fått midlar til utarbeiding av ein sikringsplan. Som eit ledd i dette arbeidet gjennomførte dei branntilsyn, noko museet meiner spelte ei viktig rolle våren 2019, då ein stor skogbrann truga verneverdige bygningar. Brannvesenet hadde merksemd på og kunnskap om bygningane, og det gjorde at bygningane blei redda utan store skadar.

Nasjonale kulturbygg

I 2019 blei det gjennomført faglege vurderingar av 24 søknader til ordninga Nasjonale kulturbygg (kap. 322, post 70) for 2020. Av desse var 7 nye søknader og 17 fornøya søknader. Det var museumsseksjonen i Kulturrådet som gjorde vurderingane, med hjelp frå seksjonen for litteratur, kulturvern og allmenne kulturføremål. Dei totalt 24 vurderte prosjekta hadde eit samla investeringsbehov på nærare 3,15 milliardar kroner, og det blei samla søkt om 988 074 655 kroner i tilskot frå staten. I den faglege vurderinga la Kulturrådet vekt på korleis ein gjennom praktisk utforming av planlagde bygg og bruk av driftsmodellar møtte behova til søkjarane. I tillegg la me vekt på prosjekt knytte til nasjonale minoritetar, prosjekt med vekt på publikumsbesøk og eigeninntening og prosjekt som stimulerer til samanslåing og nye regionale museumseiningar.

Ut- og innførsel av kulturgjenstandar

Etter kulturminnelova er det forbode å føre kulturgjenstandar ut av landet utan skriftleg løyve frå myndighetene. På heimesida våre finst det eit søknadsskjema ein kan sende til ein av dei tolv vedtaksinstitusjonane som behandlar søknadene. Kulturrådet fungerer som koordinator, rådgivar og klageinstans i dette arbeidet. Søknadsordninga skal bidra til bevisstgjerung og forhindre ulovleg handel med kulturgjenstandar.

Digitalisering av kulturarv

Gjennom programmet «Digitalisering og digital samlingsforvaltning» følgjer Kulturrådet opp signal frå Riksrevisjonen og Kulturdepartementet. På oppdrag frå Kulturrådet har KulturIT utforma ein modell for avlevering av dei digitale og digitaliserte samlingane til musea med tanke på digital langtidsbevaring. I regi av samarbeidsforumet for opne kulturdata har Kulturrådet fått ei tredjepartsvurdering av opne data i ABM-sektoren, med anbefalingar om vidare tiltak. Kulturrådet sin plan for digital kulturarv skulle vore ferdig i 2019, men fordi oppdraget blei utvida til å omfatte Nasjonalbiblioteket og Arkivverket, måtte planane endrast. Målet om meir representative og tilgjengelege museumsdata gjennom større kvantitet og betre kvalitet på datasamlingane er framleis gjeldande. Kulturrådet har i 2019 lagt ned tenesta Norvegiana, men jobbar for å få musea til å ta over ansvaret for å løfte musea sine samlingar til Europeana.

Opne kulturdata

Samarbeidsforumet for opne kulturdata, der Nasjonalbiblioteket, Arkivverket, Riksantikvaren og Kulturrådet samordnar innsatsen for å betre tilgangen til opne, offentlege kulturdata, har hatt regelmessig aktivitet i 2019, mellom anna med fleire workshopar. Kartlegginga av datasett, standardar og autoritetsregister er ferdig. Midtvegsevalueringa blei levert våren 2019. Anbefalingar og indikatorar for opne kulturdata skal vere klare i starten av 2020.

Statleg forsikring for innlån og utlån

I samarbeid med Kulturdepartementet og Utanriksdepartementet administrerer Kulturrådet forsikringsordninga om statleg forsikring for innlån og utlån. Gjennom ordningane kan museum og utstillingsinstitusjonar søkje om støtte til forsikring ved innlån av gjenstandar og utstillingar frå utlandet. Ordningane er med på å gi norske kulturaktørar større gjennomslag internasjonalt og sikrar at internasjonale utstillingar kan kome hit til lands.

Disponering av tilskuddsmidlene 2018–2020

(Tal i 1000)	2018	2019	Plantall 2020
Digitalisering og digital samlingsforvaltning	10 677	6 604	6 651
Forskning i museer	5 015	3 646	3 005
Samfunnsrolle, makt og ansvar	4 740	5 150	5 710
Sikringsmidlar*	8 888	9 000	9 000
Sum avsetning	29 320	24 400	24 366

*Opprinnelig tildeling var 9 mill., men eit museum ga seinere beskjed om at behovet var noko mindre enn planlagt.

	Antall søknader	Antall tildelinger	Søknadssum (i 1000)	Bevilgning
Digitalisering og digital samlingsforvaltning	20	5	22 460	6 651
Forskning i museer	16	8	8 220	3 005
Samfunnsrolle, makt og ansvar	21	8	13 438	5 710
Sum	57	21	44 118	15 366

*Museumsprogrammene er flerårige prosjekter (2018-2020) som ble utlyst og vedtatt av Kulturrådet i 2018, Antall søknader og søknadssum for museumsprogrammer er tall fra tilbake i 2018.

(Tal i 1000)				
Sikringsmidlar*	72	43	18 370	9 000

*Tall for antall søknader, antall tildelinger, søknadssum og bevilgning for sikringsmidler er et snitt av tallene for de siste tre årene. Snittet er videre for 2020 redusert med 5 % da vi endrer prosedyre og tidspunkt for utlysning, samt søknadsfrist, så jeg antar vi får noe færre søknader pga. dette. For øvrig er ingen av tallene prisjustert

Prosjekt kulturøkonomi

Det treårige utviklingsprosjektet om kulturøkonomi er eit ledd i Kulturrådet si satsing på kulturell og kreativ næring. Dei overordna måla med prosjektet er å styrkje verdikjedene i kulturøkonomien, bidra til at kunst- og kulturuttrykka når ein større og breiare marknad, og styrkje inntektsgrunnlaget i kulturektoren. Kulturøkonomiprojektet tar inn i seg både det frie kunstfeltet, mindre bedrifter og etablerte kunst- og kulturinstitusjonar. Prosjektet har spesielt vore retta mot tema som digitalisering, internasjonalisering og publikumsutvikling.

Kunnskapsinnhenting

For å utvikle kunnskapsgrunnlaget har me gjennom kulturøkonomiprojektet bestilt fleire kartleggingar og rapportar. Me har bestilt ei kartlegging som skal gi innsikt i korleis verksemdene på det visuelle kunstfeltet planlegg og set i verk marknadsretta aktivitet. Me har også bestilt ei kartlegging som skal kategorisere ulike former for internasjonal aktivitet som er omfatta av prosjekta det har blitt søkt om tilskot til frå Kulturrådet. I tillegg er det levert fleire mindre rapportar, mellom anna eit forprosjekt for å avdekkje svakheiter og manglar i kunnskapsgrunnlaget for kulturøkonomien og eit forprosjekt som kjem med innspel til korleis ein kan auke innteninga i kulturinstitusjonane.

Prosjektet har også hatt ei rekkje møtepunkt med kunstnarar, personar frå ulike organisasjonar og representantar for det offentlege verkemiddelapparatet. I tillegg har prosjektet arrangert og deltatt på fleire større konferansar, mellom anna som arrangør av eit stort seminar under bokmessa i Frankfurt. Her inviterte Kulturrådet ei rekkje europeiske stemmer til å diskutere konsekvensane av digitaliseringa av kunst- og kulturlivet.

Kulturøkonomiprojektet ønskjer å setje saman fleire ressursgrupper som kan gi innspel frå ulike delar av kulturlivet. I 2019 ble det oppretta eit rådgivande utval for institusjonsfeltet. Dette utvalet skal møtast 3–4 gonger i året i to år og samanfatte dei faglege diskusjonane i ein rapport. Utvalet er i stor grad sett saman av personar med bakgrunn frå formidlingsarenaer som ikkje har tilskot frå ordningane til Kulturrådet, og har som mandat å gjere greie for kulturøkonomien slik han ser ut frå institusjonane sin ståstad.

Utviklingsprogram for institusjonar

I 2019 løyvde me fem millionar til kulturinstitusjonar gjennom den nye ordninga utviklingsprogram for kulturinstitusjonar. Føremåla med ordninga er at institusjonane skal nå eit breiare publikum og ein større marknad, og at eigeninnteninga i sektoren skal auke.

Dette skal ein oppnå gjennom å styrkje verdikjedene i kulturøkonomien. Det kom inn 36 søknader frå 14 av dei 18 fylka i landet. Me gav tilskot til 12 av søknadene. Fleire av søknadene utmerkte seg ved å treffe føremålet med ordninga og ha gode mål og planar for prosjektet. Mange av søknadene frå museumssektoren blei vurderte til å ha høg kvalitet, noko som viser seg i prioriteringane. Dei aller fleste prosjekta bestod av samarbeid mellom eksterne aktørar, både andre kulturinstitusjonar, teknologibedrifter og kreative næringsaktørar. I dei 12 prosjekta som blei prioriterte, bestod samarbeidet totalt av 66 ulike institusjonar/aktørar.

Profesjon
kunstner
virke



DESIGNERS' SATURDAY ACADEMY samlar talentfulle unge designarar frå seks designutdanningar og toneangivande designbedrifter. Prosjektet har fått tilskot frå Kreativ næring - regional bransjeutvikling. Foto: Espen Grønli.

nelt isk

Gjennom å styrke strukturene rundt kunstnere og institusjoner som jobber med distribusjon, salg og formidling, skal Kulturrådet legge til rette for økt bruk av, investering i og omsetning av kunst og kultur.

Kulturell og kreativ næring

Arbeidet Kulturrådet gjer med kulturell og kreativ næring, er med på å sikre norske kunstnarar og kulturaktørar auka inntekter gjennom kunstnarisk verksemd. Dette skjer i hovudsak gjennom prosjekttilskot, kompetanseprogram og rådgiving. Arbeidet er retta mot felte visuell kunst, musikk, scenekunst, litteratur, kulturvern, film, arkitektur, design, mote og spel.

Kulturrådet administrerer fleire tilskotsordningar retta mot kreativ næring. Ordninga for næringsutvikling rettar seg mot kunstnarar og mindre verksemder innanfor distribusjon, marknadsføring, formidling eller sal av kulturelle uttrykk. Ordninga for regional bransjeutvikling skal utvikle og styrkje regionale bransjestrukturar innanfor kulturell og kreativ næring. Kompetanse- og entreprenørskapprogrammet Ovasjon rettar seg inn mot kunstnarar og mindre verksemder som ønskjer å byggje opp eller utvikle verksemda si til å bli berekraftig på dette feltet. I tillegg blei det i 2019 også etablert ei tilskotsordning for kulturinstitusjonar.

Resultat av auka nærvær

Kulturrådet har i 2019 arbeidd ytterlegare med å formidle dette arbeidet ut mot relevante fag- og bransjearenaer. Me la opp til ein rådgivingskalender for kvar av dei større byane og til telefonrådgiving og formidling gjennom nyheitsportalane til relevante bransjesenter og organisasjonar. Me gjennomførte over 200 éin-til-éin-rådgivingssamtalar, anten over telefon eller i møte. I tillegg var me til stades på relevante fag- og bransjearenaer. Våren 2019 gjennomførte me også pilotprosjektet «Kuraterte møteplassar for det visuelle kunstfeltet» i fem store byar i Noreg, der målet var å prøve ut eit nytt format for møteplassar for aktørar på kunstfeltet.

Det auka nærværet har gitt resultat, med ei firedobling av talet på søknader frå spelfeltet, ein stor auke i talet på søknader frå felte for design og arkitektur, og høg kvalitet på prosjekta frå film-, arkitektur- og designfelte. Spelfeltet fekk til dømes nesten to millionar kroner totalt frå Kulturrådet sine ordningar for kulturell og kreativ næring i 2019, noko som representerer eit tydeleg løft for feltet. Gjennom ordningane våre er me med på å styrkje jobben som blir gjord regionalt og nasjonalt i Bergens-regionen. I tillegg er ordningane med på å støtte eit akseleratorprogram for sunn vekst av spelselskap knytt til spelmiljøet i Trøndelag. Me har også sett ei firedobling av talet på søknader frå Region sør når det gjeld ordninga for regional bransjeutvikling.

Tendens til internasjonalisering

Omtrent ein tredel av søknadene har ei tydeleg satsing på internasjonalisering, noko som viser at mange aktørar i Kunst- og Kultur-Noreg ønskjer å nå ut til ein større marknad. Eit tydeleg behov knyter seg til at det er nødvendig å bruke tid i utlandet for å kunne byggje nettverk, formidle idear til relevante aktørar i bransjen, tileigne seg kompetanse og utforske moglegheitene som finst i ulike land og marknader. Samtidig er det ein aukande trend under ordninga for regional bransjeutvikling å importere internasjonal kompetanse til Noreg for å byggje kunnskap lokalt til fleire.

Mange prosjekt innanfor kreativ næring prøver stadig nye måtar å utvide marknaden og publikummet sitt på i 2019. Til dømes skal VISP-prosjektet Kunstutleie etablere ei ny norsk ordning for leasing av kunst, etter modell frå mellom anna Finland og Nederland.

Modellen skal bidra til ein lågare terskel for å kjøpe kunst, og dermed til auka sal av kunst. Når det gjeld publikumsutvikling, tenkjer også aktøren Baahdy & Birdy nytt. Dei har utvikla ein reiseguideapp for barn, med maskotane Baahdy og Birdy. Denne appen rettar seg mellom anna mot kulturinstitusjonar og museum som i utgangspunktet kan streve med å nå barne- og familiepublikumet.

Eit anna gjentakande tema i mange av prosjekta som søker om tilskot, handlar om stadig å måtte vurdere den kunstnariske satsinga i prosjekta opp mot det kommersielle aspektet. Dette er spesielt utfordrande i søknader som er i randsona av dei bransjane innanfor kreativ næring som Kulturrådet jobbar med, eller i utkanten av verdikjeda til etablerte bransjar. Fleire søkjarar ønskjer til dømes å etablere kommunikasjonsbyrå, frilansplattform og agentur delvis retta mot kunstfeltet, men ikkje berre avgrensa til dette. Enkelte klarer å vise til ringverknadene og bidraget prosjektet vil skape når det gjeld å styrkje dei økonomiske rammene for verdikjeda på dei relevante kunstfelta, mens andre ikkje gjer det tydeleg korleis tilskotet skal kunne kome kunstnarane til gode på lang sikt.

Auka samspel mellom ordningane

Etter tre år og tre tildelingsrundar med dei to ordningane Kulturrådet har for kreativ næring, begynner satsinga å gi resultat ut i felta. No er fleire av prosjekta som har fått tilskot, sette ut i livet, og dei begynner å vise ønskt effekt.

Det er positivt at me no ser eit auka samspel mellom dei to ordningane for kreativ næring. Eit konkret døme er filmproduksjonsselskapet Sant & Usant, som fekk næringsutviklingstilskot i 2018. Dei signerte hausten 2019 ei avtale med Netflix under bransjearenaen DOC Norway. Dette prosjektet fekk også tilskot i 2018, men då innanfor ordninga for regional bransjeutvikling.

Det er når ein ser ordningane i samanheng, at ein lykkast i å identifisere om ein bransje har behov for éin-til-éin-næringsutvikling og tiltak på verksemdsnivå eller sterkare bransjerammer og tiltak på strukturnivå for å byggje den kreative næringa og kunstnarøkonomien. Eit anna døme på dette er litteraturbransjen. Søknadene viser at det allereie finst sterke strukturar i Oslo-regionen, og her er søknadene i større grad mogne for ordninga for næringsutvikling. På same måte brukte me i 2019 ordninga for regional bransjeutvikling til prosjekt i regionane Nord, Vest og Midt. Målet var å styrkje regionane og skape synergjar, møteplassar og leiande aktørar på sikt. Me ser teikn til samspelet innanfor visuell kunst, med eit tydeleg løft for bransjestrukturane i alle regionane. I dei to største byane i Noreg får prosjekta støtta si frå ordninga for næringsutvikling, men målet er at det i kjølvatnet av sterkare regionale satsingar på sikt også vil kome næringsutviklingssøknader frå desse regionane.

Aktørar på fleire felt tenkjer saman på tvers av fylkesgrensene både når det gjeld ambisjon, samarbeid og omfang. Det tydelegaste prosjektet så langt er eit samarbeid mellom alle dei regionale kompetansesentera for musikk, med ambisjon om å utvikle ein digital ressursbank for heile musikkbransjen. Dette er eit stor og ambisiøst prosjekt, med potensielle ringverknader for heile feltet, nasjonalt.

Treffer behova til felta

Sidan oppstarten i 2017 har Kulturrådet løyvd 56 millionar kroner til 173 prosjekt innanfor kreativ næring – noko som utgjer berre 16 prosent av det kapitalbehovet som feltet gir uttrykk for gjennom søknadene. At det kjem inn søknader om meir enn seks gonger totalramma for tilskota, er eit sterkt signal frå feltet om at det trengst investeringskapital og eit vidare løft for kreativ næring i Noreg. Ordningane fangar også opp ein del aktørar som vanlegvis ikkje er i kontakt med Kulturrådet.

Tilskotsordningane har som føremål å støtte og oppfordre til langsiktig utvikling både for verksemdene innan kulturell og kreativ næring, men også dei strukturane og dei bransjane desse verksemdene beveger seg i. Ei langsiktig og strategisk utvikling, både på verksemds- og bransjenivå, gjer moglegheiter til å adressere svakheitene i prosjektøkonomien som dei fleste bransjane innan kulturell og kreativ næring står ovanfor i Noreg: lav likviditet, svak investortvilje, ein avgrensa nasjonal marknad og ein krevjande global marknad. I tillegg svarar dei to ordningane på ein utfordring som er felles for dei ulike bransjane: Fordi prosjekta ikkje inneheld kostnader som er direkte knytt til kunstprosjekt er det få eller ingen andre moglegheiter for å søkje tilskot.

Overordna ser me at tilskotsordningane innanfor kreativ næring utfyller kvarandre bra og treffer behova til felta og kunstnarane på ein god måte. Samtidig har me avdekt klare forbedringsområde for å kunne stimulere kunstnarøkonomien og dei ulike felta innanfor kreativ næring ytterlegare. Kulturrådet ser eit behov for å utvikla faglege nettverk og etablera eit tettare samarbeid med fylkeskommunane, Sametinget og dei største byane om å bygga gode bransjestrukturar for kunst og kultur i heile Noreg.

Sjølv om ordninga for næringsutvikling i utgangspunktet ikkje er tenkt som tilskot til etablering, ser me at det er eit behov for nye bedrifter i deler av verdikjeden. Mens programmet Ovasjon tar føre seg kompetansebehovet som er knytt til entreprenørskap, etablering og vidareutvikling av ei verksemd, burde det også vere moglegheiter for skalering og dekning av kapitalbehov spesifikt til verksemdar innanfor kulturell og kreativ næring. Dette vil gjere oss betre i stand til å ta tak i utfordringane som er knytte til prosjektøkonomi. Ei mogleg løysing kunne vore å etablere ei lånegarantiordning for kulturell og kreativ næring i Noreg, på nærings sine premiss, forankra i utviklinga innanfor dette feltet på europeisk nivå.

Økonomi og nøkkeltal

Samla avsetjing til desse to tilskotsordningane på kreativ næring var 19 785 000 kroner i 2019. Det kom inn 206 søknader før søknadsfristen 4. juni. Av desse var 127 til næringsutvikling og 79 til regional bransjeutvikling. Samla søknadssum for begge ordningane var 106 millionar kroner, der 46 millionar var til næringsutvikling og 60 millionar til regional bransjeutvikling.

54 søknader fekk tilskot gjennom dei to ordningane i 2019. 28 av dei gjaldt næringsutvikling og 26 regional bransjeutvikling. Tildelingsprosenten basert på talet på søknader var 22 prosent for næringsutvikling og 33 prosent for regional bransjeutvikling. Tildelingsprosenten basert på tildelt sum var 19 prosent for næringsutvikling og 18 prosent for regional bransjeutvikling.




SØKNADER
206



TILDELINGAR
54

19 %
Totalt

Næringsutvikling
8,8 mill



Regional bransjeutvikling
11 mill

SØKNADER

206

TILDELINGAR

54

Avsetjing 2019 og plantal 2020:

	2019	2020
Næringsutvikling:	8 785 000	8 900 000
Regional bransjeutvikling:	11 000 000	11 400 000

Søknader og tildelingar

(i 1000)

	Tal på tildelingar	Tal på søknader	TilDELINGS-sum	Søknads-sum	TilDELINGSpro-sent (sum)
Næringsutvikling	28	127	8 785 000	45 788 971	19 %
Regional bransjeutvikling	26	79	11 000 000	60 080 301	18 %
TOTALT	54	206	19 785 000	105 869 272	19 %

Oversikt over søknader til ordninga for næringsutvikling:

	Tal på søknader	l %	Tildelings-sum	Søknads-sum	Tildelingsprosent (sum)
Aust	70	55 %	5 385 000	26 115 471	21 %
Nord	13	10 %	600 000	4 560 000	13 %
Midt	17	13 %	1 200 000	5 810 000	21 %
Vest	17	13 %	1 000 000	5 866 000	17 %
Sør	10	8 %	600 000	3 437 500	17 %
	127		8 785 000	45 788 971	19 %
Litteratur	8	6 %	650 000	3 199 000	20 %
Film	17	13 %	1 540 000	6 953 000	22 %
Musikk	32	25 %	1 700 000	11 417 400	15 %
Arkitektur	2	2 %	700 000	800 000	88 %
Design	10	8 %	795 000	3 444 728	23 %
Mote	5	4 %	400 000	1 849 000	22 %
Visuell kunst	18	14 %	650 000	6 376 843	10 %
Spel	9	7 %	950 000	3 092 000	31 %
Scenekunst	18	14 %	700 000	6 107 000	11 %
Kulturvern	2	2 %	400 000	730 000	55 %
Tverrfagleg	6	5 %	300 000	1 820 000	16 %
	127		8 785 000	45 788 971	19 %

Oversikt over søknader til ordninga for regional bransjeutvikling:

	Tal på søknader	I %	Tildelings-sum	Søknads-sum	Tildelingsprosent (sum)
Aust	28	35 %	2 200 000	16 204 301	14 %
Nord	11	14 %	2 200 000	8 406 000	26 %
Midt	13	16 %	2 200 000	13 167 000	17 %
Vest	15	19 %	2 200 000	12 385 000	18 %
Sør	12	15 %	2 200 000	9 918 000	22 %
	79		11 000 000	60 080 301	18 %
Litteratur	3	4 %	1 550 000	2 350 000	66 %
Film	11	14 %	905 000	8 292 000	11 %
Musikk	11	14 %	2 300 000	9 160 001	25 %
Arkitektur	1	1 %	500 000	896 800	56 %
Design	6	8 %	740 000	4 550 900	16 %
Mote	1	1 %	355 000	500 000	71 %
Visuell kunst	14	18 %	1 755 000	10 662 000	16 %
Spel	4	5 %	1 045 000	1 630 000	64 %
Scenekunst	5	6 %	200 000	4 350 000	5 %
Kulturvern	3	4 %	175 000	3 640 000	5 %
Tverrfagleg	20	25 %	1 475 000	14 048 600	10 %
	79		11 000 000	60 080 301	18 %

Kompetanse- og entreprenørskap-programmet Ovasjon

9 fysiske program gjennomført i 2019 i heile landet.
98 aktørar 87 bedrifter deltok i samlingane i 2019,
50 deltakarar vart viderestøttet av dedikert mentor/rådgivar utover samlingane.

Kompetanseprogrammet har så langt mottatt strålende tilbakemeldingar og snittscore for tilfredsheit for kursa i 2019 er 6.4 av 7, noko som viser at den faglege tilpasningen dedikert til kreative næringane har vore vellykka.

Kompetanseprogrammet er vidareført i 2020, der **11 fysiske program er planlagt.**

Internasj
samarbe
og auka
mangfald

Internasjonalt bidrag

Kulturen si rolle i samfunnet er i stadig utvikling. Internasjonalt handlar kultursamarbeid i aukande grad om samfunnsaktuelle tema som demokrati, inkludering og involvering. Mange internasjonale prosjekt knyter seg til publikumsutvikling og entreprenørskap som bidrar til samfunnsutviklinga lokalt og regionalt. Kulturrådet har som mål å styrkje internasjonalt samarbeid på kulturfeltet.

Internasjonalt samarbeid

Kultursamarbeid på tvers av grenser er med på å fremje eit mangfald av kulturuttrykk og styrkje vilkåra for frie kulturytringar. Det er spesielt viktig å stimulere til dette i ei tid der kulturell og kunstnarisk fridom blir utsett for press frå mange kantar. Samarbeidet med relevante, internasjonale forvaltingsaktørar blei derfor også styrkt i 2019, mellom anna gjennom prosjektet «Inkluderande kulturliv i Norden».

Kulturrådet ser at det trengst meir kunnskap om internasjonalt kultursamarbeid for å vidareutvikle eksisterande verkemiddel. I 2019 sette me derfor i verk fleire prosjekt for å kartleggje og hente inn meir kunnskap om internasjonalt kultursamarbeid og behov for tilrettelegging.

Kunnskapsinnhenting

Det blei i 2019 utarbeidd ei detaljert oversikt over korleis dei ulike delane av administrasjonen til Kulturrådet arbeider internasjonalt. Oversikta omfattar alle avdelingar, seksjonar og team, og alle typar tilskotsordningar, nettverk og rådgivande arbeid. Det viser seg at nesten alle avdelingar og seksjonar i Kulturrådet arbeider internasjonalt på ein eller annan måte, men at det er få ordningar som har som hovudmål å styrkje eit internasjonalt kunst- og kulturliv.

Hausten 2019 sette me i tillegg ut eit oppdrag til Samfunnsøkonomisk analyse. Oppdraget skal vere ferdig våren 2020, og målet er å kartleggje verkemiddel for å styrkje internasjonalt kultursamarbeid på nasjonalt nivå. Kartlegginga baserer seg på intervju og informasjon frå ulike forvaltingsorgan og institusjonar i Noreg. Kulturrådet har i tillegg bedd Samfunnsøkonomisk analyse om å utarbeide eit omgrepsapparat og eit rammeverk av indikatorar som me kan bruke til å måle resultatata av det internasjonale arbeidet.

Norsk-islandsk kultursamarbeid

Kulturrådet fordelte i 2019 1,675 millionar kroner til 20 prosjekt gjennom ordninga for norsk-islandsk kultursamarbeid. Kulturrådet forvaltar ordninga saman med det islandske kulturdepartementet. Målet er å bidra til eit meir mangfaldig kultursamarbeid mellom Noreg og Island. Tiltaka skal ha relevans for begge landa, og både norske og islandske aktørar skal bidra til innhaldet og gjennomføringa av prosjekta. I 2019 var fleire av søknadene tydelege samarbeidsprosjekt med deltaking og nedslag i begge landa. Dette er i tråd med målet for ordninga.

Kulturprogram gjennom EØS-midlane

Kulturrådet samarbeider aktivt om kulturprogram i åtte andre land. Programma er finansierte med EØS-midlar. Samarbeidet med Latvia, Litauen, Polen, Tsjekkia, Romania og Portugal har halde fram frå førre periode. I tillegg har to land kome til: Bulgaria og Slovakia. Det kjem til saman 16 utlysingar i 2020–21. Det er ein høg ambisjon om å etablere partnarskap der norske kulturaktørar kan inngå. Totalt estimerer Kulturrådet at det vil vere rundt 300 kulturprosjekt i denne perioden. Av desse vil om lag 200 ha minst éin norsk partner. I denne programperioden legg me vekt på publikumsutvikling, entreprenørskap og regional utvikling.

I 2019 har Kulturrådet i hovudsak arbeidd med utforming av programma og med informasjon til norske aktørar. I løpet av året blei det i samarbeid med Riksantikvaren gjennomført ein informasjonsturné som omfatta åtte norske byar. Vidare har Kulturrådet vore til stades på sentrale møteplassar og gjennomført ei rekkje individuelle møte. I 2019 var Kulturrådet i samarbeid med Norsk kulturforum med på eit eige bilateralt prosjekt om kulturruter saman med kulturdepartementet i Litauen.

Kreativt Europa

Kulturrådet har ansvar for å koordinere arbeidet med EU-programmet Kreativt Europa i Noreg. I tillegg har me ansvaret for gjennomføring av kulturdelen av programmet. I samarbeid med Norsk filminstitutt, som har ansvar for mediedelen, har Kulturrådet informert om programmet og rettleia søkjarar i heile landet. I tillegg til digital formidling, videoar og søkjarkurs på nettet har Kulturrådet hatt rettleiings- og informasjonsmøte i Oslo, Trondheim og Drammen. Me har også hatt nettverksmøte i mellom anna Kabelvåg, Tønsberg og Bodø.

Ei spesiell satsing i 2019 var den store konferansen Kultur over grenser i Bærum kulturhus i januar, der ei rekkje europeiske tilskotsordningar blei presenterte for eit stort og interessert publikum. Konferansen kom til som eit initiativ frå Kreativt Europa-desken og blei gjennomført i samarbeid med nasjonale aktørar med ansvar for nordiske og europeiske tilskotsordningar. Norsk kulturforum og Akershus fylkeskommune var også med på samarbeidet. Mykje tyder på at sektoren har respondert godt på dette arbeidet.

I 2019 fekk elleve samarbeidsprosjekt med norske partnarar støtte til kultursamarbeid gjennom programmet. To av desse var store prosjekt med norsk prosjektleiing. Det kom inn 346 søknader frå heile Europa i 2019. Totalt 19 store prosjekt blei innvilga, og to av dei er leia frå Noreg. I tillegg er ti norske aktørar med som partnarar i ulike prosjekt.

Programmet har styrkt det internasjonale samarbeidet for norske aktørar. Det har gjort det mogleg å realisere større prosjekt og gitt tilgang til eit større publikum og ein større marknad. Ved at to norske aktørar blei prosjektleiarar i to store prosjekt, og at såpass mange norske partnarar er involverte, blei uttellinga svært god for Noreg i 2019.

UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv

Kulturrådet har ansvar for gjennomføringa av UNESCO-konvensjonen om vern og vidareføring av immateriell kulturarv i Noreg. Gjennom langvarig og strategisk informasjonsarbeid og samarbeid med relevante miljø har Kulturrådet merka aukande interesse for levande tradisjonar og tradisjonsboren kunnskap både nasjonalt og internasjonalt.

Kulturrådet har ansvar for oversikta over immateriell kulturarv i Noreg, www.immateriellekulturarv.no. Målet med denne er å vise fram mangfaldet av levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap i Noreg. Nettsida er open for alle, og fleire aktørar har registrert tradisjon og kunnskap på nettsida. Aktive frivillige organisasjonar bruker nettsida i arbeidet med å løfte kunnskapen om immateriell kulturarv i Noreg og resten av verda. I 2019 blei dei faste tekstane på nettsida omsette til nordsamisk og engelsk. De siste seks åra har Kulturrådet arbeidd spesielt med dei fem nasjonale minoritetane (kvenar/norskfinnar, skogfinnar, jødar, romar og romaniar/taterar) og med samiske miljø

om immateriell kulturarv. Fleire aktørar frå desse miljøa har dei siste åra søkt om midlar frå Kulturrådet, spesielt frå kulturvernsetjinga.

Me ser også at fleire samiske miljø i heile Sápmi har fatta sterkare interesse for konvensjonen dei siste par åra. Sametinget og Kulturrådet har i samarbeid gjennomført fleire tiltak for å styrkje kunnskapen om samisk immateriell kulturarv. Kulturrådet arrangerte eit seminar om og med urfolk under ein nordisk konferanse om levande kulturarv i Finland. I november 2019 arrangerte Sametinget og Kulturrådet eit seminar for samiske kulturaktørar, om vern og vidareføring av immateriell kultur. På seminaret deltok også nokre aktørar frå svensk og finsk side. Dette har generert viktig kunnskap til bruk i vidare arbeid med konvensjonen på nasjonalt og internasjonalt plan. Kulturrådet er i dialog med UNESCO-sekretariatet om vidare styrking av arbeidet med urfolkspektivet innanfor rammene av konvensjonen.

Verdas dokumentarv

Programmet skal løfte fram dokument som på ein spesiell måte gir innsikt i viktige delar av historia og relasjonar mellom menneske. Kulturrådet er sekretariat for dette arbeidet og for Den norske komiteen for verdas dokumentarv. I 2019 var det utlysing med moglegheit for forslag til nye nominasjonar til UNESCO si liste over verdas dokumentarv (Memory of the World register). Det kom ingen forslag frå norske aktørar i år. Komiteen har understreka at dette ikkje treng å vere negativt. Det har vore ei skeivfordeling i registeret mellom vestlege innføringar og innføringar frå resten av verda, og det er positivt at norske og vestlege aktørar viser ein viss restriksjon fram til det er meir balanse i utvalet.

Kulturarvssamarbeid i Austersjøen

I 2019 har Kulturrådet ført vidare deltakinga i det internasjonale kulturarvnettverket Baltic Region Heritage Committee (BRHC). Føremålet er å knyte norske kulturarvinstitusjonar til eit internasjonalt nettverk der ein kan dele erfaringar og stimulere til kulturarvssamarbeid i austersjøregionen. Kulturrådet har i tett samarbeid med Riksantikvaren sett i gang eit prosjekt som skal munne ut i ein internasjonal kulturarvkonferanse i Oslo hausten 2020. Konferansen vil setje søkjelys på korleis klimaendringane påverkar kulturarv og kulturarvsforvaltning. Han skal bidra til auka deling av kunnskap og erfaringar, og til nettverksbygging mellom dei nordiske og baltiske landa. Også i 2019 har det vore aktive arbeidsgrupper der representantar frå den norske museumssektoren har vore med, nemleg arbeidsgruppa for undervassarkeologi og arbeidsgruppa for kystkultur.

IFACCA

Kulturrådet er medlem i International Federation of Arts Councils and Culture Agencies (IFACCA) og deltok på den åttande verdskonferansen for kunst og kultur, som i 2019 var i Kuala Lumpur i Malaysia. Med tittelen Mobile Minds: Culture, Knowledge and Change var arrangørane opptekne av korleis kulturråda kan jobbe saman for å skape forandringar. Direktøren i Kulturrådet, Kristin Danielsen, var ein av innleiarane på konferansen. Ho snakka mellom anna om korleis kulturråd bør jobbe for å bli relevante og representative på vegner av kunstnarar og kulturutøvarar. I konferansen kom det tydeleg fram at det blir stadig meir utfordrande for kunstnarar å bevege seg over grenser. Styret i IFACCA

blei bedd om å vurdere moglegheita for eit kunstnarpass etter modell av nansenpasset, som var det første godkjende reisedokumentet for statslause flyktningar i 1920-åra.

Arctic Arts Summit

I 2019 blei Arctic Arts Summit arrangert for andre gong, dette året i Rovaniemi i Finland. Aktørar frå heile regionen var samla for å diskutere felles utfordringar som er knytte til kulturpolitikken i nordområda. Kulturrådet var med på eit møte med styret, som består av departement og nasjonale kulturråd eller tilsvarande aktørar. Målet var å diskutere erfaringar frå Arctic Arts Summit i Harstad i 2017 og strategiar for framtidig arbeid. Samlinga blei også i 2019 vurdert som vellykka, og eit nytt Arctic Arts Summit vil truleg bli halde i Canada i 2021.

Auka mangfald

Inkluderande kulturliv i Norden

Kulturrådet har i perioden 2017–2019 hatt prosjektleiar- og sekretariatsansvar for det nordiske prosjektet Inkluderande kulturliv i Norden. Prosjektet er ei av hovudsatsingane frå då Noreg hadde formannskapet i Nordisk ministerråd i 2017, og det blei avslutta i desember 2019 med konferansen Nordic Dialogues: Towards an Inclusive Cultural Sector.

Prosjektet har identifisert fleire tendensar og utviklingstrekk av interesse for det vidare arbeidet med mangfald og inkludering i kultursektoren både i Noreg og i Norden. Eit av trekka som blei identifiserte tidleg, er at arbeidet for meir kulturelt mangfald i kulturlivet i lang tid har vore prosjektbasert. Det er derfor eit mål å få på plass meir stabile og langsiktige mekanismar når Kulturrådet no etablerer rolla som nasjonal koordinator for mangfald.

Critical Friends-gruppa blei etablert som ein del av prosjektet for å forankre og løfte dialogen med det fleirkulturelle feltet. Gruppa var sett saman av kunstnarar med fleirkulturell bakgrunn. Felles for alle var at dei hadde arbeidd i offentlegheita med samanhengen mellom identitet og kunst. Perspektiva til gruppa blei løfta inn i samtalar med institusjonar i Norden og fekk rom til å påverke diskursen om mangfald.

Prosjektet har initiert seks nettverk som har drive med kunnskapsdeling, erfaringsutveksling og metodeutvikling. Til saman har over 70 institusjonar vore med i nettverk for inkludering og mangfald i kulturlivet. Nordisk Forum for Interkultur er eitt av dei seks nettverka og består av ressursenter i heile Norden. I ein eigen publikasjon har nettverket kartlagt korleis nordiske kulturinstitusjonar jobbar for å skape eit meir inkluderande kulturliv. Konklusjonen er at institusjonane har stor vilje til å oppnå mangfaldsmål, men at dei framleis manglar kompetanse og kunnskap på området.

Konferansen Nordic Dialogues: Towards an Inclusive Cultural Sector markerte avslutninga på prosjektet. Konferansen varte i to dagar, og til saman deltok nærare 400

representantar frå heile Norden. Konferansen hadde «lokalt engasjement» og «makt og leiarskap» som hovudtema. Interesse og engasjementet for å skape eit inkluderande kulturliv var tydeleg. Samtidig viste konferansen at det er langt igjen før me når måla. Eit hovudarbeid framover vil vere å leggje til rette for samtalar mellom institusjonar og feltet, samtidig som ein sørgjer for god kunnskap om mangfald. Sentralt i arbeidet blir spørsmålet om korleis institusjonar kan utøve endringsarbeidet for ein inkluderande kultursektor, og korleis ein kan artikulere likestilling og antirasisme frå ein privilegert posisjon. Det krev at ein er villig til å gå inn i eit ubehag, der individuell eller institusjonell handling ikkje frigjer frå dei forskjellsskapande og diskriminerande strukturane som fortset å gjere seg gjeldande i kultursektoren.

Nasjonale minoritetar

I 2019 fekk Kulturrådet overført ansvaret for forvaltinga av to tilskotsordningar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Den eine ordninga gjaldt prosjekt- og driftsstøtte til nasjonale minoritetar, den andre den kollektive oppreisninga til romani-folket/taterane. Hovudmålet med desse ordningane er å styrkje kulturen, språket og eigenorganiseringa til nasjonale minoritetar. Eit særleg mål er at organisasjonane for nasjonale minoritetar kan fremje interessene sine overfor myndigheitene.

Dette arbeidet byggjer vidare på erfaringar og nettverk Kulturrådet har fått gjennom arbeidet med nasjonale minoritetar på andre område, særleg gjennomføringa av konvensjonen om immateriell kulturarv. Kulturrådet har i 2019 særleg lagt vekt på å etablere gode forvaltingsrutinar og struktur for involvering av og dialog med gruppene. I 2020 vil me arbeide vidare med dette, særleg når det gjeld å sikre ei god involvering av gruppene.

I løpet av 2019 har me behandla over 50 søknader, og me har delt ut 7,3 millionar kroner i prosjekt- og driftsstøtte til nasjonale minoritetar. Hausten 2019 utlyste me 5,4 millionar kroner i den kollektive oppreisninga til romanifolket/taterane. Kulturrådet fekk i alt 29 søknader, og behandlinga av sakene blir avslutta i 2020. Innsikta frå saksbehandlinga og dialogen med representantane for nasjonale minoritetar dannar eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med utvikling av feltet som Kulturrådet skal gjennomføre i 2020.

4

S

ve

tyring og
kontroll i
rksenda

I Norsk kulturråd bruker me mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp. Styringa og kontrollen i verksemda er tilpassa eigenarten og behova våre. Risikostyring og internkontroll skal vere ein integrert del av styringa. Systema våre for styring og kontroll er under utvikling, og me har i 2019 sett i gang arbeid med å styrkje både internkontrollen og verksemdsstyringa vår. Dette arbeidet vil me fortsetje med i 2020.

Kulturrådet sine ressursar, kompetanse, styring av verksemda og dei utveking- og omstinningsarbeida som er igangsett er vurdert til å være tilpassa og egna for å nå dei måla som er satte, på på kort og lang sikt.

Me har i 2019 gjennomført ein eigenanalyse av forvaltingspraksisen vår. Dette er i tråd med oppdraget i tildelingsbrevet for 2019. Kulturrådet sende analysen til departementet i oktober, og i oversendinga peikte me på sentrale forbetningspunkt ved noverande struktur og praksis. Oppfølgingsarbeidet blei starta i 2019 og vil bli ført vidare i 2020.

Effektiv drift, digitaliserings- og forbetningsarbeid

I 2019 har Kulturrådet lagt vekt på forbetningar av intern styring, system, arbeidsprosessar og internkontroll.

Arbeidet med å følgje opp eigenanalysen av forvaltingspraksisen vår starta opp hausten 2019. Dette arbeidet omfattar to sentrale forbetningspunkt – der det eine gjeld organisering, oppgåvefordeling og arbeidsprosessar. Det andre gjeld betre samsvar mellom styringsmodellen frå departementet og måten Kulturrådet praktiserer han på. Dette arbeidet vil følgjast vidare opp i 2020 og vil styrkje Kulturrådet si evne til måloppnåing på både kort og lang sikt.

Me har starta prosessen med å leggje om økonomimodellen vår slik at han blir betre innretta mot styring, prognosar og analysar av kostnadseffektivitet. Vidare har me sett i gang arbeidet med å vurdere registreringa av aktivitetar, med mål om betre ressursstyring. I tillegg blei arbeidet med å forbetre internkontrollarbeidet i Kulturrådet starta opp i 2019. Desse prosessane vil me fortsetje med i 2020.

Når det gjeld digitalisering, har me i 2019 både testa ut maskinlæring og ført vidare arbeidet med digitalisering av tilskotsforvaltinga.

Testing av automatisering og robotisering

Kulturrådet testa i 2019 bruk av maskinlæring. Målet med testinga var å undersøkje om me kan bruke maskinlæring til å identifisere sensitive opplysingar på to oppgåveområde: Behandling av innsynskrav og offentleggjering av samandrag av søknader på nettsidene våre.

Læring i utprøvningsfasen

Ein treng store mengder datasett for å kunne bruke maskinlæring, og læringsmaterialet til Kulturrådet var avgrensa. Samandraga blei prioriterte i testfasen, då det var der det fanst mest tilgjengeleg materiale. I tillegg kunne me produsere fiktive samandrag med innlagde sensitive opplysingar for å teste tilbakekall (recall) og presisjon.

Resultat

Det blei utvikla ein algoritme basert på ordlister som klassifiserer samandrag som sensitive eller ikkje sensitive. Me oppnådde relativt god recall og presisjon. Det betyr at Kulturrådet kan identifisere sensitive personopplysingar og varsle relevante saksbehandlarar utan å lese alle samandraga. Dette vil vere med på å hindre at sensitive opplysingar blir offentleggjorde. Ved å justere ordlistene vil algoritmen bli betre og betre etter kvart som han blir brukt.

Algoritmen gir eit gevinstpotensial for å spare om lag 150 timar i året på å lese samandrag og 275 timar årleg i redusert tidsbruk på å finne sensitive opplysingar i samband med innsynskrav.

Overføringsverdi

Algoritmen vår er laga på ein måte som gjer han enkel å dele. Han er sett opp slik at alle som bruker han, kan spesifisere ordlista etter eige ønske, og på den måten kan han også ha andre bruksområde enn identifisering av sensitive personopplysingar.

Testing av maskinlæring til bruk i rekneskap:

Rekneskap	Timar estimerte	Budsjett (kr ekskl. mva.)	Timar brukte	Rekneskap (kr ekskl. mva.)
Utvikling av modellen	175	189 875	210	229 065
Pakke ut modellen / ferdigstilling	90	97 650	77	83 160
Tenestedesign	15	16 275	0	0
Utvikle eit grensesnitt for REST API	25	27 125	26	28 580
Sum konsulentutvikling	305	330 925	313	340 805

Kulturrådet fekk 300 000 som tillegg i årets løyving frå Kulturdepartementet på kapittel 325, post 21, til automatisering og robotisering. Dei resterande 40 805 kronene blei henta frå driftsmidlane til Kulturrådet på kapittel 320, post 01.

Digitalisering av tilskotsforvaltinga

SANK-prosjektet og eRapport

Kulturrådet utvikla i 2019 den digitale rapportløysinga eRapport. Det overordna målet har vore å lage standardiserte rapporterings skjema for tilskotsmottakarane. Standardiseringa gir føreseielege og samanliknbare rapportar som er enkle å fylle ut og behandle, og som gjer at me i større grad vil kunne samle inn aggregerte data på tvers av dei ulike tilskotsordningane. I arbeidet med eRapport har brukarinvolvering av tilskotsmottakarar vore ein sentral metodikk for utviklinga.

Estimerte gevinstar ved å utvikle den digitale rapporteringsløysinga:

Estimert gevinst eRapport	Tidsgevinst	Årleg innsparing
Tid spart for tilskotsmottakarar*	1 time x om lag 4000 tilskotsmottakarar	1 760 000
Tid spart for saksbehandlarar i Kulturrådet**	400 timar per år	207 000
Reduserte kostnader til vedlikehald og drift av skjema**	270 timar	140 000
Total gevinst per år		2 107 000

* Satsen for gevinst per time for innbyggjarar på 440 kroner er henta frå Difi 2017.

** Basert på gjennomsnittleg timelønn i Kulturrådet (519 kr).

eRapport-løysinga er ein del av SANK-prosjektet (Statistikk og analyse i Norsk kulturråd). Det treårige prosjektet har hatt som mål å bidra til å gi auka innsikt i effekten av tilskotsordningane til Kulturrådet, redusere manuelle teljingar og rapportar og omstille oss til å vere meir datadrivne i arbeidet med statistikk og analyse. Tilgjengeleggjinga av Kulturrådet sine forvaltingsdata legg til rette for vidare arbeid med opne kulturdata. Det er eit viktig mål for Kulturrådet at SANK-prosjektet skal gi oss kunnskap om statistikk og analyse, slik at me kan halde på denne kompetansen når prosjektet no blir avslutta.

Vidareutvikling av digital løysing for søknadsbehandling

Kulturrådet har i 2019 vidareutvikla saksbehandlingssystemet eSak, med hovudmål om å effektivisere tilskotsforvaltinga. I 2019 har me utvikla eit nytt brukargrensesnitt for saksbehandlarar, fagutvalsmedlemer og stipendkomitémedlemer, noko som gjer innstillingane og vedtaksmøta meir effektive. Den nye løysinga har gitt meir effektiv saksflyt, automatisering av enkelte oppgåver, betre kvalitet i vising/avlytting av kunstnariske vedlegg og betre etterprøving av vurderingar og vedtak. Løysinga baserer seg på brukarinvolvering og tenestedesign.

Me forventar årlege gevinstar i form av tidsinnsparingar for kulturrådsadministrasjonen og dei om lag 200 fagutvals- og stipendkomitémedlemene som behandlar søknader for Kulturrådet. I tillegg til å spare tid er betre etterprøving og sikkerheit sentrale gevinstmål.

Revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen

Arbeidet som Kulturrådet har gjort med digitalisering av tilskotsforvaltninga i 2019, er i tråd med anbefalingane Riksrevisjonen kom med i Dokument 3:12 (2012–2013), Undersøkelse av tilskuddsforvaltningen i Norsk kulturråd. Riksrevisjonen peikte der på behovet for utbetring av dokumentasjon i tilskotsforvaltninga (mellom anna manglande støttesystem, sporing, dokumentasjon av måloppnåing og internkontroll). Arbeidet med å følgje opp denne rapporten er i hovudsak ferdig, men anbefalingane er framleis sentrale for det vidare arbeidet til Kulturrådet i 2020.

Kulturrådet har i 2019 også arbeidd aktivt med å oppfylle anbefalingane frå Riksrevisjonen i samband med revisjonen av rekneskapen for 2018. Dette gjeld mellom anna avstemming av fondskapital og tilbakerapportering for stipendmottakarar.

Organisering

Kulturrådet starta i 2019 ein omfattande omstillingsprosess på bakgrunn av analyseoppdraget i tildelingsbrevet for 2019. Dette arbeidet vil halde fram i 2020. Leiargruppa har det siste året vore sterkt involvert i dette arbeidet.

I 2019 gjennomførte me leiarutvikling for å byggje ei felles plattform for god og effektiv leiing. Tilsette og leiarar har i tillegg hatt opplæring i prosjektleiing. Dette er meint som eitt av fleire tiltak for å gjere organisasjonen meir fleksibel og effektiv.

I 2019 blei det oppretta ei ny avdeling i Kulturrådet – avdeling for kulturanalyse. Denne avdelinga blei oppretta for å svare på eit av satsingsområda våre: kunnskapsproduksjon. Me gjorde også fleire interne organisasjonsendringar. Seksjonane for arkiv og søknadsforvaltning blei til dømes slått saman til ein ny seksjon for forvaltning, seksjonane for sekretariata og for kreativ næring blei slått saman til ein ny seksjon for kunstnarøkonomi, og den tidlegare FoU-seksjonen blei ein del av avdelinga for kulturanalyse. Talet på seksjonar blei derfor redusert med tre i 2019.

Arbeidsmiljø

HMS-arbeidet i 2019 har mellom anna vore retta mot vidareføring av arbeidet med å få på plass ein elektronisk varslingskanal og ein ny rutine for varsling. Dette kom på plass i andre kvartal. I tillegg har me jobba med internkontroll opp mot HMS-arbeidet i verksemda for å sikre så gode rutinar som mogleg på området.

Det fysiske arbeidsmiljøet er prega av at Oslo-kontoret held til i gamle lokale som har utfordringar med temperatur og luftkvalitet. Kulturrådet er i tett kontakt med gardeigaren om utbetringar der det er mogleg, og målingar av luftkvaliteten i 2019 har vist at han oppfyller gjeldande krav. Me har i 2019 kartlagt og analysert arealbruk, kontormiljø og utforming av lokala våre i Oslo, med mål om å utforme arbeidsplassane på ein meir tenleg måte enn i dag. Dette vil me kome tilbake til etter omorganiseringa i 2020, slik at me får utnytta arealet meir i tråd med behova til verksemda.

Arbeidet med ny organisasjonsstruktur blei prioritert i andre halvår i 2019. Både AMU og IDF har dette på agendaen, og me har inngått ei omstillingsavtale.

Sjukefråvær

Sjukefråværet for 2019 har vore ganske stabilt, og 65,5 prosent av fråværet var legemeldt. Kulturrådet følgjer nøye med på sjukefråværet. I tillegg følgjer me lovpålagde rutinar for å få tilsette raskt tilbake i arbeid. I 2019 var sjukefråværet 4,4 prosent for kvinnene og 3,4 prosent for mennene.

Oversikt over eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær dei siste fire åra:

Type sjukefråvær	2016	2017	2018	2019
Legemeldt	57,8	63,6	69,0	65,5
Eigenmeldt	42,2	36,4	31,0	34,5
Totalt sjukefråvær	4,0	4,4	4,6	4,0

Turnover

Turnoveren i 2019 var høgare enn tidlegare år og låg på 17,69 prosent. Det er ein auke på 1,99 prosentpoeng frå 2018. Tidlegare rapportert turnover har vist seg å vere feil på grunn av ein dårleg utrekningsmodell. Den høge turnoveren i Kulturrådet i 2019 kan delvis forklarast med utflytting av arbeidsoppgåver til nye kontor i Trondheim og Bodø, og me vurderer dette som normalt med tanke på omstillinga Kulturrådet gjekk gjennom. Andre årsaker til høg turnover kan vere ein kombinasjon av tilsette som slutta, og tilsette som gjekk ut i lønt og ulønt permisjon.

4 av dei 19 som slutta i 2019, gjekk av med pensjon. Av dei resterande slutta 9 fast tilsette. Nokre slutta som følgje av organisasjonsendringar. Bortsett frå dette ser me ikkje nokon konkrete tendensar med omsyn til ansiennitet, alder eller oppgåver som kan ligge til grunn for turnoveren.

År	2016	2017	2018	2019
Turnover i %	11,29	10,92	15,70	17,69

Bemanning og personalforvaltning

Utvikling i talet på årsverk per avdeling* dei siste fire åra

Avdeling	2016	2017	2018	2019
Verksemdsstyring	36,94	36,27	32,71	32,87
Kommunikasjon	05,68	05,51	05,68	08,56
Kulturanalyse**	-	-	-	02,27
Kunst	40,06	40,75	43,43	47,57
Kultur	22,53	24,52	25,57	26,22
Dir./stab	01,31	01,95	01,69	01,92
Totalt	106,52	109,00	109,08	119,41

* Tala per avdeling er ikkje korrigererte for tilsette som er inne i tverrgående prosjekt, så tala viser ikkje nødvendigvis ressursbruk med primær oppgåvene til avdelingane.

** Avdelinga blei oppretta hausten 2019.

Likestilling og mangfald

Kvinnedelen i Kulturrådet er på 64 prosent, og det har i 2019 ikkje vore aktuelt å setje i verk tiltak for å endre kjønnsbalansen. Leiinga består av ti kvinner og sju menn.

År	Alle stillingar			Leiarstillingar			Lønn
	Menn %	Kvinner %	Antall	Menn %	Kvinner %	Antall	Kvinner /menn
2018	36	64	124	37	63	17	99,2
2019	35	65	131	35	65	17	99,3

Kulturrådet har jobba aktivt med inkluderingsdugnaden i 2019, då me spesifikt har oppfordra søkjarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en til å søkje. Dette tiltaket tiltrekte seg fleire søkjarar som kryssa av for nedsett funksjonsevne, men som ved nærare dialog viste seg å ikkje høyre til denne målgruppa. Ei utfordring ved oppfordringa i utlysingsteksten var også at nokre kandidatar skreiv personsensitive opplysingar i søknadsteksten.

Me vurderte også påmelding til traineeordninga i staten, men ingen stillingar var ledige då fristen for deltaking gjekk ut i juni. For Kulturrådet ville det vore enklare viss det var kontinuerleg påmelding til ordninga. Då kunne me ha valt mellom alle stillingane som var ledige i 2019, og ikkje vore bundne opp til ein spesifikk dato.

Av 1046 søkjarar skreiv 2,8 prosent at dei hadde funksjonsnedsetjing. 2,1 prosent av søkjarane hadde hol i CV-en utan å krysse av for dette. Me intervjuar to med nedsett funksjonsevne og éin med hol i CV-en. Ingen av desse oppfylte kvalifikasjonskrava i stillinga dei hadde søkt på.

I tråd med aktivitets- og forklaringsplikta som blir utvida frå 2020, intensiverer me arbeidet vårt med å unngå diskriminering og aktivt å fremje likestilling. Me starta i 2019 arbeidet med ein HR-strategi som også vil innehalde ein systematisk likestillings- og mangfaldsplan. Dette omfattar også førebyggjande arbeid mot diskriminering i arbeidslivet og korleis me aktivt kan jobbe med mangfald og mangfaldsleiing for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Når det gjeld likestillingstiltak som blei starta i 2019, har me lagt vekt på kjønnsbalanse under lønnsforhandlingar og opplæring i mangfaldsleiing for alle leiarar.

Offentlege innkjøp – arbeidslivskriminalitet

Kulturrådet tar omsyn til forhold som arbeidslivskriminalitet og samfunnsansvar i alle innkjøp me gjer, og i alle kontraktar me inngår. Dei krava og kriteria me set til innkjøp og kontraktar, har samanheng med kva for type innkjøp eller kontrakt det er snakk om, og kva som er målet med innkjøpet eller kontrakten.

I 2019 skreiv Kulturrådet under på samkjøpsavtala for oppfølging og kontroll i offentlege kontraktar med Oslo kommune ved utviklings- og kompetanseetaten, avdeling for konsernservice, saman med 229 tilslutta statlege, fylkeskommunale og kommunale verksemdar. Kontrakten blei signert i november 2019 med fire leverandørar.

Avtala omfattar mellom anna oppfølging og kontroll, stadlege kontrollar og dokumentasjonskontroll, risikovurdering av innkjøpsporteføljen, bakgrunnssjekk og aktsemdsvurderingar av leverandørar og underleverandørar og kontroll av underleverandørar, lærlingebud og kvalitetssikringssystem i og utanfor Noreg.

Kulturrådet vil ta i bruk denne avtala i oppfølginga av inngåtte og framtidige kontraktar.

Miljø

I 2019 fekk me i Kulturrådet gjennomført ein miljørevisjon av verksemda vår. Revisjonen blei gjennomført med mål om å etablere eit utgangspunkt for å setje i verk målretta innsats for å redusere klimaavtrykket til Kulturrådet. Arbeidet med gjennomføringa av dei konkrete oppfølgingstiltaka vil skje i 2020.

Personvern og beredskap

Kulturrådet heldt i 2019 fram arbeidet med å sikre at me oppfyller den nye personvernforordninga. Me har oppretta eit eige personvernforum, og arbeidet der er sentralt for å sikre informasjonssikkerheita. Arbeidet på dette området vil me fortsetje med i 2020. I tillegg gjennomførte me i 2019 ei øving med vekt på krisekommunikasjon og sikkerheitsberedskap. Dette arbeidet held fram i 2020.

5

F
ut
Ku

Framtids- sikter for Iturrrådet

Kulturrådet må vere eit tydeleg og transparent forvaltingsorgan som tilbyr relevante og gode tenester til brukarane sine. Samtidig må me vere ein premissleverandør for utviklinga av ein kunnskapsbasert kulturpolitikk. Skal me lykkast med dette, må me nå ut til både kjende og ukjende brukargrupper og fange opp nye stemmer og initiativ utanfor det etablerte kunst- og kulturfeltet. Kulturrådet må også vere fleksibelt nok til å kunne tilpasse seg eit skiftande samfunnsbilete.

Me vil i 2020 og framover leggje stor vekt på å omstille organisasjons- og styringsstrukturen og forvaltingspraksisen vår, for å sikre at me kan arbeide systematisk med kvalitet, relevans, representativitet, transparens, maktspreiing og andre krav me kan møte i framtida. Dette ser me på som viktig i tida framover for å kunne spele ei best mogleg rolle i kulturpolitikken og for kunst- og kulturområda.

Kulturrådet har dei seinare åra fått ei rekkje nye oppgåver. Me ser fram til å utvikle arbeidet med desse og til å hjelpe til med å skape ein kunnskapsbasert kunst- og kultursektor, slik kulturmeldinga som blei lagd fram hausten 2018, legg opp til. Me ser det som særleg nødvendig å jobbe med mellom anna digitale moglegheiter og å sikre mangfald, inkludering og nye stemmer. Me ser også fram til å formidle og støtte opp under den rolla kunsten og kulturen spelar i samfunnet.

Kulturrådet vil føre vidare arbeidet med å oppfylle dei konkrete måla me har sett oss for strategiperioden 2018–2022:

- Fremje produksjon og formidling av ulike kunst- og kulturuttrykk gjennom effektiv, kunnskapsbasert og treffsikker tilskotsforvaltning. Ambisjonen vår er både å forsterke verkemidla våre for produksjon og formidling av kunst- og kulturuttrykk, og å sikre gode kvalitetsvurderingar av kunst og kultur for heile landet.
- Utvikle rolla som kunnskapsprodusent gjennom å auke kunnskapen samfunnet har om kunst og kultur, og å leggje til rette for produksjon av kunnskap om kunst- og kulturfeltet. Ambisjonen vår er å styrkje rolla me har som rådgivar og kompetansemiljø, å bidra til ein kunnskapsbasert kulturpolitikk og å ha ein kunnskapsproduksjon er relevant i den offentlege debatten.
- Utvikle kunst- og kulturfelta ved å ha verkemiddel som er tilpassa behova til kunst- og kulturfeltet, og som forløyser potensialet til feltet. Ambisjonen vår er å sikre kvalitet, mangfald og nyskaping på kunst- og kulturfeltet, å kjenne behova og potensialet til kunst- og kulturfeltet og å ha oversikt over kulturbruken i samfunnet.
- Stimulere til profesjonelt kunstnarisk virke gjennom å styrkje strukturane rundt kunstnarar og institusjonar som jobbar med distribusjon, sal og formidling av kunst og kultur. Ambisjonen er å styrkje verdikjedene i kulturøkonomien og vere med på å sikre at kunst- og kulturuttrykka når ein større marknad og eit breiare publikum.
- Styrkje internasjonalt samarbeid gjennom koordinert innsats, både for å fremje denne typen samarbeid og for å auke forståinga av innverknaden slikt arbeid har på kunst- og kulturfeltet. Ambisjonen vår er å levere analysar som både bidrar til sterkare samordning og til auka presisjon i den internasjonale kultursatsinga til Noreg.
- Bidra til at kunst- og kulturtilbodet blir opplevd som tilgjengeleg, representativt og relevant, gjennom å utvikle ei rolle som nasjonal koordinator og arbeide med representativitet, mangfald og inkludering i verkemidla våre.

6 Årsre

ekneskap

Kommentarer frå leiinga til årsrekneskapen for 2019

Føremål

Norsk kulturråd blei oppretta i 1965 og er eit statleg forvaltingsorgan som høyrer til under Kulturdepartementet. Verksemda fører rekneskap i tråd med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Ifølgje § 1 i lov om Norsk kulturråd er målet med verksemda «å stimulere samtidens mangfoldige kunst- og kulturuttrykk og å bidra til at kunst og kultur skapes, bevares, dokumenteres og gjerestilgjengelig for flest mulig».

Oppgåvene til fagadministrasjonen omfattar sekretariatsfunksjonar for Norsk kulturråd (det kollegiale organet), styret for Fond for lyd og bilete og utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar. Fagadministrasjonen har også utviklingsoppgåver innanfor mellom anna museumsfeltet, kreativ næring, kulturanalyse og internasjonalt kultursamarbeid. Administrasjonen er også rådgivande organ på kunst- og kulturfeltet. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Kulturdepartementet.

Forvaltinga av tilskotsordninga for dei nasjonale minoritetane og tilskotsordninga for kollektiv oppreising til romanifolket/taterane blei frå og med 2019 overført til Kulturrådet. Det blei løyvd midlar til administrasjonen av desse ordningane på kapitla 500 og 567.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i tråd med reglane for økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomi- og verksemdsstyring til Norsk kulturråd. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane, rekneskapsførte utgiftene, inntektene, egedelane og gjelda til Kulturrådet.

Vurderingar av viktige forhold

I 2019 har Kulturrådet samla disponert tildelingar på 1 293 095 000 kroner på utgiftsida, jf. løyvsrapporteringa og note A. Rekneskapen viser ei meirutgift under post 01 Driftsutgifter på –10 132 500 kroner før justering for meirinntekter etter inntektskrav, der det samla resultatet blir ei meirutgift på –364 526 kroner. Årsaka til det samla meirforbruket var ein kombinasjon av at ein del av kostnadsdekninga av dei administrative kostnadene med forvalting av spelemidlar blei innbetalt etter årsskiftet, at innbetalte refusjonar frå NAV ved årsskiftet blei lågare enn prognosen, som baserte seg på uteståande refusjonskrav, og at innbetalte konferanseinntekter frå sluttkonferansen for prosjektet *Inkluderande kulturliv i Norden* blei lågare enn venta.

Eit viktig forhold som har påverka rekneskapen for 2019, er oppdraget Kulturrådet fekk i tildelingsbrevet for same år, om å gjennomføre ein analyse av den samla forvaltingspraksisen og organiseringa vår. Dette arbeidet har hatt høg prioritet i 2019. Vidare har 2019 vore siste år for prosjektet *Statistikk og analyse i Norsk kulturråd (SANK)*, og dette har kravd mykje ressursbruk dette året.

Kulturrådet forvaltar spelemidlar til kulturføremål og har høve til å nytte inntil 10 prosent av dei tildelte spelemidlane til administrasjon. Utgifter på til saman 1,3 millionar kroner til forvaltinga av spelemiddelordningane er refunderte gjennom overføring frå tildelte spelemidlar. Refusjonen er ført som inntekt på kap. 3320, post 01.

Kulturrådet har i 2019 disponert 2 millionar kroner på kap. 325, post 21 til prosjektet *Kulturlivets og frivilligheitas rolle i integrering og inkludering*. Rådet fekk prosjekt-leiar- og sekretariatsansvaret for dette nordiske prosjektet. (Nordisk ministerråd har løyvd 6 millionar danske kroner over tre år til prosjektet, der 2,368 millionar kroner blei overførte og inntektsførte på kap. 3320, post 03 i 2019.)

Kulturrådet har vidare disponert 0,5 millionar kroner på kap. 325, post 21 til kunnskapsutvikling om det visuelle kunstfeltet, i tillegg til 0,3 millionar kroner til automatisering og robotisering. Vidare har me gitt øyremerkte midlar til utvikling i kunstnarbefolkninga på 0,23 millionar kroner, og elles 1,5 millionar kroner til innhenting av kunnskap i samband med museumsmeldinga. På denne posten har me også utgiftsført øyremerkte midlar til forskingsprogrammet *Kunst, kultur og digitalisering*, i tillegg til prosjektet *Oversikt over immateriell kulturarv*. Midlane som står til disposisjon på kap. 325, post 21 i 2019 er ikkje disponerte fullt ut, og me søker om å overføre 5 066 137 kroner til 2020.

Artskontorrapporteringa viser at netto rapporterte utgifter til drift og investeringar eksklusive utbetalingar av tilskot var totalt 200 158 527 kroner i 2019. Utbetalingar til lønn og sosiale utgifter låg på 125 282 899 kroner, mot 112 083 943 kroner i 2018. Talet på utførte årsverk i 2019 var 120. Verksemda har i 2019 betalt inn pensjonspremie til Statens pensjonskasse (SPK), der arbeidsgivardelen av pensjonspremien er på 12 prosent.

Dei samla lønnsutgiftene har auka med 12 prosent samanlikna med 2018. Bakgrunnen er at talet på utførte årsverk i verksemda har auka frå 109 i 2018 til 120 i 2019. Auken skriv seg i hovudsak frå kulturøkonomiprojektet, bruk av vikarar i samband med gjennomføringa av analysen av forvaltingspraksis, auka saksbehandlarkapasitet for nye oppdrag og styrking av kapasiteten i kommunikasjonsavdelinga. I tillegg har de vore ein viss auke i honorara til råd, styre og utval.

Andre utbetalingar til drift utgjorde samla sett 86 990 105 kroner i 2019, mot 72 609 816 kroner i 2018.

Auken frå 2018 skriv seg i hovudsak frå auka utgifter til kjøp av framande tenester og auka utgifter til husleige. Auken i husleigeutgiftene kjem av ein heilårseffekt frå etablering av nye kontor i Bodø og Trondheim. Når det gjeld kjøp av framande tenester, knyter meir enn 70 prosent av auken seg til prosjekta om statistikk og analyse i Norsk kulturråd, analysen av forvaltingspraksisen vår, kulturøkonomiprojektet og kulturlivets og frivilligheitas rolle i integrering og inkludering. Auken elles gjeld vidareutvikling av saksbehandlingssystemet vårt, nytt intranett, evaluering av litteraturstøtteordningane, utgreiingar og kunnskapsutvikling og arbeidet me har starta med utvikling av internkontroll og verksemdsstyring.

Tilskotsforvaltning og overføringar til statlege fond utgjorde 1 078 839 866 kroner i 2019, mot 1 013 994 149 kroner i 2018, jf. opplysingane i note 7. Forvaltning og utbetaling av tilskot skjer i tråd med kapittel 6 i reglane for økonomistyring i staten, *Forvaltning av tilskuddsordningar*.

I 2019 utbetalte me totalt 2 651 061 kroner til ulike investeringar. Dette utgjer ein nedgang på nesten 5 millionar samanlikna med 2018, jf. note 5. Investeringane for året

gjeld i hovudsak utskifting av skjermar, PC-ar og dokkingstasjonar. I tillegg har me kjøpt inn noko inventar til og fått utført bygningsarbeid i kontorlokala me leiger.

Mellomværet med statskassa utgjorde 5 243 089 kroner per 31.12.19. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva for egedelar og gjeld mellomværet omfattar. I tillegg til det rapporterte mellomværet har Kulturrådet ei leverandørgjeld på 1 138 231 kroner, jf. opplysingane om avrekning med statskassa i note 8.

Tilleggsopplysingar

Riksrevisjonen reviderer årsrekneskapen for Kulturrådet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert, men vil truleg vere klar før utgangen av andre kvartal. Revisjonsmeldinga vil bli publisert på nettsidene til Kulturrådet så snart dokumentet er klart.

Oslo, 15. mars 2020



Kristin Danielsen
direktør i Kulturrådet

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Norsk kulturråd er utarbeidd og lagd fram i tråd med dei nærare retningslinjene som er fastsette i reglane om økonomistyring i staten («reglane»). Årsrekneskapen er i samsvar med krava i punkt 3.4.1 i reglane, dei nærare reglane i rundskriv R-115 av desember 2019 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av det overordna departementet.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i reglane – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følger kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte som bruttosummar i rekneskapen.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyving- og artskontorapporteringa er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i punkt 3.5 i reglane, om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingerekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda fell inn under staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krava i punkt 3.7.1 i reglane. Verksemdar med bruttobudsjett får ikkje ny likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Når året er omme, blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt for det nye året.

Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del, der sjølve løyvingrapporteringa ligg, og ein nedre del, som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Oppstillinga viser dei kapitla og postane i løyvingerekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva verksemda gjennom tildelingsbrev har fått til disposisjon, for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigarar og skyldnader verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del, som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del, som viser eigarar og gjeld som inngår i mellomværet med statskassa. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett på konsernkontoen sin i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte, og dei står derfor ikkje som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av løyingsrapportering 31.12.2019

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2019	Meirutgift (-) og mindretgift
0320	Norsk kulturråd	01	Driftsutgifter	A,B	193 955 000	204 087 500	-10 132 500
0320	Norsk kulturråd	51	Fond for lyd og bilde	A	42 810 000	42 810 000	0
0320	Norsk kulturråd	55	Norsk kulturfond	A	982 180 000	982 180 000	0
0323	Musikk og scenekunst	78	Ymse faste tiltak	A	17 618 000	13 036 813	4 581 187
0325	Allmenne kulturføremål	21	Forskning, utredning og spesielle driftsutgifter	A,B	16 595 000	11 528 863	5 066 137
0325	Allmenne kulturføremål	71	Kulturell og kreativ næring	A	24 785 000	24 777 000	8 000
0325	Allmenne kulturføremål	78	Norsk-islandsk kultursamarbeid	A	1 675 000	1 675 000	0
0115	Utenriksdepartement (belastningsfullmakt)	21	UD's forsikringsordning	B		139 283	
0500	Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD)	01	Driftsutgifter	A	750 000	750 000	
0540	Direktorat forvaltning og ikt (belastningsfullmakt)	25	Medfinansieringen for lønnsomme IKT-prosjekter	B		4 496 908	
0567	KMD – Nasjonale minoriteter	25	Romanifolket/taterne	A	1 015 000	0	
0567	KMD – Nasjonale minoriteter	70	Nasjonale minoriteter	A	7 293 000	7 243 000	
0567	KMD – Nasjonale minoriteter	75	Romanifolket/taterne	A	4 419 000	1 042 000	
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter		0	14 406 778	
Sum utgiftsført					1 293 095 000	1 308 173 144	
Inntekt- skapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2019	Meirutgift (-) og mindretgift
3320	Norsk kulturråd	01	Ymse inntekter	B	5 000 000	8 091 219	3 091 219
3320	Norsk kulturråd	03	Refusjoner	B	0	6 676 755	6 676 755
5309	Tilfeldige inntekter – ymse	29	Ymse inntekter		0	210 486	
5700	Arbeidsgjevaravgift	72	Arbeidsgiveravgift		0	15 270 504	
Sum inntektsført					5 000 000	30 248 964	
Netto rapportert til løyingsregnskapet						1 277 924 180	
Kapitalkontoer							
60047401	Noregs Bank KK /innbetalningar					17 649 429	
60047402	Noregs Bank KK/utbetalningar					-1 295 350 173	
703815	Endring i mellomvære med statskassa					-223 435	
Sum rapportert						0	
Beholdningar rapportert til kapitalregnskapet (31.12)					31.12.2019	31.12.2018	Endring
703815	Mellomvære med statskassen				-5 243 089	-5 019 653	-223 435

* Samla tildeling skal ikkje reduserast med eventuelle gitte belastningsfullmakter (gjeld både for utgiftskapittel og inntektskapittel). Sjå note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av potensiell sum som kan overførast til neste år for nærare forklaring.

Note A Forklaring av samla tildeling, utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
032001	9 039 000	184 916 000	193 955 000
032051		42 810 000	42 810 000
032055		949 500 000	949 500 000
032378	5 138 000	12 480 000	17 618 000
032521	8 065 000	8 530 000	16 595 000
032571		24 785 000	24 785 000
032578		1 675 000	1 675 000
050001		750 000	750 000
056725		1 015 000	1 015 000
056770		7 293 000	7 293 000
056775		4 419 000	4 419 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av potensiell sum som kan overførast til neste år

- (A) Kapittel og post
 (B) Stikkord
 (C) Meirutgift (-) / mindreutgift
 (D) Utgiftsført av andre i tråd med gitte belastningsfullmakter (-)
 (E) Meirutgift (-) / mindreutgift etter gitte belastningsfullmakter
 (F) Meirinntekter / mindreinntekter (-) i tråd med meirinntektsfullmakt
 (G) Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå løyvinga for neste år
 (H) Innsparingar (-)
 (I) Sum grunnlag for overføring
 (J) Maks sum som kan overførast*
 (K) Potensiell sum som kan overførast, utrekna av verksemda

(A)	(B)	(C)	(D)	(E)	(F)	(G)	(H)	(I)	(J)	(K)
032001		-10 132 500	-10 132 500	9 767 974				-364 526	9 697 750	-364 526
032521	«kan overførast»	5 066 137	5 066 137					5 066 137	13 910 000	5 066 137
056725	«kan overførast»	1 015 000	1 015 000					1 015 000	1 015 000	1 015 000
056770		50 000	50 000		Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell		
056775	«kan overførast»	3 377 000	3 377 000					3 377 000	4 419 000	3 377 000

* Maksimal sum som kan overførast, er 5 % av løyvinga for året på driftspostane 01–29, bortsett frå post 24 eller summen av løyvinga for dei siste to åra for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2019

	Note	2019	2018
Driftsinntekter som er rapporterte til løyingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyrer	1	30 000	550 000
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	10 084 011	9 666 176
Sal- og leieinnbetalningar	1	4 653 963	3 969 540
Andre innbetalningar	1	0	0
Sum innbetalningar frå drift		14 767 974	14 185 716
Driftsutgifter som er rapporterte til løyingsrekneskapen			
Utbetalingar til lønn	2	125 282 899	112 083 943
Andre utbetalningar til drift	3	86 990 105	72 609 816
Sum utbetalningar til drift		212 273 005	184 693 760
Netto rapporterte driftsutgifter		197 505 031	170 508 044
Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løyingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	2 651 061	7 582 126
Utbetaling til kjøp av aksjar	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	2 435	2 362
Sum investerings- og finansutgifter		2 653 496	7 584 488
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 653 496	7 584 488
Innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	47 679	225 966
Sum innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten		47 679	225 966
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalingar av tilskot og stønader	7	1 078 839 866	1 013 994 149
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		1 078 839 866	1 013 994 149
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel*			
Gruppelivsforsikring, konto 1985 (jf. kap. 5309, inntekt)		162 807	160 392
Arbeidsgivaravgift, konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)		15 270 504	13 730 378
Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (jf. kap. 1633, utgift)		14 406 778	11 692 817
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-1 026 534	-2 197 953
Netto rapportert til løyingsrekneskapen		1 277 924 180	1 189 662 761

Oversikt over mellomvære med statskassa**

Eigedelar og gjeld	2019	2018
Fordringar	174 332	232 866
Andre fordringar (konto 1980)***	2 728	
Kontantar	0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank	0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-5 403 173	-4 938 233
Skyldige offentlege avgifter	-23 840	-314 286
Anna gjeld	6 864	-0
Sum mellomvære med statskassen	8	-5 019 653

* Andre ev. inntekter/utgifter som er rapporterte på felleskapittel, kan spesifiserast på eigne linjer ved behov.

** Spesifiser og legg til linjer ved behov.

*** Det er per 31.12.2019 ein differanse i mellomvære med statskassa på kr - 2728. Differansen fremkjem på eiga line (konto 1980) i oppstillinga ovenfor. Avviket er oppstått ved utgangen av 2019. Det er identifisert og vil bli fulgt opp og søkt korrigert i 2020.

Note 1 Innbetalingar frå drift

	31.12.2019	31.12.2018
Innbetalinger frå gebyr		
Administrasjonsgebyr innkjøpsordninga	30 000	550 000
Sum innbetalingar frå gebyr	30 000	550 000
Innbetalinger frå tilskot og overføringar		
Tilskot frå Noregs Forskingsråd	0	301 000
Tilskot frå andre statlege verksemder	7 350 979	6 420 178
Tilskot frå EU	2 733 032	2 944 998
Sum innbetalingar frå tilskot og overføringar	10 084 011	9 666 176
Sals- og leigeinnbetalingar		
Diverse tilfeldige inntekter (diverse inntekter post 01 - 29)	35 141	44 447
Konferanseinntekter	675 099	271 385
Refusjoner EU/EØS	3 943 723	3 653 708
Sum sals- og leigeinnbetalingar	4 653 963	3 969 540
Andre innbetalingar		
Sum andre innbetalingar	0	0
Sum innbetalingar frå drift	14 767 974	14 185 716

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2019	31.12.2018
Lønn	85 163 306	75 487 010
Arbeidsgivaravgift	15 270 504	13 730 378
Pensjonsutgifter*	9 735 621	8 548 174
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-2 551 413	-1 762 790
Andre ytingar	17 664 881	16 081 171
Sum utbetalinger til lønn	125 282 899	112 083 943
Tal på utførte årsverk:	120	109

* Nærare om pensjonskostnader Pensjonar kostnadsførast i resultatrekneskapet basert på faktisk påløpt premie for rekneskapsåret. Premiesats for 2019 er 12 prosent.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2019	31.12.2018
Husleige	16 026 275	14 641 733
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	160 931	85 458
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	1 558 820	2 267 113
Reparasjon og vedlikeald av maskiner, utstyr mv.	138 742	29 216
Mindre utstyrsanskaffingar	606 946	814 140
Leie av maskiner, inventar og liknande	2 325 805	4 249 372
Kjøp av konsulenttenester	33 886 801	18 609 004
Kjøp av framande tenester	13 075 140	15 939 655
Reiser og diett	9 422 678	8 619 369
Øvrige driftsutgifter	9 787 969	7 354 756
Sum andre utbetalinger til drift	86 990 105	72 609 816

* Frå og med 2019 presenterast konsulenttenester og andre framande tenester separat. I sammenlikningstala for 2018 er kjøp av framande tenester presentert samla på notelinja kjøp av framande tenester.

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

Innbetaling av finansinntekter	31.12.2019	31.12.2018
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

Utbetaling av finansutgifter	31.12.2019	31.12.2018
Renteutgifter	2 435	2 306
Valutatap	0	56
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	2 435	2 362

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

Utbetaling til investeringar	31.12.2019	31.12.2018
Immaterielle eigedelar og liknande	350 117	128 757
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	0	0
Infrastruktureiendelar	0	0
Maskiner og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktoy og liknande	2 300 944	7 453 369
Sum utbetaling til investeringar	2 651 061	7 582 126

Utbetaling til kjøp av aksjar	31.12.2019	31.12.2018
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og eigardelar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 Innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten

	31.12.2019	31.12.2018
Avgift 1 ...		
Avgift 2 ...		
Avgift 3 ...		
Sum innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten	0	0

Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

	31.12.2019	31.12.2018
Overføringer til statlege fond	1 024 990 000	988 380 000
Overføring til andre statlege rekneskap	2 618 331	501 469
Tilskot til kommuner	2 850 000	1 945 000
Tilskot til ikkje-finansielle føretak	13 805 000	13 840 000
Tilskot til hushaldningar	6 432 420	3 070 000
Tilskot til ideelle organisasjonar	23 147 593	5 317 000
Tilskot til statsforvaltinga	3 111 000	0
Tilskot til utlandet	1 885 522	940 680
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	1 078 839 866	1 013 994 149

Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa	31.12.2019	31.12.2019	Skilnad
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rappor- tert mellomvære med statskassa	
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og eigardelar*	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	280 629	0	280 629
Andre fordringar	174 332	174 332	0
Andre fordringar (konto 1980) ¹⁾	0	2 728	-2 728
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
Sum	454 961	177 060	277 901
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-1 138 231	0	-1 138 231
Skyldig skattetrekk	-5 403 173	-5 403 173	0
Skyldige offentlege avgifter	-33 133	-23 840	-9 293
Anna kortsiktig gjeld	2 156 307	6 864	2 149 443
Sum	-4 418 230	-5 420 149	1 001 919
Sum	-3 963 269	-5 243 089	1 279 819

* Verksemdar som eier finansielle anleggsmiddel i form av investeringar i aksjer og selskapsandeler skal også fylle ut note 8 B

¹⁾ Det er per 31.12.2019 ein differanse i mellomvære med statskassa på kr - 2 728. Differansen kjem fram på eigen linje (konto 1980) i oppstillinga over. Se også spesifikasjon av mellomvære nedert i artskontooppstillinga. Avviket har oppstått ved utgangen av 2019. Det er identifisert og vil bli fulgt opp og søkt korrigert i 2020. I Kulturrådets driftsrekneskap framkjem mellomvære per 31.12.2019 med kr - 5 245 817.

Kommentarer frå leiinga til årsrekneskapen for 2019

Føremål

Norsk kulturråd blei oppretta i 1965 og har som mål å stimulere det mangfaldige kunst- og kulturuttrykket i samtida og bidra til at kunst og kultur blir skapt, tatt vare på, dokumentert og gjort tilgjengeleg for flest mogleg.

Norsk kulturfond blir forvalta av Norsk kulturråd (det kollegiale organet). Fondet er nettobudsjettert, og rekneskapen blir ført i tråd med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i tråd med reglane for økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane, rekneskapsførte utgiftene, inntektene, egedelane og gjelda til Norsk kulturfond.

Vurderingar av viktige forhold

I 2019 har Norsk kulturfond samla disponert tildelingar på 982 180 000 kroner på utgiftssida, jf. løyvingssrapporteringa og note A.

I 2019 har me disponert meir enn årets løyving. Vedtak om tilskot blir utbetalt i to omgangar, og mottakarane må levere rekneskap og rapport før siste delutbetaling. Utbetaling av tilskot skjer ikkje nødvendigvis i same løyvingssår som tilskotet blei gitt i. Norsk kulturråd har i 2019 hatt fullmakt til å omdisponere midlar mellom fagkapitla i fondet.

Forvaltning og utbetaling av tilskot skjer i tråd med forskrifta om tilskot frå Norsk kulturfond og reglane om økonomistyring i staten. Det er Norsk kulturråd (det kollegiale organet) eller den rådet delegerer myndigheit til, som gjer vedtak om tilskot frå Norsk kulturfond.

Me har i 2019 hatt ein gjennomgang av midlane som stod att, og tatt i bruk ny funksjonalitet i saksbehandlingssystemet vårt. Dette har i sum resultert i ein fri fondskapital på om lag 26 millionar kroner. Desse midlane vil me i 2020 disponere gjennom nye vedtak. Fagadministrasjonen i Norsk kulturråd er sekretariat for Kulturrådet (det kollegiale organet). Utgiftene til sekretariatsoppgåvene blir dekte gjennom driftsløyvinga til Norsk kulturråd.

Det er i 2019 gitt fullmakt til å belaste Norsk kulturfond med transportkostnader som knyter seg til innkjøpsordningane for litteratur, og utgifter til FoU-prosjekt og evalueringar. Same fullmakt gjeld utgifter til publikasjonane i skriftseriane til Kulturrådet eller anna tilsvarande publisering i samband med gjennomførte FoU-prosjekt og evalueringar.

Midlane i fondet står på ein oppgjerskonto i Noregs Bank. Midlane i fondet blir førte opp i kapitalrekneskapen gjennom månadleg likviditetsrapportering. Endringar i beholdninga til kapitalrekneskapen utgjorde 17 710 958 kroner per 31.12.2019.

Tilleggsopplysingar

Riksrevisjonen reviderer årsrekneskapen for Norsk kulturfond. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert, men vil truleg vere klar før utgangen av andre kvartal. Revisjonsmeldinga vil bli publisert på nettsidene til Kulturrådet så snart dokumentet er klart.

Oslo, 15. mars 2020



Kristin Danielsen
direktør i Kulturrådet

Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyingsrapporteringa for Norsk kulturfond

Årsrekneskapen for Norsk kulturfond er utarbeidd og lagd fram i tråd med dei nærare retningslinjene som er fastsette i reglane om økonomistyring i staten («reglane»). Årsrekneskapen er i samsvar med krava i punkt 3.4.6 i reglane og punkt 8 i rundskriv R- 1 15 av 17. desember 2019 frå Finansdepartementet.

Fondsrekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) visast i oppstillinga av resultatet når dei er betalt inn. Utgifter (overføringar frå fondet) visast i oppstillinga av resultatet når dei er betalt ut.

Norsk kulturfond blei oppretta ved vedtak i Stortinget i 1965. Eit statleg fond er ein formuemasse (kapital) som rekneskapsmessig er skild ut frå dei andre midlane til staten, og der bruken er bunden til eit nærare fastsett føremål som varer lenger enn eit budsjettår. Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling kan skje gjennom konsernkontoordninga til staten, og likvidane skal oppbevarast på ein oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldningane på oppgjerskontoane blir overførte til det nye året.

Løyingsrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen i fondet og endringar i perioden på oppgjerskontoen som fondet har i Noregs Bank. Alle finansielle egedelar og skyldnader som fondet er oppførte med i kapitalrekneskapen til staten, står i nedre del av oppstillinga.

Løyvingsrapportering for rekneskapsåret 2019

Behaldningar som er rapporterte i likvidrapport	Rekneskap 2019
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	349 418 332
Endringar i perioden	-17 710 958
Sum utgåande saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	331 707 374

Behaldningar som er rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)

Konto	Tekst	2019	2018	Endring
640302	Ordinære fond (eigedelar)	331 707 374	349 418 332	-17 710 958
810302	Behaldningar på konto(ar) i Noregs Bank	331 707 374	349 418 332	-17 710 958

Note A Tildelingar av midlar til fondet i rekneskapsåret

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Årets tildelingar
0320	Norsk kulturråd	55	Norsk kulturfond	982 180 000

Oppstilling av resultatet til Norsk kulturfond for året 2019

	Note	2019	2018
Overføringer til fondet			
Overføring frå andre statlege rekneskapar	1	982 180 000	949 500 000
Tilbakebetalingar frå andre			
Tilbakebetaling frå hushald	2	515 194	510 739
Tilbakebetaling frå ideelle organisasjonar	2	74 600	140 000
Tilbakebetaling frå ikkje-finansielle føretak	2	5 038 358	5 194 350
Tilbakebetaling frå kommunar			111 000
Tilbakebetaling frå statsforvaltinga			1 058 914
Sum overføringer til fondet		987 808 152	956 515 003
Overføringer frå fondet			
Overføring til andre statlege rekneskapar		3 333 334	4 068 289
Overføringer til finansielle føretak			
Overføringer til fylkeskommunar		2 403 400	1 741 000
Overføringer til hushald		149 233 646	149 716 627
Overføringer til ideelle organisasjonar		395 934 507	357 720 462
Overføringer til ikkje-finansielle føretak		401 773 223	399 233 769
Overføringer til kommunar		37 980 000	35 980 755
Overføringer til statsforvaltinga		14 755 000	9 017 000
Overføringer til utlandet		106 000	270 000
Sum overføringer frå fondet	3	1 005 519 110	957 747 902
Resultat for perioden		-17 710 958	-1 232 899
Disponering			
Overføring av resultatet for perioden til opptent fondskapital	4	17 710 958	1 232 899
Oppstilling av balansen til Norsk kulturfond for året 2019			
	Note	2019	2018
Eigedelar			
Oppgjærskonto i Noregs Bank	5	331 707 374	349 418 332
Sum eigedelar		331 707 374	349 418 332
Fondskapital og gjeld			
Opptent fondskapital		349 418 332	350 651 231
Resultat for perioden		-17 710 958	-1 232 899
Sum fondskapital og gjeld		331 707 374	349 418 332

Note 1 Tildelt budsjetttramme for året

Fagområde	2019	2018
Allmenne kulturføremål	64 544 000	102 890 000
Visuell kunst	127 739 000	114 400 000
Musikkføremål	387 640 000	376 360 000
Scenekunsthøremål	164 933 000	142 280 000
Litteraturføremål	202 235 000	182 680 000
Kulturvernføremål	35 089 000	30 890 000
Sum	982 180 000	949 500 000

Note 2

Utestående fordringar per 31.12.2019 utgjer 2 256 923 kroner.

Note 3 Tilskotsutbetalingar

Fagområde	2019	2018
Allmenne kulturføremål	79 980 249	58 596 352
Kulturvernføremål	34 713 764	34 992 935
Litteraturføremål	202 047 955	198 330 556
Musikkføremål	394 247 980	378 867 740
Scenekunsthøremål	165 328 160	155 313 569
Visuell kunst	129 201 000	131 646 750
Totalsum	1 005 519 108	957 747 902

Note 4

Resultatet for perioden er overført til opptent fondskapital i balansen.

Note 5

Innestående på oppgjerskontoen i Noregs Bank viser ein saldo per 01.01.2019 på 349 418 332 kroner og ein utgåande saldo per 31.12.2019 på 331 707 374 kroner. Kontoen i Noregs Bank er ikkje renteberande.

Fagområde	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Totalsum
Allmenne kulturføremål	-13 980 137	-9 108 416	-14 199 900	-5 179 421	-10 423 363	-26 369 500	-79 260 737
Visuell kunst	-1 359 062	-80 600	-269 365	-1 416 000	-2 004 819	-4 212 000	-9 341 846
Musikkføremål	-2 315 520	-601 000	-644 920	-3 043 655	-4 593 316	-31 560 802	-42 759 213
Scenekunsthøremål	-4 562 407	-1 855 700	-1 826 400	-3 927 240	-7 901 408	-47 316 280	-67 389 435
Litteraturføremål	-4 018 740	-7 817 640	-1 643 800	-2 889 700	-13 216 975	-57 700 600	-87 287 455
Kulturvernføremål	-1 811 600	-1 118 300	-693 700	-820 400	-1 999 400	-12 692 300	-19 135 700
Sum	-28 047 466	-20 581 656	-19 278 085	-17 276 416	-40 139 281	-179 851 482	-305 174 386

Summen av ikkje fordelte midlar samanlikna med saldoen i Noregs Bank per 31.12.2019 er om lag 26 millionar kroner. Desse vil bli delte ut til nye vedtak.

Gitte tilsagn 2020–2024

Fagområde	2020	2021	2022	2023	2024	Totalsum
Allmenne kulturføremål	-21 425 000	-1 915 000	-1 050 000			-24 390 000
Visuell kunst	-22 076 000					-22 076 000
Musikkføremål	-43 196 200	-10 345 000	-1 950 000			-55 491 200
Scenekunsthøremål	-288 324 000	-12 430 000	-650 000			-301 404 000
Litteraturføremål	-97 653 000	-15 234 000	-9 399 000			-122 286 000
Kulturvernføremål	-89 908 000	-59 940 000	-40 840 000	-13 400 000	-9 000 000	-213 088 000
Sum	-562 582 200	-99 864 000	-53 889 000	-13 400 000	-9 000 000	-738 735 200

Tilsegn er gitt under forutsetning av Stortingets budsjettvedtak

Kommentarer frå leiinga til årsrekneskapen for 2019

Statens kunstnarstipend

Føremål

Norsk kulturråd skal, som sekretariat for Statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar, bidra til at måla i den statlege kunstnarpolitikken blir nådde, ved å leggje forholda til rette for at enkeltkunstnarar, gjennom å få direkte tilskot frå staten, skal kunne bidra til eit mangfaldig og nyskapande kulturliv. Ordningane omfattar garantiinntekt, arbeidsstipend, arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar, stipend for etablerte kunstnarar, stipend for seniorkunstnarar, diversestipend og diversestipend for nyutdanna kunstnarar.

Statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar er ein del av Norsk kulturråd, som er eit ordinært statleg forvaltingsorgan som høyrer til under Kulturdepartementet. Verksemda fører rekneskap i tråd med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i tråd med reglane for økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet. Eg meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane, rekneskapsførte utgiftene, inntektene, egedelane og gjelda til statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar.

Vurderingar av viktige forhold

I 2019 har statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar samla disponert tildelingar på 361 325 000 kroner på utgiftssida, jf. løyvingrapporteringa og note A. Samla er det utgiftsført 346 884 038 kroner. Mindreutgifta kan forklarast med at permisjonane til stipendmottakarane fører til forskyvingar av stipendutbetalingar til seinare budsjettår, og at enkelte tildelte stipend blir haldne tilbake av formelle årsaker, til dømes manglande rapportering eller manglande dokumentasjon. Vidare skjer justering av lønn og fribeløp i løpet av perioden for forbruket på post 74. Verksemda si løyving under kap. 321, post 73 er gitt med stikkordet «kan overførast», mens løyvinga under kap. 0321, post 74 er gitt med stikkordet «overslagsløyving», jf. note B.

Forvaltninga og utbetalinga av stipenda skjer i samsvar med forskrifta om statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar. Stipend blir delte ut etter søknad frå kvar enkelt kunstnar, av eit utval som Kulturdepartementet har utnemnt. Utvalet deler ut stipend etter innstilling frå sakkunnige komitear som er utnemnde av kunstnarorganisasjonane. Fagadministrasjonen i Norsk kulturråd er sekretariat for utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar. Utgiftene til sekretariatsoppgåvene blir dekte av driftsrekneskapen for Norsk kulturråd.

Mellomværet med statskassa utgjorde 8 896 481 kroner per 31.12.19. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva for egedelar og gjeld mellomværet omfattar.

Tilleggsopplysingar

Riksrevisjonen reviderer årsrekneskapen for Statens kunstnarstipend. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert, men vil truleg vere klar før utgangen av andre kvartal. Revisjonsmeldinga vil bli publisert på nettsidene til Kulturrådet så snart dokumentet er klart.

Oslo, 15. mars 2020



Kristin Danielsen
direktør i Kulturrådet

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Statens kunstnarstipend er utarbeidd og lagd fram i tråd med dei nærare retningslinjene som er fastsette i reglane om økonomistyring i staten («reglane»). Årsrekneskapen er i samsvar med krava i punkt 3.4.1 i reglane, dei nærare reglane i rundskriv R-115 av desember 2019 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av det overordna departementet.

Oppstillinga av løyingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i reglane – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte som bruttosummar i rekneskapen.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyings- og artskontorrapporteringa er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i punkt 3.5 i reglane, om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda fell inn under staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krava i punkt 3.7.1 i reglane. Verksemder med bruttobudsjett får ikkje ny likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Når året er omme, blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt for det nye året.

Løyingsrapporteringa

Oppstillinga av løyingsrapporteringa omfattar ein øvre del, der sjølve løyingsrapporteringa ligg, og ein nedre del, som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Oppstillinga viser dei kapitla og postane i løyingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva verksemda gjennom tildelingsbrev har fått til disposisjon, for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eidedelar og skyldnader verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del, som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del, som viser eidedelar og gjeld som inngår i mellomværet med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkontoen sin i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte, og dei står derfor ikkje som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av løyingsrapportering 31.12.2019

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2019	Meirutgift (-) og mindreutgift
0321	Kunstnarføremål	71	Statsstipend	A,B	11 895 000	10 926 520	968 480
0321	Kunstnarføremål	73	Kunstnarstipend m.m.	A,B	201 000 000	191 742 160	9 257 840
0321	Kunstnarføremål	74	Garantiinntekter og langvarige stipend	A,B	148 430 000	144 215 358	4 214 642
Sum utgiftsført					361 325 000	346 884 038	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Samla tildeling*	Rekneskap 2019	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
5309	Tilfeldige inntekter – ymse	29		0	20 095	
5700	Tilfeldige inntekter	72		0	37 727 238	
Sum inntektsført					0	37 747 333

Netto rapportert til løyingsrekneskapen **309 136 705**

Kapitalkontoar						
60092301	Noregs Bank KK / innbetalingar					767 608
60092302	Norges Bank KK / utbetalingar					-308 814 491
703888	Endring i mellomvære med statskassa					-1 089 822
Sum rapportert						0

Behaldningar som er rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)					
			31.12.2019	31.12.2018	Endring
703888	Mellomvære med statskassa		-8 896 481	-7 806 659	-1 089 822

* Samla tildeling skal ikkje reduserast med eventuelle gitte belastningsfullmakter (gjeld både for utgiftskapittel og inntektskapittel). Sjå note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av potensiell sum som kan overførast til neste år for nærare forklaring.

Note A Forklaring av samla tildeling, utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
032171		11 895 000	11 895 000
032173	7 900 000	193 100 000	201 000 000
032174		148 430 000	148 430 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av potensiell sum som kan overførast til neste år

- (A) Kapittel og post
 (B) Stikkord
 (C) Meirutgift (-) / mindreutgift
 (D) Utgiftsført av andre i tråd med gitte belastningsfullmakter (-)
 (E) Meirutgift (-) / mindreutgift etter gitte belastningsfullmakter
 (F) Meirinntekter / mindreinntekter (-) i tråd med meirinntektsfullmakt
 (G) Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå løyvingafor neste år
 (H) Innsparingar (-)
 (I) Sum grunnlag for overføring
 (J) Maks sum som kan overførast*
 (K) Potensiell sum som kan overførast, utrekna av verksemda

(A)	(B)	(C)	(D)	(E)	(F)	(G)	(H)	(I)	(J)	(K)
032171		968 480		968 480						
032173	«kan overførast»	9 257 840		9 257 840				9 257 840		9 257 840
032174	«overslagsløyving»	4 214 642		4 214 642						

* Maksimal sum som kan overførast, er 5 % av løyvinga for året på driftspostane 01–29, bortsett frå post 24 eller summen av løyvinga for dei siste to åra for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Stikkordet «kan overførast»

på kapittel og post 032173 er gitt med stikkordet «kan overførast».

Mindreforbruket skriv seg mellom anna frå permisjonar frå stipend og at utbetalingane derfor blir forskyvde til seinare budsjettår.

Stikkordet «overslagsløyving»

Verksemda si løyving på kapittel og post 032174 er gitt med stikkordet «overslagsløyving».

Mindreutgifta skriv seg frå endringar i inntektsforholda til garantinntektsinnehavarar og permisjonar frå stipend for etablerte kunstnarar og stipend for seniorkunstnarar.

Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2019

	Note	2019	2018
Driftsutgifter som er rapporterte til løvingsrekneskapen			
Andre innbetalinger	1	0	0
Sum innbetalinger frå drift		0	0
Driftsutgifter som er rapporterte til løvingsrekneskapen			
Utbetalinger til lønn	2	351 607	445 817
Andre utbetalinger til drift	3	3 520 142	31 252
Sum utbetalinger til drift		3 871 748	477 069
Netto rapporterte driftsutgifter		3 871 748	477 069
Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	0	0
Utbetaling til kjøp av aksjar	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	0	0
Sum investerings- og finansutgifter		0	0
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		0	0
Innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	20 095	163
Sum innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten		20 095	163
Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten			
Utbetalinger av tilskot og stønader	7	343 012 290	330 659 216
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten		343 012 290	330 659 216
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel*			
Gruppelivsforsikring, konto 1985 (jf. kap. 5309, inntekt)		0	0
Arbeidsgivaravgift, konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)		37 727 238	35 942 211
Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (jf. kap. 1633, utgift)		0	0
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-37 727 238	-35 942 211
Netto rapportert til løvingsrekneskapen		309 136 705	295 193 912

Oversikt over mellomvære med statskassa**

Eigedelar og gjeld	2019	2018
Fordringar	0	0
Kontantar	0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank	0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-8 982 836	-7 828 746
Skyldige offentlege avgifter	0	0
Anna gjeld	86 355	22 087
Sum mellomvære med statskassen	8	-7 806 659

* Andre ev. inntekter/utgifter som er rapporterte på felleskapittel, kan spesifiserast på eigne linjer ved behov.

** Spesifiser og legg til linjer ved behov.

Note 1 Innbetalinger frå drift

	31.12.2019	31.12.2018
Innbetalinger frå gebyr		
Sum innbetalinger frå gebyr	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar		
Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar	0	0
Sals- og leigeinnbetalinger		
Sum sals- og leigeinnbetalinger	0	0
Andre innbetalinger		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger frå drift	0	0

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2019	31.12.2018
Lønn	0	0
Arbeidsgivaravgift	0	0
Pensjonsutgifter*	0	0
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	0	0
Andre ytingar	351 607	445 817
Sum utbetalinger til lønn	351 607	445 817
Tal på utførte årsverk:	0	0

Kommentar:

Andre ytingar gjeld honorarutbetalinger til utvalsmedlemer i andrekomiteen.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2019	31.12.2018
Kjøp av framande tenester	3 493 000	0
Reiser og diett	27 141	31 252
Andre driftsutgifter	0	0
Sum andre utbetalinger til drift	3 520 142	31 252

Kommentar:

Kjøp av framande tenester gjeld utbetaling av honorar til medlemene i stipendkomiteane som vurderer søknadene til SKS og kjem med innstillingar til utvalet. Tidlegare blei desse førte under konto 87600 Stipendkomitevederlag. Reiser og diett gjeld reiseutgifter for utvalsmedlemer i andrekomiteen.

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

Innbetaling av finansinntekter	31.12.2019	31.12.2018
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

Utbetaling av finansutgifter	31.12.2019	31.12.2018
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	0	0

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

Utbetaling til investeringar	31.12.2019	31.12.2018
Immaterielle egedelar og liknande	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	0	0
Sum utbetaling til investeringar	0	0

Utbetaling til kjøp av aksjar	31.12.2019	31.12.2018
Kapitalinnskot	0	0
Investeringar i aksjar og eigardelar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 Innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten

	31.12.2019	31.12.2018
Avgift 1 ...		
Avgift 2 ...		
Avgift 3 ...		
Sum innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten	0	0

Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

	31.12.2019	31.12.2018
Statsstipend*	10 926 520	10 913 262
Diversestipend	15 740 000	15 804 500
Diversestipend for nyutdanna kunstnarar	16 673 200	15 710 400
Eldre fortente kunstnarar	3 550 000	3 890 000
Æreslønn	200 000	200 000
Arbeidsstipend	110 728 256	102 876 419
Arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar	40 928 689	42 762 675
Æresstipend	0	76 067
Stipend for etablerte kunstnarar	47 894 496	35 882 356
Stipend for seniorkunstnarar	59 262 635	58 427 368
Garantiinntekt	37 058 227	40 869 414
Andrekomiteen	50 267	53 755
Stipendkomitevederlag **	0	3 193 000
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	343 012 290	330 659 216

* Inkl. pensjonspremie på 12 % til Statens pensjonskasse for statsstipendiatane.

** Honorar til stipendkomiteane er frå 2019 ført under kjøp av andre framande tenester.

Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa	31.12.2019	31.12.2019	Skilnad
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rap- portert mellomvære med statskassa	
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og eigardelar	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	0	0	0
Andre fordringar	0	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
Sum	0	0	0
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	0	0	0
Skyldig skattetrekk	-8 982 836	-8 982 836	0
Skyldige offentlege avgifter	0	0	0
Anna kortsiktig gjeld	86 355	86 355	0
Sum	-8 896 481	-8 896 481	0
Sum	-8 896 481	-8 896 481	0

Kommentarar frå leiinga til årsrekneskapen for 2019

Fond for lyd
og bilete

Føremål

Fond for lyd og bilete skal leggje til rette for produksjon og formidling av innspelingar av lyd- og filmopptak. Midlane i Fond for lyd og bilete fordelast til beste for rettshavarane innanfor musikk, scene, film og biletkunst. Fond er i tillegg ein kollektiv kompensasjon til rettshavarane for lovleg kopiering av verka deira til privat bruk.

Hovuddelen av fondet er sett av til prosjektstøtte innanfor føremålet til fondet. I tillegg til prosjektstøtta er det egne ordningar for tilskot til marknadsføring av musikkutgivingar og kortfilm/dokumentarfilm, gjenopptaking av sceneframsyningar og norsk musikk i audiovisuelle produksjonar. Ein kan søkje om tilskot til produksjon og formidling av lydopptak, konsertverksemd, komponering, produksjon og formidling av scenekunstframsyningar, manusproduksjon og andre former for tekstproduksjon, produksjon og formidling av kortfilm og dokumentarfilm, produksjon og formidling av foto og biletkunst og samansette prosjekt som fell innanfor kategoriane ovanfor.

Fond for lyd og bilete høyrer til under Kulturdepartementet. Både styreleiaren og den personlege varamedlemen til styreleiaren blir utnemnd direkte av Kulturdepartementet, mens dei andre medlemene blir utnemnde Kulturdepartementet etter innstilling frå produsent-, opphavsrett- og utøvarorganisasjonane. Styret kjem i starten av kvart år med framlegg om ei hovudfordeling av dei midlane som står til disposisjon. I hovudfordelinga blir det sett av ein del som styret kan disponere på fritt grunnlag, mens dei andre midlane blir sette av til føremål som er knytte til høvesvis opphavsmenn, utøvande kunstnarar og produsentar.

Fond for lyd og bilete forvalta av Norsk kulturråd. Fondet er nettobudsjettet og fører rekneskap i tråd med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i tråd med reglane for økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet. Eg meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane, rekneskapsførte utgiftene, inntektene, eidelane og gjelda til Fond for lyd og bilete.

Vurdering av viktige forhold

I 2019 har Fond for lyd og bilete disponert ei tildeling på 42 810 000 kroner på utgiftsida, jf. løyvsrapporteringa og note A. Løyvinga for 2019 er disponert fullt ut. I tillegg er tilbakeført prosjektstøtte frå tidlegare år, på 3 780 150 kroner, tildelt på nytt i 2019. Den samla prosjektstøtta som Fond for lyd og bilete løyvde til produksjon og formidling i 2019, utgjer 46 590 150 kroner.

I tråd med forskrifta om tilskot frå Fond for lyd og bilete skjer utbetaling av tilskot normalt i to ratar, med 50 % av støttebeløpet ved prosjektstart og dei resterande 50 % ved slutføring. Prosjektperioden kan for større prosjekt strekkje seg over fleire år. Det vil seie at det totale tilskotet ikkje alltid blir utbetalt i løyvsåret. Før fondet kan utbetale den siste raten, må tilskotsmottakaren levere eit eksemplar av det ferdige produktet eller ei anna form for stadfesting på at prosjektet er fullført.

Sekretariatet for Fond for lyd og bilete er ein del av administrasjonen i Kulturrådet og ligg under kunstavdelinga / seksjon for sekretariata. Det er driftsbudsjettet til Kulturrådet som dekkjer sekretariatsoppgåvene til Fond for lyd og bilete. Sekretariatet administrerer utlysingar, søkjarretteiingar, søknadmottak, innkallingar og saksdokument til møte, og følgjer opp vedtaka styret gjer, gjennom å sende ut vedtaksbrev, utbetalingar og oppfølgingar av rapportar.

Midlane i fondet står på ein oppgjerskonto i Noregs Bank. Midlane i fondet blir førte opp i kapitalrekneskapen gjennom månadleg likviditetsrapportering. Endringar i beholdninga til kapitalrekneskapen utgjorde 6 253 007 kroner per 31.12.2019.

Tilleggsopplysingar

Riksrevisjonen reviderer årsrekneskapen for Fond for lyd og bilete. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert, men vil truleg vere klar før utgangen av andre kvartal. Revisjonsmeldinga vil bli publisert på nettsidene til Kulturrådet så snart dokumentet er klart.

Oslo, 15. mars 2020



Kristin Danielsen
direktør i Kulturrådet

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Fond for lyd og bilete er utarbeidd og lagd fram i tråd med dei nærare retningslinjene som er fastsette i reglane om økonomistyring i staten («reglane»). Årsrekneskapen er i samsvar med krava i punkt 3.4.6 i reglane og punkt 8 i rundskriv R-115 av 17. desember 2019 frå Finansdepartementet.

